



## **Masteroppgåve i Kulturmøte**

Lokal, global eller glokal. Er det mogeleg å ta vare på den lokale og regionale kulturarven i globaliseringa sin tidsalder?

Studiepoeng:60

Kathrine Bøe Hungnes

Mai/2018

## **Samandrag**

Denne masteroppgåva har hatt fokus på lokalhistorie, den lokale og regionale kulturarven, og om det er mogeleg å ta vare på kulturarven i ei tid då kloden snurrar fortare enn nokon gong, og det kan sjå ut som vi går mot ei meir einsretta og uniformert verd. Det lokale i det globale er sentralt i oppgåva, og i nokre høve vil analysen også vise til eksempel på globalisering.

Ideen bak denne oppgåva har oppstått på bakgrunn av engasjementet mitt i det lokale sogespelet, Kongens Ring. Ofte har eg lurt på kva det er med dette sogespelet som gjer at folk møter opp år etter år, uansett vær eller vind, og ikkje minst kvifor ein ikkje ser motsetnadar som ein i nokre høve kan sjå elles i kommunen. Indre- og Ytre Herøy er godt innarbeidde omgrep, mang ein strid har stått i kommunestyresalen når det gjeld tildelinga av ressursar, og sånt skapar gjerne splid, men denne spliden har ikkje sett ut for å gjelde dugnadsarbeid knytt til kulturminna i kommunen.

Sogespel vert i mange høve lyfta fram som identitetsdannande. Det har difor vore eit fokus i oppgåva å sjå på kva for sider ved eit spel som kan ha danningseffekt, og kva som kan knytast opp mot kulturarv. Noko teori om sogespel finnast på forskingsfeltet, og i denne oppgåva har eg tufta analysen av spelet på blant anna teoriane til Sigurd Ohrem, Kari Gaarder Losnedahl og Oddvar Isene. For å kome nærmare eit svar på spørsmåla eg har stilt rundt dugnadsinnsats, indre/ytre som omgrep, og kulturarv, har eg valt å ha strukturert intervju med nokre av eldsjelene bak to kulturdugnadar, sogespelet og restaureringa av sunnmørsjekta «Anna Olava». Noko av det som kom fram i intervjeta var koplinga informantane gjorde mellom kulturarv og identitet. Det ser også ut som det er ei genuin interesse for sjølve kulturarven og ikkje eit økonomisk incentiv som ligg bak alle dugnadstimane.

I tillegg til ein del eksempel på kulturarv har undersøkinga hatt eit fokus på turistnæringa. Denne næringa byggjer gjerne på element frå både natur og kultur, og er ei næring i sterkt vekst. Den fordrar både til bevaring av kulturarv, forankring av identitet, og til å vere formidlar av historiene og mytane.

## **Abstract**

This master's thesis has focused on local history, the local and regional cultural heritage, and how to preserve the cultural heritage at a time when the world spins faster than ever, and it seems like the world will become more standardized and uniformed. Both the local and the global has been central for the survey, and the analysis will also show some examples of glocalization.

The survey is a result of my involvement in the local outdoor theater, and the play Kongens Ring. I have often wondered what it is about this play that makes people show up year after year, no matter what the weather is like, and why there are no traces of the contradictions you can find elsewhere in the municipality. The municipality is divided into two, and there has been some controversy when it comes to resources, but I have not seen any traces of this dividing when people work together to preserve the cultural heritage in Herøy.

Outdoor theater like this have been characterized as identity-forming. It has been a focus in the study to look at the aspects which may have an effect on the identity-forming, and which can be linked to cultural heritage. I have among others based the analysis on theories of outdoor theater from Sigurd Ohrem, Kari Gaarder Losnedahl and Oddvar Isene. The survey is also based on a qualitative study, with informants involved in the outdoor theatre and the restoration of «Anna Olava», a typical regional boat type from the 16<sup>th</sup> and 17<sup>th</sup> century. The informant's states in the interview that there is a link between cultural heritage and identity. It also seems that the reason why they work so many hours for free, is based on their genuine interest for the cultural heritage, not from an economic incentive.

In addition to some examples of cultural heritage, the survey has also a focus on tourism. Tourism is based on elements of both nature and culture, and the industry is growing rapidly. The tourism industry can preserve some of the cultural heritage, anchoring identity and promote the local stories and myths.

## Føreord

Det er ei merkeleg kjensle å ha kome så langt at oppgåva skal leverast. Det har vore mykje arbeid, men det har også vore både spennande og ikkje minst lærerikt. Nokre av dei tankane og teoriane eg hadde på førehand har blitt underbygd i løpet av arbeidet, medan andre har vist seg å ikkje halde mål. Interessa mi for lokalhistorie har definitivt ikkje minka, og i løpet av dette masterløpet har eg fått innsikt i og tileigna meg fleire av dei verktya som må liggje i botnen av historieforsking. Eg har fått nokre rammer, og rammene gjer at det vert lettare både å kome i gong og å halde fokus.

Mange fortener ein takk for all støtte og oppmuntring dei har gjeve meg under arbeidet. Fyrst og fremst vil eg takke rettleiaren min, Arnljot Løseth, som tolmodig har måtte vente på å få noko tilsendt frå meg, men som raskt har kome med gode og konstruktive tilbakemeldingar som har gjeve meg lyst til å strekkje meg lenger. Tusen takk også til informantane. Sjeldan har eg vel fått så rask og positiv respons frå så mange. Det kan verke som emnet mitt trefte ein nerve blant eldsjelene.

Vidare vil eg takke familien, vene og kollegaer som har heia meg fram og gjort at eg ikkje har mista trua på prosjektet mitt. Sist, men definitivt ikkje minst, så må eg takke han som har stått last og brast med meg, og har halde hus og heim i hevd medan eg har brukta tida mi på oppgåva, ektemannen min, Terje.

Tusen hjartelag takk til alle for all støtte og oppmuntrande ord som de har sendt i mi retning!

Kathrine Bøe Hungnes

Bølandet, mai 2018

## Innhaldsliste

<b>Masteroppgåve i Kulturmøte .....</b>	<b>0</b>
<i>Samandrag.....</i>	1
<i>Abstract.....</i>	2
<i>Føreord .....</i>	3
<b>1.0     Innleiing.....</b>	<b>6</b>
<i>1.1 Problemstilling.....</i>	7
<b>2.0 Teori, metode og bakgrunn .....</b>	<b>8</b>
2.1.1 Lokalhistorie .....	8
2.1.2 Kultur.....	9
2.1.3 Metode.....	10
2.1.4 Kjeldene.....	13
2.2 Globalisering og globalisering.....	14
2.2.1 Flyttestraumar .....	15
2.2.2 Heimekjær verdsborgar .....	17
2.2.3 Globalisering, språk og sosiale media.....	18
2.3. Identitet og identitetsdanning .....	22
2.3.1 Individuell og kollektiv identitet.....	22
2.3.2 Nasjonal, regional og lokal identitet .....	23
2.4 Kultur og kulturarv.....	29
2.4.1 Øya Herøy .....	30
2.4.2 Herøy og havet .....	32
2.5. Lokalsamfunn og nettverk .....	32
<b>3.0 Det lokale i det globale .....</b>	<b>34</b>
3.1 Herøyspelet.....	34
3.1.2 Soga bak Kongens Ring .....	34
3.1.3. Vikingmusikal for kystfolket .....	35
3.1.4 Lokal og global strid .....	36
3.1.5. Kulturmøter .....	43
3.1.6 Språk i spel .....	47
3.1.7 Spel som omdømmebyggjar .....	48
3.1.8. Eldsjelene.....	50
3.2.Turisme.....	55

3.2.1 Pakketurisme.....	55
3.2.2 Runde .....	57
3.2.3 Herøy .....	61
3.2.4 Skotholmen.....	68
<i>3.3 Kulturarven og bevaring av den.....</i>	<i>69</i>
3.3.1 Flåvær.....	69
3.3.2 Sunnmørsjekta og eldsjelene .....	71
3.3.3 Kvalsundskipa .....	77
3.3.4 Tonninggarden.....	78
3.3.5 Småkårsfolk og velstandsfolk .....	79
3.3.6 Lokale mattradisjonar i den globale tida.....	82
3.3.7 Lokale produsentar og globale konsumentar .....	84
<i>3.4. Havnæringer i fortid, notid og framtid .....</i>	<i>85</i>
3.4.1 Eit yrke i endring.....	85
3.4.2 Lokale bedrifter i ein global marknad .....	87
<i>3.5. Gamle tradisjonar på nye plattformer.....</i>	<i>91</i>
3.5.1 Renessanse for gamle handverkstradisjonar .....	91
3.5.2. Stasplagg, utvikla lokalt – produserte globalt.....	92
<b>4.0 Facebook, verdsveven og kulturarv.....</b>	<b>94</b>
4.1.1. Facebookgrupper.....	94
4.1.2 Verdsveven som bibliotek .....	96
<b>5.0 Konklusjon .....</b>	<b>97</b>
5.1.1 Kulturarven på nett.....	97
5.1.2 Eldsjelene i Kongens Ring.....	98
5.1.3. Eldsjelene og «Anna Olava» .....	99
5.1.4 Globalisering og glokalisering .....	100
5.1.5 Kulturarven i globaliseringa si tid.....	101
5.1.6. Vidare forsking.....	102
<b>Kjeldeliste .....</b>	<b>104</b>
<i>Vedlegg .....</i>	<i>117</i>

## 1.0 Innleiing

Det finst berre to varige gåver eg kan gje vidare til mine barn, røter og venger. Eit passe slike uttrykk, men det har med jamne mellomrom dukka opp i hovudet mitt under arbeidet med denne oppgåva. Vi blir til stadigheit minna om at vi lever i globaliseringa sin tidsalder, verda blir mindre og mindre på mange måtar. Kommunikasjon med menneske frå heile kloden er mogeleg via verdsvegen. Her kan eg nemne eit eksempel frå ein ferietur til Beijing hausten 2017. Mannen min og eg hadde bestilt ein guida tur til den kinesiske muren. I løpet av dagen vart vi godt kjende med ei dame frå India og eit ektepar frå Australia, og før vi skildes på ettermiddagen hadde vi vore innom kvar vår iPhone, blitt vene på Facebook og begynt å følgje kvarandre på Instagram. Vi hadde mange felles referanserammer skulle det vise seg. Vi hadde alle fem besøkt mange av dei same stadane rundt omkring i verda, vi hadde sett dei same nyhenda, lese fleire av dei same bøkene, og sett nokre av dei same teaterstykka. Medan vi gjekk og småprata og vandra på eit lite stykke av den kinesiske muren, kommenterte vi stadig kor lita verda eigentleg verka akkurat denne dagen. Likevel, sosiale media eller ikkje, noko nært venskap med desse tre vil vi nok aldri få, heller ikkje er det så sannsynleg at vi kjem til å møtast ansikt-til-ansikt igjen. Verdsbiletet mitt er vel som før, vi lever i ei verd som både er stor og lita på same tid.

Vi kan enkelt bestille varer frå alle hjørne av verda og få dei rett heim i løpet av nokre få dagar, og stort sett same kva land ein oppsøkjer, så vil ein finne felles referanserammer, spesielt innanfor varehandelen. Dei store flyselskapa reklamerer til stadigheit med billege flybillettar til meir eller mindre eksotiske reisemål, og mange høgskular og universitet lokkar med at ein kan ta eit eller fleire av emna ved ein studiestad i utlandet. Det skal ikkje vere så vanskeleg å få lufta vengane sine med andre ord, spørsmålet er kanskje heller: korleis står det til med røtene?

Kva som definerer røtene til eit menneske vil det nok vere ulike meningar om. I denne oppgåva har eg valt å ha hovudfokus på bevaring av lokal og regional kulturarv i den globale tidsalderen. Det lokale er i denne samanhengen heimkommune min, Herøy, og det regionale er Sunnmøre. I kjølvatnet av bevaring av kulturarven vil eg også ha eit fokus på identitet og nasjonsbygging, då eg meiner at desse tre heng saman og er sentrale for mi forsking. Eg byrjar likevel yst ute, i den globaliserte verda, og så går eg steg for steg innover mot nasjon,

heimstad og kulturminne. Eg vil også gå nærare inn på nokre eksempel på korleis element frå kulturarven kan dra nytte av sosiale media. Den gamle kulturen sitt møte med den nye.

## 1.1 Problemstilling

Problemstillinga eg har jobba ut i frå er: Er det mogeleg å ta vare på den lokale og regionale kulturarven i globaliseringa sin tidsalder? Eit underspørsmål er om sosiale media, og då først og fremst Facebook, kan vere med å bevare kulturarven. I tillegg har eg stilt nokre spørsmål rundt kulturarv og identitet.

Før eg byrja arbeidet med denne oppgåva har eg mang ein gong vore med på ulike former for dugnadsarbeid, og i om lag 20 år har eg vore ein del av den største kulturdugnaden på heimstaden min, sogespelet Kongens Ring. Eg har ofte undra meg over, spesielt når timane vart uendelege lange, og sommarvêret likna meir på ei haustnatt, kva som er grunnen til at folk år etter år møter opp for å vere med på ein slik kulturdugnad. Spørsmåla mine rundt dette vil eg kome tilbake til i kapittel 3. For å kunne kome nærare eit svar på dei har eg intervjuat nokre av dei som står bak dei to dugnadane eg har valt å ta med i oppgåva mi, det lokale sogespelet og arbeidet med å restaurere ei sunnmørsjekt. Spørsmåla informantane fekk var:

1. Korleis vart du ein del av den kulturdugnaden som Herøysspelet er/ dugnadsgjengen som har jobba med å få sett i stand «Anna Olava» igjen?
2. Kva er grunnen/grunnane til at du i mange år har valt å vere med på Herøysspelet/bruke tida di til dugnadsarbeid?
3. Kan Herøysspelet/ «Anna Olava» definerast som ein del kulturarven i Herøy, og i så tilfelle korleis?
4. Indre- og Ytre Herøy er innarbeidde omgrep i kommunen. Korleis kjem denne inndelinga av kommunen fram i den perioden ein jobbar med Herøysspelet/under dugnadsarbeidet med «Anna Olava»?
5. Kva kan Herøysspelet/sunnmørsjekta «Anna Olava» tilføre Herøy kommune?
6. I nokre tilfelle vert kulturarv og identitet sett i samanheng, kan dette på nokon måte gjelde for Herøysspelet/ «Anna Olava», og i tilfelle korleis?

Her er begge intervjuguidane slått saman til ein. Dugnadsgjengen bak «Anna Olava» fekk i tillegg spørsmålet: Kva visste du frå før om historiene til sunnmørsjektene og kvinna bak namnet, «Anna Olava», då du vart ein del av dugnadsgjengen?

I kapittel tre, det lokale i det globale, har eg valt å ta med tre ulike perspektiv, sogespelet, turisme og nokre døme på kulturarv i Herøy. Desse tre vil til tider veve seg inn i kvarandre fordi dei på mange måtar heng saman. Internett og sosiale media vil også ha sin plass i velen i kapittel tre, men vil i tillegg også verte omtalt som eige emne i kapittel fire. For å danne eit bakteppe for oppgåva vil eg byrje med teorien og metodane som dannar ramma for oppgåva, litt om kjeldene eg har nytta, og så vil eg vidare kome inn på noko av det som globaliseringa fører med seg.

## 2.0 Teori, metode og bakgrunn

### 2.1.1 Lokalhistorie

I denne oppgåva har eg studert eit lokalsamfunn, Herøy, og i nokre tilfelle sett Herøy i lys av å vere ein sunnmørskommune. I følgje Jørn Sandnes har det ikkje vore gitt ein allmenn akseptert definisjon på lokalhistorie, sjølv om lokalhistorie har vore dyrka i Noreg i mange hundre år.<sup>1</sup> Sandnes skriv vidare at ein må langt tilbake for å finne det eldste opphavet til lokalhistorie, men spesielt frå 1500-talet var det lokale beskrivingar som kan minne om lokalhistoria vi har i dag. Frå om lag 1760 vart det ei blomstringstid for historisk-topografiske beskrivingar her i landet, ei blomstringstid som skulle vare i 60–70 år.<sup>2</sup> I oppgåva har eg nytta Hans Strøm sitt verk «*Physisk og oeconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør*». Eit verk presten Strøm skreiv i åra 1762–64. I følgje Sandnes er dette verket innleiinga til dei store historisk-topografiske arbeida, og innanfor sin sjanger står det i ei særstilling.<sup>3</sup> I bind II tek Strøm føre seg dei enkelte prestegjelda, og i tillegg til å gi ei skildring av Herøy i samtida si, tek han også med historiske emne, som for eksempel myten om at det har vore eit kloster på øya Herøy. På 1800-talet hadde lokalhistorie smalare kår, kanskje ikkje så merkeleg med tanke på nasjonsbyggingsprosessen sitt store oppsving i det hundreåret, men på 1900-talet kom det som Sandnes definerer som «lokahistorisk gjennombrudd».<sup>4</sup> I Herøy vart det skipa sogelag i 1936, og ein av initiativtakarane var Bjarne

---

<sup>1</sup> (Sandnes 1994, Handbok i lokalhistorie. Faget og metodene, s. 9)

<sup>2</sup> (Ibid, s. 17)

<sup>3</sup> (Ibid, s. 17-18)

<sup>4</sup> (Sandnes 1994, s. 20)

Rabben. I tillegg til å vere redaktør for sogelaget sitt tidsskrift «Folk og Fortid» i 50 år, har Rabben også skrive bygdebøker.<sup>5</sup> Sandnes viser til at blant anna Møre og Romsdal hadde stor vekst i bygdeboklitteraturen i tiåra etter krigen, så Herøy føyer seg altså fint inn i rekkja her.<sup>6</sup> Rabben samla inn materiale til åtte bygdebøker, dei tre fyrste omhandla gardar og folk, og det vart også tittelen på dei. Etter kvart som innbyggjartalet vaks, og busettinga ikkje alltid kunne knytast til ein matrikkelgard, kom det ynskje om nye, reviderte utgåver av «Herøybøkene». Fleire redaktørar gjekk saman om denne jobben, og i perioden 2009–2013 kom dei nye bøkene, no under namnet «Heimar og folk». Som Kjeldstadli påpeikar skil ein mellom lokalhistorie og det han kallar ei undersøking på lokalt nivå. Det fyrste botnar i ei interesse for det lokale for det lokale si eiga skuld, og det andre er ein måte å undersøkje eit ålment spørsmål på.<sup>7</sup> Oppgåva mi er eit produkt av interesse for lokalhistorie, men at det eg undersøkjer har interesse for ålmenta, det er nok å dra det for langt. Likevel kan det ha ei viss interesse for dei som driv med kulturarbeid av typen som eg omtalar. Lokalsamfunn er ein del av større einingar, og det er ikkje mogeleg å kunne behandle «alt» i ei slik oppgåve. Eg har forsøkt å sette Herøy inn i ein sunnmørsk kontekst i ein del samanhengar, men det er naturleg nok det lokale som står mest i fokus.

### 2.1.2 Kultur

Verda i dag er som kjent i rask endring, og menneska med den. Både informasjon og underhaldning er gjerne berre eit tastetrykk unna. Likevel kan ein sjå at historia og element frå den brer om seg på mange plan. Kjeldstadli nemner blant anna fjernsynsseriar med historiske personar, gamle handverk og tradisjonar som vert vekte til live igjen, lokale spel og turisme. Alt dette kan verte avfeia med at det er eit behov for underhaldning i ei verd der folk har betre tid til å kunne la seg underhalde. Det kan det nok vere eit visst hald i, men underhaldning i alle kategoriar kan ein søkje overalt i dag, så eit eller anna må det vel likevel vere med historia. Det verkar som det er noko nedfelt i folk som gjer at ein søker til historie. Kjeldstadli peikar på at det kan vere fordi menneska føler at historie er noko som angår dei, og kanskje eit fast haldepunkt i ei omskifteleg verd.<sup>8</sup>

---

<sup>5</sup> (Nyborg, 2017, Bjarne Rabben, artikkel frå Loklahistoriewiki)

<sup>6</sup> (Sandnes 1994, s. 23)

<sup>7</sup> (Kjeldstadli 2003, Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget s. 89)

<sup>8</sup> (Kjeldstadli 2003, s. 16)

Kultur er eit vidt omgrep, og ikkje alltid så lett å definere. Eg har i denne oppgåva brukt Kjeldstadli sine fem punkt om kultur, idear og mentalitet som byggjesteinar. I fyrste punkt skriv Kjeldstadli at «Kultur angår *meining*». Kultur er ordna både gjennom tankar og kjensler i bevisstheita vår, og vi nyttar det som reiskap når vi skal gripe, tolke og bedømme verda og det som skjer rundt oss. Slik sett angår kultur ulike forhold som omgrep, normer, verdiar og kjensler.<sup>9</sup> Det neste punktet omtalar den kulturelle meininga, at måten vi tolkar verda på er noko sosialt. Det er ikkje meiningane til enkeltindividet som definerer kultur, men meiningar som er delte av fleire. I punkt nummer tre skriv Kjeldstadli at den felles meininga vår også må ha ei viss haldbarheit, ikkje vere ei døgnfluge, men noko som eksisterer over eit visst tidsrom. Kultur er noko som er gitt før ein kjem til verda, noko som ligg der før ein sjølv skal byrje sine handlingar.<sup>10</sup> Vidare må det felles og varige skjemaet som ein nyttar seg av for å tolke verda og skape meining ha ein viss indre samanheng. Kjeldstadli nemner her at om ein har ei heilskapstenking rundt kultur, holisme, eller derimot tenkjer at kulturen kan vere både ulogisk og ha indre motsetnad, så kan ein likevel meine at det ligg eit visst mønster i kulturen, der vil vere ei viss regelmessigheit.<sup>11</sup> I det siste punktet til Kjeldstadli poengterer han at kultur vert formidla gjennom kommunikasjon mellom menneske ved hjelp av teikn, det vere seg språk, skilt, emblem, kle eller kroppsspråk. Teikn vil ofte kunne tolkast ulikt av mottakarane, og dette gir igjen ei mogelegheit for endringar i kulturen. Kultur er ei av sidene i det totale samfunnet, og korleis vi tenkjer og føler kulturen er eit forsøk på å begripe livet. Målet er då å forstå korleis menneska som gjekk føre oss opplevde og tolka si verd, og kva det var ved samfunnet som gjorde at dei såg og opplevde verda slik dei gjorde.<sup>12</sup>

### 2.1.3 Metode

Sidan eg i oppgåva både går bakover i historia for å hente opp element som kan definerast som kulturarv, og skal prøve å sjå framover i tid, om det er mogeleg å bevare den, så måtte eg nytte meg av litt ulike metodar. Hovudfokuset vart på retrogressiv og kvalitativ metode. Kjernen for den retrogressive, eller retrospektive, metoden er å gå bakover i historia og

---

<sup>9</sup> (Ibid, s. 85)

<sup>10</sup> (Ibid, s. 86)

<sup>11</sup> (Ibid, s. 86)

<sup>12</sup> (Ibid, s. 86)

trekkje slutningar ut i frå forholda slik ein kjenner dei i nyare tid med rikt kjeldemateriale frå fortida.<sup>13</sup> Som Sandnes skriv så vert metoden ofte brukt når ein skal prøve å få belyst fjerne hundreår der det er heller sparsamt med kjeldemateriale. Dette gjeld for så vidt ikkje for mi oppgåve, då eg ikkje verken ser så veldig mange hundreår tilbake, eller har hatt sparsamt med kjelder. Metoden er likevel slik eg ser det gangbar, fordi eg må sjå til liv og livnad blant tidlegare generasjonar for å kunne seie noko om kulturen som har eksistert over eit visst tidsrom. I følgje Sandnes er det to punkt til som er knytte til retrogressiv metode. Den skal ikkje gjelde enkelthendingar, men forhold som knyter seg til institusjonar eller strukturar av typen garden som institusjon, gardsgrenser, eigedomsforhold, jordleigevesen, allmenningar, odelsrett eller andre rettsreglar, skikkar, førestillingsliv osv.<sup>14</sup> Som Sandnes påpeikar så har metoden ei sentral stilling i Noreg på bakgrunn av at bondesamfunna i Noreg i stor grad har vore prega av stabilitet. Stabilitet som blant anna kan grunngjenvæst med eit fråvær av ein sterk adelsklasse og betydelege bysentrum. Punkt to gjeld tilbakeslutningane ein gjer seg. Dei må ta utgangspunkt i godt belyste forhold, og dei må kunne støtte seg til eit minimum av faste punkt i form av kjelder frå den tida ein vil slutte seg tilbake til. Sandnes kallar det «å slå bru bakover i historia». Brua må ha eit godt fundament som startpunkt, og den må treffe eit fundament som kan nyttast som feste bakover. «Bruspennet kan ikke slås ut i tomme rommet».<sup>15</sup>

For å kunne seie noko om tankar rundt dugnadsarbeid, kulturarv og identitet var eg avhengig av å innhente nokre kvalitative data, såkalla mjukdata.<sup>16</sup> I intervjuha har eg forsøkt å kartlegge det Kjeldstadli kallar «mekanismer som virket i en viss situasjon».<sup>17</sup> Eg har valt å intervjuet to ulike grupper med fire intervjuobjekt i den første gruppa og fem i den andre. Mine intervjuobjekt har svart pr. mail eller over telefon. Det er to grunnar til det. På grunn av tidsperspektivet, og at dei ni då fekk tid til å tenke over og formulere svara sine før dei sende dei til meg. Svakheita ved dette er at eg ikkje har hatt mogelegheit til å stille oppfølgingsspørsmål der og då, men eg ser det også som ein styrke, fordi at sidan eg ikkje har vore til stades, så har dei heller ikkje blitt påverka av meg. Fordi eg kjenner dei aller fleste av informantane, og har lang fartstid i lag med ein del av dei, blant anna gjennom sogespelet,

---

<sup>13</sup> (Sandnes 1994, s. 56)

<sup>14</sup> (Ibid, s. 56)

<sup>15</sup> (Ibid, s. 56)

<sup>16</sup> (Larsen 2012, En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode, s. 22)

<sup>17</sup> (Kjeldstadli, 2003, s. 92)

så ser eg ikkje vekk frå at det kunne ha påverka intervjua. Larsen peikar også på dette som ei svakheit ved metoden, at det er vanskelegare å vere ærleg når intervjuaren sit i same rom, i staden for at ein kan fylle ut eit skjema.<sup>18</sup> Dei fekk ikkje vite så mykje om oppgåva. Eg sende dei ei tekstmelding der eg forklarte at eg var i innspurten med ei masteroppgåve, der emnet er om det er mogeleg å ta vare på kulturuttrykk i globaliseringa sin tidsalder. Til informantane frå Herøyspelet skreiv eg ikkje noko om «Anna Olava» og vice versa, dette fordi nokre kanskje er engasjerte begge stadar, og eg ville at dei skulle ha fokus på berre den dugnaden eg spurte etter. Dersom det hadde vore nødvendig med oppfølgingsspørsmål, så kunne eg sjølv sagt ha kontakta informantane igjen, men dette har eg ikkje sett noko behov for.

Utvalet av informantar vart gjort både ved utval etter skjøn og etter snøballmetoden.<sup>19</sup> Informantane frå Herøyspelet vart valde ut i frå 50/50-prinsippet, to frå indre og to frå ytre del av kommunen, dette fordi indre/ytre er sentralt for oppgåva. I tillegg var det eit kriterium at dei skulle ha lang fartstid i sogespelet. Alle fire har vore med sidan den spede byrjinga. Når det gjeld sunnmørsjekta tok eg kontakt med ein av dei som eg ut i frå facebooksida oppfatta som ein av hovudmennene, og i tillegg tre som eg såg hadde vore meir sporadisk med på dugnadane. Han som er ein av initiativtakarane til dugnaden gav meg namnet på andre som var med frå byrjinga, og han meinte at dei fortente å bli spurte om å vere med på denne undersøkinga. Ein av dei ville gjerne vere med, og er derfor blant informantane.

Kvalitative intervju kan gå føre seg på fleire måtar. Eg valde å bruke strukturert intervju der informantane fekk tilsendt skjema, intervjuguide, på mail med ferdig formulerte spørsmål. Fordelen med dette i følgje Larsen er at alle svarar på det same, og det gjer det lettare å handtere informasjonsmengda i ettertid.<sup>20</sup> Ved å nytte kvalitativt strukturert intervju må informantane sjølve formulere svara sine, og det såg eg som ein fordel her då eg ville gå djupare inn i tankegangen deira bak dugnadane. Under telefonsamtalen med ein av informantane prøvde eg så langt som råd at informanten svarte fortløpende på spørsmåla utan at vi hadde noko utanomsnakk før han hadde svart på alle. Dette for at utgangspunkt skulle vere likast mogeleg dei som hadde svart på mail, eg skulle vere så synleg. Som Larsen

---

<sup>18</sup> (Larsen 2012, s. 27)

<sup>19</sup> (Ibid, s. 78)

<sup>20</sup> (Ibid, s. 83)

også skriv så er det vanleg å starte eit intervju med bakgrunnsspørsmål for å sikre ein mjuk start på intervjuet.<sup>21</sup> Informantane mine fekk først spørsmål om korleis dei vart ein del av kulturdugnaden. Dette spørsmålet var dei mest sannsynleg budde på sidan eg hadde nemnt ved fyrste kontakten at eg skreiv om den dugnaden dei er ein del av.

Larsen påpeikar når det gjeld validitet og reliabilitet at det kan vere enklare å sikre høg validitet gjennom kvalitative undersøkingar enn ved kvantitative. Dette fordi ein undervegs kan foreta korrekjonar dersom ein oppdagar element som også eller i staden for burde vore med i problemstillinga.<sup>22</sup> Kvalitativ metode er berre ein av metodane i mi forsking, og eg har ikkje sett noko behov for å endre problemstilling ut i frå dei data eg har samla inn. Ein kan teste reliabiliteten ved at fleire forskrar gjennomfører same undersøking og ein får same resultat, eller at same forskar gjennomfører same undersøkinga på ulike tidspunkt og får tilnærma likt resultat.<sup>23</sup> I denne oppgåva har det ikkje vore aktuelt å gjennomføre fleire undersøkingar på same tema. Reliabiliteten har eg prøvd å sikre ved at informasjonen er behandla på omtrent same måte. Åtte informantar har svart på mail, den niande ved telefonintervju der eg noterte undervegs i samtalen. Når eg skriv om dei innsamla data i oppgåva har eg som oftast late informantane få sleppe til med eigne ord, fordi eg meiner det gir høgre validitet enn omskrivingar. Når ein skriv om andre sine utsegner vert ein ofte tvinga til å utelate noko, og det kan vere element som informanten ser som viktig utan at forskaren oppfattar det på same måte. Sidan eg har god kjennskap til ein av dugnadane, så såg eg det som ein viss fare for at eg kunne overfortolke. Informantane sine ord vert difor i stor grad vist fram i oppgåva, og så kjem mi tolking av dei innsamla data i kapittel fem. Då kan ein lettare sjå meg i korta også, noko som er viktig i forsking.

#### *2.1.4 Kjeldene*

Som nemnt har eg bygd mykje av oppgåva på bygdebøkene til Bjarne Rabben, og på Hans Strøm sitt topografiske verk, «Beskrivelse over Søndmør». Eg har også nytta ein del tidsskrift utgitt av Herøy Sogelag. Nettkjelder har vore sentrale for ein god del av det eg skriv om, noko som vel eigentleg høver bra i forhold til problemstillinga og utgangspunktet for oppgåva. I

---

<sup>21</sup> (Larsen 2012, s. 85)

<sup>22</sup> (Ibid, s. 80)

<sup>23</sup> (Ibid, s. 80-81)

tillegg til data frå dei ni informantane, har eg også nytta informasjon frå ein telefonsamtale med Tor Kristian Stevik. Stevik er førsteamanuensis ved Fakultet for realfag og teknologi ved Norges miljø og biovitenskapelige universitet, og styreleiar i Creeact AS, firmaet bak matapplikasjonen Bazeat. Bazeat kan knytast til Herøy ved dagleg leiar i Creeact, Børre Waagan, og til Sunnmøre fordi dei har valt å lansere firmaet her fyrst.

## 2.2 Globalisering og glokalisering

I følgje Store Norske leksikon kan ein definere globalisering som eit uttrykk ofte nytta om økonomiske, politiske, materielle og kulturelle flyttingar som i den moderne tid skjer i ein verdsfemnande målestokk.<sup>24</sup> Arkeologar finn stadig nye bevis for at globalisering ikkje er eit nytt fenomen. Folk har flytta på seg og blanda seg med andre folkegrupper frå tidenes morgon, men det er spesielt dei siste 500 hundre åra, med europearane sine oppdagingsreiser, at vi kan snakke om ei globalisering. Det ein kan peike på som nytt med globaliseringa er farta den har i dag i forhold til for berre 10–20 år sidan. Ikkje berre har kommunikasjonsmidla fått eit heilt anna tempo, og dermed både passasjer- og vareflyten, også den mellommenneskelege kommunikasjonen har ei heilt anna fart i dag. Verdsveven har opna nye mogelegheiter, mogelegheiter vi ikkje evnar å sjå konsekvensane av.

Den Danske ordbog gir denne definisjonen på glokalisering «samtidig tendens til øget globalisering og sterkere behov for lokal indflytelse og identitet.» Under definisjonen står der eit sitat henta frå Viborg Stifts Folkeblad – De Bergske Blade, «Hvilket slående symbol på glokalisering. Vejen til den lokale historie går omkring det globale internet.»<sup>25</sup> Ut i frå desse definisjonane kan ein sjå to tendensar, ei auka globalisering, og eit større behov for å kunne vere forankra i ein lokal identitet.

Eg vil vidare i dette kapitlet sjå på nokre sider ved globaliseringa, med hovudfokus på element eg meiner høyrer til kulturarven vår. I tillegg vil eg også ha eit fokus på Internett og sosiale media i forhold til emna eg tek opp i kapitlet. Seinare i oppgåva vil eg diskutere om desse elementa er ein styrke eller ei svakheit når det gjeld den lokale og regionale

---

<sup>24</sup> (Fosshagen 2017, Globalisering, artikkel frå snl.no)

<sup>25</sup> (Glokalisering, artikkel i Dansk Ordbog)

kulturarven. Globaliseringa fører med seg kulturmøter på mange plan sidan folk har fått fleire møteplassar enn nokon gong. Folk flyttar på seg, fri- eller ufrivillig, og blir ein del av ei mindre verd med større mogelegheiter.

### *2.2.1 Flyttestraumar*

Verda har vel aldri vore mindre eller i meir bevegelse i den forstand at ein ser flyttestraumar overalt. Straumane kan vere av økonomisk, religiøst, politisk eller materielt omsyn i forhold til familien, det kan vere i embets medfør eller rett og slett berre som ein fritidssyssel. Som med alle straumar tek dei gjerne med seg det meste rundt seg, og blandar alt i eit salig kaos på midten. I alle fall kan ein sjå dette føre seg dersom ein samanliknar slike flyttestraumar med vasstraumar. Flyttestraum eller folkevandring, kjært barn har mange namn, uansett er det snakk om store folkemassar i bevegelse. At folk flyttar er definitivt ikkje eit nytt fenomen, folkevandring har gått føre seg i større eller mindre målestokk til alle tider. Eriksen og Sajjad stiller spørsmål ved om vi no har ei ny folkevandringstid.<sup>26</sup> NRK Urix nyttar denne tittelen på eit intervju med historieprofessor Knut Kjeldstadli, «Folkevandring er en del av jordens blodomløp.»<sup>27</sup> Kjeldstadli viser i intervjuet til at det til ei kvar tid omtrent er tre prosent av verda si befolkning som er på flyttefot, og grunnane er mangslungne. «Enkelte land og regioner er netto eksportører av mennesker, andre er netto importører.»<sup>28</sup> Noreg har gjennom fleire periodar i historia vore eksportørar, for eksempel har både Island og USA teke i mot mange nordmenn i tider då det var lite å livberge seg av her heime på berget.

I dag er Noreg avhengig av å vere importør for å ikkje få negativ folketalsutvikling, og dei siste tretti åra har den årlege befolkningsveksten stort sett vore aukande på grunn av tilflytting frå utlandet.<sup>29</sup> I den globaliserte verda har økonomi mykje å seie for flyttestraumar.

23. desember i 1969 endra mykje seg radikalt for vår vesle nasjon. For fyrste gong vart det pumpa opp råolje frå Nordsjøen, og omgrepet «kontinentalsokkel» var noko dei fleste nordmenn skulle få eit forhold til. Den inntektsmessige veksten dette førte med seg har gjort Noreg til eit relativt stabilt land økonomiske sett, og vi har gått klar mykje av den usikkerheita

---

<sup>26</sup> (Eriksen og Sajjad, Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge 2015, s. 19)

<sup>27</sup> (Kolberg og Wold 2015, – Folkevandring er en del av jordens "blodomløp", NRK Urix)

<sup>28</sup> (Eriksen og Sajjad, 2015, s. 24)

<sup>29</sup> (Thorsnæs, 2018, Norges befolkning, artikkel frå snl.no)

som mange andre europeiske land til tider har slite med. Eriksen og Sajjad teiknar dette biletet av Noreg slik det kan fortone seg for den som vurderer, eller vert tvinga, til å flytte hit «et mulighetenes land, en fredelig øy med opprørt hav på alle kanter.»<sup>30</sup> Tilgang til arbeidsplassar er ei av hovudårsakene til at folk flyttar, så då er det nærliggjande å tenkje seg at då oljekrisa slo inn over landet for fullt i 2014, ville det også verte ei endring i flyttestraumen. I følgje Statistisk sentralbyrå så viser tala for 2017 at talet på innvandrarar steig med tre prosent, ca. 21700 menneske, og dette er den svakaste auken dei siste tjue åra.<sup>31</sup> Prisen på oljefat svingar både fort og stort. Det svarte gullet vårt viste seg å vere ustabilt og lett påverkeleg for økonomiske krefter utanfrå, og vår fredelege øy ser altså ikkje ut til å vere fullt så attraktiv lenger.

Folk har til alle tider vore på flyttesfot, og med på flyttelasset tek ein, bevisst eller ikkje, med seg sin eigen kultur. Etter kvart vert gjerne kulturen ein har med i større eller mindre grad integrert med kulturen på den nye staden. Nesten uansett kor langt ein flyttar, og kor mange nye menneske ein møter, vil det vise seg at ein har meir kjennskap til kvarandre enn ein visste på førehand, og ein har gjerne mykje meir til felles enn ein skulle tru. I følgje Eriksen og Sajjad er det fleire årsaker til det. Dei nemner blant anna dei store globale prosessane som omhandlar klimaendringar, økonomi og sikkerheitspolitikk. Desse emna vert behandla i verdsomspennande organisasjonar, blant anna gjennom WTO, Verdsbanken og FN.<sup>32</sup> Amerikanske såpeoperaer har blitt eit globalt kulturfenomen, og dermed eit sikkert emne dersom ein treng å slå av litt tid med småprat. Det er vel ikkje mange stadar på jordkloden ein ikkje har benka seg rundt ein tv, eller kanskje det som er meir typisk for i dag, ei datamaskin, til amerikanske seriar som «Dynastiet», «Seinfeld» eller «Game of Thrones». I tillegg til merkevarer, som for eksempel Coca Cola, Adidas og Apple, så er media i aller høgste grad med på å gjere kloden mindre. Det finnast vel knapt nok eit hjørne i verda der ein ikkje vil oppleve å møte nokon i ei t-skjorte frå Adidas, gjerne med ei Coca Cola i eine handa og ein iPhone i den andre. Og kjem ein i prat med dei, så har ein gjerne felles referanserammer når det gjeld underhaldningsprogram i ulike medium. Ikkje minst så har dei sosiale media og publiseringstenesta for deling av videoklipp, YouTube, vore med på å gjere verda vesentleg mindre.

---

<sup>30</sup> (Eriksen og Sajjad, 2015 s. 25)

<sup>31</sup> (Statistisk sentralbyrå 2018, 14 prosent av befolkningen er innvandrere)

<sup>32</sup> (Eriksen og Sajjad, 2015, s. 20 )

## 2.2.2 *Heimekjær verdsborgar*

Teresa Grøtan gav i 2009 ut *Globaliseringsboka*. Under arbeidet med boka stilte ho ulike kjende personar spørsmål om korleis globalisering påverkar deira fagfelt. Sosialantropologen Thomas Hylland Eriksen fekk spørsmålet «Korleis påverkar globaliseringa norsk ungdom?» Eriksen teiknar i sitt bidrag eit bilet av norske ungdomar som i løpet av ein vanleg dag på ein eller anna måte har kontakt med store delar av verda, men som likevel er mindre internasjonale enn ein skulle tru. Ved hjelp av Internett, og ikkje minst sosiale media, kan ein utvide kontaktflata si, omtrent grenselauast i omfang og i alle fall utan at kartgrensene spelar noka rolle. Men som Eriksen viser til, så vel likevel ungdomane å bruke denne nye, grenselause, teknologien til å halde kontakta med folk dei allereie kjenner frå før. Det er dei nære og kjære, der kjennskap og venskap er sterkest, det er tryggast å kontakte. Det viser seg også at kommunikasjonsspråket som blir nytta mellom nordmenn på Internett for det aller meste er norsk, også når det gjeld det største verdsomspennande sosiale media i dag, Facebook.<sup>33</sup> 2009 er lenge sidan når det gjeld utviklinga av Internett og sosial media, så det kan nyttast som motargument til Eriksen sine tankar, men eg har ikkje funne nyare forsking på dette som viser store endringar, og har difor valt å nytte det i oppgåva. Eriksen set fram denne tanken «Folk flest blir mer norske av globaliseringen.»<sup>34</sup> Han argumenterer med at sjølv om vi har kontakt med omtrent «heile» verda i løpet av ein dag, så vil nordmenn helst feriere i «norske koloniar», dei gamle, gode statskanalane har stadig dei mest populære programma, og bunaden har aldri vore meir i vinden enn no i globaliseringa sin tidsalder. Eg finn Eriksen sine tankar interessante, og vil seinare i oppgåva kome inn på funna mine blant anna når det gjeld den lokale bunaden i det globale, og i sosiale media. På ein eller annan måte er ein i løpet av ein vanleg dag i kontakt med element frå heile verda, anten det gjeld varer, underhaldningsindustri eller kommunikasjon. Det kan altså sjå ut som at verda både ligg open for oss utover, og den strøymer til oss innover, og venelista på Facebook viser gjerne at ein har eit verdsomspennande sosialt nettverk med hundrevis av vener. Element frå kulturarven vår får ei blomstringstid, og det blir nytta norsk som skriftspråk på sosiale media. Dette burde verkeleg borge godt for både røter og vengjer...

---

<sup>33</sup> (Grøtan 2009, Globaliseringsboka, s. 97-98)

<sup>34</sup> (Ibid, s. 97)

### 2.2.3 Globalisering, språk og sosiale media

Språk er i høgste grad aktuelt å diskutere, både i forhold til globalisering og når det gjeld bevaring av kulturarv. Det er ei kjensgjerning at språk rundt omkring i verda dør ut. I Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001 er Løseth er inne på dette i sin artikkel *Det lokale og det globale. Lokalsamfunn, lokal historie og identitet i globaliseringas tidsalder*. Løseth skriv følgjande «Språk dør ut mellom anna på grunn av massiv kulturpåverknad gjennom massemedium og kommersialisering.»<sup>35</sup> I oppgåva vil eg på grunn av plassen eg har til rådigheit konsentrere meg om nokre funn når det gjeld nynorsk, dialekt og engelsk. Som nemnt tidlegare så hevdar Eriksen at nordmenn stort sett nyttar norsk når dei kommuniserer med kvarandre på sosiale media. Det norske språket burde då stå seg godt i globaliseringa sin tidsalder, sidan tal frå november 2017 viser at 84 prosent av Noreg si befolkning, 3,5 millionar menneske, hadde ein konto på Facebook, og 86 prosent av desse nyttar kontoen dagleg.<sup>36</sup> At du har Facebook-konto registrert i Noreg, betyr ikkje nødvendigvis at du har norsk som morsmål, og dermed skriv på norsk. Så langt har eg ikkje funne forsking som seier noko om språk og tekstproduksjonen på sosiale media spesifikt for dei som har norsk som morsmål i forhold til innvandrarar sine språkvanar, men det finnast noko forsking som går generelt på bruken av språk på Facebook.

Førsteamanuensis ved Institutt for sosiologi og statsvitenskap ved NTNU, Berit Skog, har forska på bruken av sosiale media blant barn, unge og voksne. I september 2010 utførte ho ei undersøking blant 830 personar mellom 15 og 30 år, om korleis dei kommuniserer skriftleg på Facebook. Undersøkinga er gjennomført i Trondheim, og dialekten er dermed trøndersk.<sup>37</sup> Eg har ikkje funne tilsvarande undersøkingar for andre delar av landet, og heller inga som er av nyare dato. Dette er sjølv sagt ei svakheit, men mi oppgåve har ikkje tid eller rom for at eg gjer grundigare undersøkingar på dette området frå for eksempel mitt eige område, og difor har eg valt å bruke materialet til Skog, fordi eg meiner at det kan gi eit visst bilet av både nynorsk- og dialektbruk. Sidan eg seinare også kjem inn på språk knytt om mot heimstad og identitet, ser eg Skog sine funn som relevante for meg og mi forsking.

---

<sup>35</sup> (Løseth 2001, Det lokale og det globale. Lokalsamfunn, lokal historie og identitet i globaliseringas tidsalder s. 12)

<sup>36</sup> (Karlsen 2017, Nye, norske tall for sosiale medier)

<sup>37</sup> (Skog 2010, Berit Skogs blogg. Språket i sosiale medier)

Undersøkinga viste at 70 prosent nytta bokmål når dei skreiv på Facebook, og seks prosent nytta nynorsk.<sup>38</sup> I denne målgruppa har få, eller ingen, hatt nynorsk som skulemål, så sånn sett kan det verke litt pussig at det faktisk er heile seks prosent som nyttar nynorsk. Den siste skulebastionen for nynorsk i Trøndelag, Jåren-Råbygda i Skaun, gjekk i november 2014 over til å verte bokmålsbrukarar.<sup>39</sup> Trondheim er ein studentby, og dermed kan i alle fall nokre av dei som utgjer dei seks prosentane sjølv sagt vere studentar som har nynorsk som hovudmål. Helge Sandøy kjem i sin artikkel «Nynorsksfolket – kvar, kven og kor mange» inn på kor mange nynorskbrukarar det er i dei ulike regionane i Noreg. Her er ikkje tal for Trøndelag åleine, dei to trønderfylka er slått saman med Nordland, Troms og Finnmark. Statistikken viser at det i 2002 var 6,8 prosent som nytta nynorsk her.<sup>40</sup> Når ein ser på skulemålet i dei fem nordlegaste fylka, er nynorsk nærest fråverande. På nettstaden til avisa «Framtida» viser ein artikkel frå desember 2015 at det i Trøndelagsfylka var fem elevar som nytta nynorsk, i Nordland var det éin, i Troms ni, medan ingen i Finnmark nytta det.<sup>41</sup> Språkbrukarane bak Sandøy sine tal er ei anna gruppe enn språkbrukarane i Skog si undersøking. Dei siste tala til Sandøy er frå 2002, og alle dei fem nordlegaste fylka er samla i ei gruppe. Eg har likevel valt å ta dei med, fordi det kan seie noko om nynorskbruken i område der målforma ikkje er nytta i skulen. Skog si undersøking viser at seks prosent av ungdom mellom 15 og 30 år nyttar nynorsk når dei skriv Facebook, sjølv om dei mest sannsynleg ikkje har det som målform i skulen. Sandøy sine tal viser at vel seks prosent i dei fem nordlegaste fylka nyttar nynorsk, sjølv om heller ikkje mange av dei har hatt nynorsk som skulemål. For meg, som er ihuga målmenneske, er dette eit interessant funn. Oppgåva her fordrar ikkje til å gå vidare inn på nynorskbruken i område der det ikkje er nytta som skulemål, men det kan vere interessant å sjå nærare på dette ved eit anna høve.

Skog har i undersøkinga si også sett på bruken av dialekt. 67 prosent har svart at dei nyttar dialekt når dei skriv på Facebook. At undersøkinga vart gjort i Trondheim, eit område som er sterkt prega av dialekt, kan vere ei forklaring på den høge prosentandelen.<sup>42</sup> Dialekt er nært

---

<sup>38</sup> (Ibid, 2010)

<sup>39</sup> (Meland 2014, Farvel til nynorsk i Trøndelag, artikkel i Adressavisen)

<sup>40</sup> (Sandøy 2003, Nynorsksfolket – kvar, kven og kor mange?)

<sup>41</sup> (Langåker 2015, Her aukar talet på nynorskelevar, henta frå Framtida.no)

<sup>42</sup> (Skog 2010)

knytt opp til heimstad og identitet. Utan at eg har gjort teljingar på det, så vil eg påstå at prosentandelen som skriv «ej» på Ytre Søre Sunnmøre, og «e» i Ålesund, i staden for «eg» eller «jeg» på sosiale media, kan samsvare med Skog sine funn frå Trondheim. Facebook var i utgangspunktet ei sosial plattform for studentar, men har etter kvart blitt eit nettverk der fleire generasjonar møtest. Ein må vere 13 år for å få eigen konto, og der er i dag medlemmar som er godt oppe i 90-åra. Ungdomar er gjerne dei som set i gong nye trendar, og det ser ut til at vaksne også lett kastar seg på desse trendane. På sosiale media ser ein med andre ord at talemålet gjerne tek over for skriftspråket. Dette kan sjølv sagt ha noko med at ein ser kommunikasjon på for eksempel Facebook meir som ein samtale, ein synkron kommunikasjon, og dermed byr det opp til bruk av munnleg språk sidan det kan oppfattast som mindre formelt. Skog ser det slik at bruken av dialektar på sosiale media kan vere ein bidragsytar til bevaring av både dialektane i seg sjølve, og også det norske språket.<sup>43</sup> Ei kopling mellom dialektene og sosiale media kan altså vere vegen å gå dersom ein vil verne om denne kulturarven. Når det gjeld nynorsken som kulturarv har vel kanskje ikkje sosiale media vore ein plass for vekst og utvikling til no. For dei som har følgt Facebook frå starten i 2004, så har ein sett at frå å vere eit sosialt nettverk for studentar i USA, så har det utvikla seg til eit globalt nettverk der det stadig dukkar opp nye typar grupper ein kan verte medlem av. Det er dermed ikkje utenkleleg at nynorsk kunne få større merksemd og dermed ha eit vekstpotensiale her dersom det vert oppretta grupper som fengjer både unge og gamle potensielle brukarar.

I artikkelen *Nynorskbrukaren – kven er han?* viser Ottar Hellevik til at den kulturelle ståstaden ein har kan vere avgjerande for om elevar som har hatt nynorsk i skulen fortset å bruke det.<sup>44</sup> Min påstand er at dersom verdsvegen og sosiale media vert møteplassar der kulturarv og språk vert haldne i hevd, kan det vere større sjansar for at nynorskbrukarar vil fortsette å halde på skriftspråket sitt, i tillegg til at ein også held på dialektane sine. Kanskje nynorskdebattantar som diskuterer den overhengande faren for at nynorsken vil døy ut i randsoner og ved kommunesamanslåingar i tillegg burde diskutere korleis dei kan nytte sosiale media for å endre dette? Å bruke språket aktivt i samhandling med flest mogeleg har

---

<sup>43</sup> (Ibid 2010)

<sup>44</sup> (Hellevik 2001, *Nynorskbrukaren – kven er han?* s. 138)

mest sannsynleg betre innverknad på livskrafta til nynorsken enn å diskutere i kva grad den er døyande.

Norsk er sjølvsagt eit lite språk i den globale samanhengen, og det seier seg sjølv at i møte med menneske frå andre land så er det gjerne engelsk som vert nytta i kommunikasjon. Til og med i nabolandet Danmark kan ein oppleve at dei slår over til å bruke engelsk i møte med norske turistar. Mange har frykta at det går mot ei anglofisering av det norske språket, og at verda vil verte meir einsretta når det gjeld kultur og kulturuttrykk. Kulturen kan gå mot å verte standardisert i staden for at ein klarer å ta vare på det som er det unike, noko blant andre Løseth er inne på.<sup>45</sup> Det er heller ikkje vidare optimistisk lesing når Sylfest Lomheim hevdar at noko av det einaste vi kan vere sikre på når det gjeld framtida vår, er at norsk språk kjem til å forsvinne.<sup>46</sup> Det betyr likevel ikkje at dette er noko som ligg i nær framtid, Lomheim påpeikar berre at dette er eit fenomen som har vore til alle tider. Redselet for at det norske språket skal forsvinne har nok blitt større etter kvart som vi har blitt meir og meir verdsborgarar. Ungdomar i dag både les, skriv og snakkar engelsk meir eller mindre dagleg. I Skog si undersøking svarer 52 prosent av ungdomane at dei skriv på engelsk.<sup>47</sup> Når svarprosenten i undersøkinga vert langt over hundre, så betyr det helst at anten brukar ungdomane både engelsk, norsk og dialekt i same teksten, eller så vel dei skriftspråk ut i frå kven dei skriv til. Oppsummert så ser ein at bokmål har høgast svarprosent med 70, dialekt kjem like bak med 67, engelsk med 52 og til slutt nynorsken med 6.

Vi kan ikkje spå framtida. Kanskje vil dei få rett dei som trur at norsk vil døy ut, fyrst som skriftspråk og sidan også dialektane sidan dei ikkje lenger vil ha eit skriftspråk å støtte seg til, eller kanskje vil dei leve side om side, slik dei gjorde hos ungdomar i Trondheim i 2010. Lomheim påpeikar at det er gjennom utdanninga til barn og ungdom ein må starte eit haldningsarbeid. «Det me ikkje får til gjennom utdanning, hos våre barn og unge, det kan me gløyma.»<sup>48</sup> Internett, og då spesielt sosiale media, kan også vere ein stad å byrje dersom det norske språket fortsatt skal kunne gå i tospann med engelsk i framtida. Ungdomar i dag skriv

---

<sup>45</sup> (Løseth 2001, s. 12)

<sup>46</sup> (Lomheim 2001, Kamp i all æve, s. 218)

<sup>47</sup> (Skog 2010)

<sup>48</sup> (Lomheim 2001, s. 226)

meir enn nokon gong på grunn av sosiale media. Skal språkbevaring vere eit vellukka prosjekt, så er det min påstand at ungdomane må ha ei kjensle av at det norske språket er viktig, at det er ein del av identiteten deira. Fyrst då vil norsk vere det naturlege valet i all slags kommunikasjon med andre nordmenn. Og dersom kulturarv og ungdommen sin eigen kultur aldri blir pusla saman i same puslespelet, vil det heller ikkje vere naturleg for ungdomane å bruke kulturarven som ein brikke når dei puslar saman sin eigen identitet.

## 2.3. Identitet og identitetsdanning

### 2.3.1 *Individuell og kollektiv identitet*

Å definere identitet er ikkje eit beinkløyvd prosjekt. Eg har valt å støtte meg til Otto Krogseth sine tre kriterium på det han kallar den «senmoderne (eller postmoderne) identiteten.»<sup>49</sup> Konstans eller kontinuitet er det fyrste kriteriet til Krogseth. Noko av identiteten vår vil alltid vere konstant. Sjølv i globaliseringa si tid, der ein stadig vert utsett for inntrykk av kva som skal til for å verte «det ideelle mennesket», så vil det likevel vere noko som sit «i ryggmergen», så sjølv med det store trykket utanfrå, om korleis ein både bør sjå ut og te seg, vil ein over tid bli kjent igjen både av seg sjølv og andre. Det andre kriteriet har Krogseth definert som «*integrerhet* eller indre sammenheng». «Et eller annet sted bærer og forankrer vi alle de motstridene rollene som det moderne livet påfører oss.»<sup>50</sup> Siste kriteriet er individualitet. I globaliseringa sitt tidevatn kan det oppstå einsretting, homogenisering eller kulturell uniformering. Min påstand er at menneska har eit behov for ein viss distanse, og eit behov for å kjenne på kven ein sjølv *er*. Vi definerer oss som nordmenn, sunnmøringer, herøyværingar osv. Til lenger ut i verda ein kjem, til større vert definisjonen. Vi definerer oss som europearar eller nordmenn når vi er utanfor Europa sine grenser, i Noreg som sunnmøringer, og på Sunnmøre som herøyværingar. Ein har behov for ei slags måleining som seier noko om «eg» i forhold til «dei andre.» Nesten uansett kvar ein kjem i verda, eller kven som kjem hit, så har globaliseringa ført til at vi har mykje av dei same kleda, vi et den same maten og vi har hørt den same musikken. Slik sett endar vi alle opp med den same historia. Krogseth beskriv også det han kallar «motposisjonar» til identitetsdefinisjonane sine. Motpolane til «kontinuitet, integrerhet og individualitet» er «foranderlighet, oppsplittethet og

<sup>49</sup> (Krogseth 2009, Danning, identitet og dialog s. 152, kompendium frå Høgskulen i Volda)

<sup>50</sup> (Ibid, s. 153)

ensretting»<sup>51</sup> Desse viser kor vanskeleg det er å definere identitet i globaliseringa sin tidsalder. Nokre vil sjølvsagt nære ein viss skepsis til om identitet i det heile tatt er noko anna enn ein mental konstruksjon, og ikkje noko som ligg «i ryggmergen». Min tanke med denne oppgåva er å sjå nærare på om skapinga av ei kollektiv historie, noko eg definitivt meiner at globaliseringa gjer at vi er med på, har gitt oss større behov for å også kunne skape, eller re-skape, vår eiga historie.

### 2.3.2 Nasjonal, regional og lokal identitet

Ein nasjonal identitet kan verte forstått som ein fast størrelse, der ideen om «folkesjela» gjerne er sentral.<sup>52</sup> Folkesjela kan ein sjå som ei felles oppfatning av at andre har omrent det same levesettet og verdiane som vi sjølve har. I følgje Anderson må dette sjåast på som eit førestilt fellesskap, fordi dei fleste som er ein del av dette fellesskapet aldri nokon gong vil kome til å møtast, og dermed aldri kunne få kjennskap til kvarandre.<sup>53</sup> Anderson kommenterer også at slik han ser det så er nasjonalt tilhøyre og nasjonalisme kulturelle artefakter, og for å forstå kvifor desse artefaktene skapar ektefølt legitimitet også i dag, så må ein undersøkje korleis dei oppstod, og ikkje minst så må vi forstå korleis meiningsinnhaldet har endra seg over tid.<sup>54</sup> Anderson skriv at han vil gjere eit forsøk på å argumentere for at utspringet av artefaktene på slutten av det attande hundreåret var ein spontan prosess der skjulte historiske krefter gjekk gjennom det han kallar komplekse «krysninger». Då dette nye hadde teke form, hadde det kraft til å slå rot, bevisst eller ikkje, på fleire stadar.<sup>55</sup>

«Norge er et land der nasjonal identitet både er et sentralt diskusjonstema og en vesentlig dimensjon ved befolkningens mentale habitus», skriv Eriksen og Neumann.<sup>56</sup> Etter 1814 ville mange i Noreg skape, eller re-skape, den nasjonale identiteten, og dersom Eriksen og Neumann sin påstand er korrekt, så har dette vore eit vellukka prosjekt. Ikkje ein skulelev i Noreg har unngått å høyre om nasjonalromantikken, om den friske dåmen av Noreg, med sine båtvande bønder, bunadar, brudeferder og brunost. No har det vel vist seg at kulturarven, éin av dei viktigaste byggjesteinane i den norske identitetsgrunnmuren, likevel ikkje er så norsk

---

<sup>51</sup> (Krogseth 2009, s. 153)

<sup>52</sup> (Bøe og Knutsen 2012, Innføring i historiebruk, s. 96)

<sup>53</sup> (Anderson 1996, Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning s. 19)

<sup>54</sup> (Ibid, s. 18)

<sup>55</sup> (Ibid, s. 18)

<sup>56</sup> (Eriksen og Neumann , Fra slektsgård til oljeplattform: Norsk identitet og Europa 2011)

som vi gjerne vil ha det til. Den er i ganske mange tilfelle ein del av den globale arven, ikkje berre den norske.

Heller ikkje alle er samde i at prosjekt «Noreg- reis deg» byrja først på 1800-talet. Skirbekk skriv i boka «Nasjonalstaten Velferdstatens grunnlag» at den lange firehundreårsnatta ikkje var eit brot i nasjonen si historie, slik blant anna Wergeland argumenterte for med teorien sin om gullringen som hadde blitt broten i to, og sidan loddar saman igjen med ei uekte legering som ein no måtte få fjerna. Skirbekk viser til at mange særnorske tradisjonar levde vidare, og vart også vidareutvikla, i perioden under dansk styre. Fedrelandskjærleik og ei kjensle av norsk identitet var eit vilkår for det arbeidet som vart lagt ned på Eidsvoll i 1814.<sup>57</sup>

Ein felles nasjonal identitet har sjølvsagt mange aspekt ved seg. For det fyrste er det ofte uklare grenser for kven som hører til dette fellesskapet som tilsynelatande skal ha ein felles nasjonal identitet, og for det andre så vil det alltid vere nokon som står utanfor. Symbol som Grunnloven, Stortinget og 17. mai treng ein nok ikkje noko langt opphold i landet for å få eit forhold til, medan folkemusikk, stev, folkeeventyr og segner kan vere vanskelegare å få taket på. Om ein ikkje skjørnar den nasjonale symbolikken kan det vere vanskeleg å skjøne poenget, eller det som ligg skjult mellom linjene, og då går ein glipp av noko vesentleg ved denne delen av kulturarven. Som Anderson påpeikte må ein gå til opphavet, og ein må sjå på og forstå endringane i meiningsinnhaldet. Det vil etter slik eg ser det krevje ein innsats av ein sjølv, og også andre rundt ein, dersom ein har eit ynskje om å ha ein nasjonal identitet i ryggmergen, det må lærast, det må omarbeidast, og det må ha kår for utvikling.

Som nemnt tidlegare vil eg innanfor Noreg sine grenser gjerne presentere meg som vestlending, og i neste steg som sunnmøring. I mi oppgåve er det naturleg å sjå til regionen i tillegg til det lokale. Herøy er godt forankra i Sunnmøre og sunnmørske tradisjonar, og dette vil kome til uttrykk både gjennom for eksempel sunnmørsjekta «Anna Olava», sunnmørsbunaden og mattradisjonar. I følgje Hundstad er landsdelsidentitet noko som har oppstått i løpet av dei siste 150 åra.<sup>58</sup> Primordealistar vil gjerne forankre både nasjon og region

---

<sup>57</sup> (Skirbekk 2008, Nasjonalstaten. Velferdstatens grunnlag, s. 64)

<sup>58</sup> (Hundstad 2012, Historikeren som regionbygger? – et fagkritisk perspektiv på fire landsdelhistoriske verk, artikkel i Historisk tidsskrift Bind 91, nr. 1-2012)

i ein eldre kollektiv identitet, medan konstruktivistar ser på regionsidentitet som eit element som spring ut i frå nasjonsbyggingsprosjektet.<sup>59</sup> Nokre av elementa eg har valt å skrive om når det gjeld Herøy kan forankrast mykje lenger tilbake enn dei siste 150 åra og har dermed ei primordealistisk tilnærming, andre igjen er artefaktar konstruerte etter nasjonsbyggingsprosessen på 1800-talet, og som i nokre tilfelle har vore gjennom endringar for å tilpasse seg den globale verda, blant anna nokre kulturuttrykk, mattradisjonar og turismen som spelar på det lokale eller regionale. I tillegg til artefaktar vil eg også sjå på nokre av produkta som naturen i lokalmiljøet byd på, og som gjennom omarbeiding, eller ein globaliseringsprosess, vert produkt som no kan tilpassast den globale verda, for eksempel ei av dei nyare næringane som havet byd på, det grøne gullet, taren.

Som sunnmørking og herøyværing sjølv er det naturlegvis ein del fallgruver når ein skriv ei sånn oppgåve. Ein vil ha ei bevisstheit rundt mytane om folket i regionen, for eksempel at sunnmøringen er ein hardtarbeidande gjerrigknark som set tæring etter næring, og er for ein flat struktur utan respekt for autoritetar. Sunnmørsfiskaren ville ha fridomen til å selje fisken sin til den som betalte best, ikkje vere knytt til ein væreigar, og han ville eige ein part i båten, vere ein del av partsreiarlaget. Som Bukve og Gammelsæter er inne på i kapittel 1 i «Nord-Vestlandet – liv laga?» så var blant anna dette årsaka til at det ikkje var så store økonomiske og sosiale skilje på Sunnmøre, strukturen var meir egalitær.<sup>60</sup> Sunnmøre er tilsynelatande eit område der ein held på «gemeinschaft» i staden for «herrschaft».<sup>61</sup> Mi oppgåve er ikkje å underbyggje eller avkrefte mytane, men nokre eksempel som eg har med i grunnlaget frå Herøy kan ha attkjennande element frå mytar om sunnmøringar, blant anna det eg har funne om øysamfunnet Flåvær. Her må nemnast at når eg nyttar omgrepene myte så er det ikkje oppfatninga om at ein myte er ei forteljing utan spesielt mykje truverde eg har i tankane, eg har brukt definisjonen som Stugu viser til, at mytane er forteljingar som tek opp dei store vanskelege spørsmåla i livet, og som skaper orden, meinings og samanheng i ei komplisert verd. Mytane kan vere tufta på vitskap og kjelder, og dei kan underbygge førestillingar frå fortida. Slik kan mytane vere identitetsdannande, og også få mennesket til å skjøne sin eigen plass i eit større fellesskap.<sup>62</sup>

---

<sup>59</sup> (Ibid, 2012)

<sup>60</sup> (Bukve, Gammelsæter og Løseth 2004, Nord-Vestlandet – liv laga?, s. 14)

<sup>61</sup> (Brøgger 2005, Kulturforståelse. En nøkkel til vår internasjonale samtid, s. 22)

<sup>62</sup> (Stugu. Lokalhistoria og den nasjonale identiteten, artikkel henta frå Academia.edu)

I boka «Handbok i lokalhistorie» formulerer Jørn Sandnes det slik «Bak interessen for all historie – også lokalhistorie – ligger menneskets grunnleggende ønske om å få vite noe om sin egen fortid»<sup>63</sup> Lokal identitet kan nok kjennast mykje sterkare enn regional identitet.

Kommuneidentiteten opptek mest plass i min ryggmerg, og sånn er det vel kanskje for mange. Grunnane til det er mangslungne, men for meg er det kanskje mest fordi at eg ikkje har budd særleg lenge utanfor kommunegrensene, og fordi slektstreet mitt har dei aller fleste av røtene sine i Herøy. Som Stugu skriv så får ein primæridentiteten gjennom den fyrste sosialiseringa.<sup>64</sup> Eg har hatt ein oppvekst som har gjeve meg sterke slektsband, og «Herøybøkene» har vore faste innslag når slektningar har vore samla i små eller store lag. Mang ein diskusjon har oppstått eller enda på grunn av arbeidet lokalhistorikaren Bjarne Rabben gjorde på 1950- og 1960-talet. Arbeid som det Rabben la ned i Herøy har gjerne vore brukt bevisst som eit identitetsbyggjande prosjekt frå kommunale styresmakter, lokalhistoria vert brukt som verktøy for å styrkje det lokale engasjementet og å gje innbyggjarane ei kjensle av tilhøyrslle.<sup>65</sup>

Herøybøkene kom ut i ny versjon i åra 2009 –2013. Fleire redaktørar stod bak jobben denne gongen. Bøkene byggjer på Rabben sitt arbeid, og har i tillegg med namn på dei som bur eller har budd på dei ulike gards- og bruksnumera etter at Rabben gjorde sine innsamlingar. På grunn av teknologien, innbyggjarane kunne kome med sine innspel på mail, kunne bøkene verte oppdaterte til ganske nært opp til utgjevinga. Nye generasjonar vil då finne sine namn i bøkene som fortel historiene og mytane i frå lokalmiljøet, og dermed kan det vere med på å byggje opp under ein lokal identitet. I tillegg vil tilflyttarar finne sine namn i bøkene, og det vil kunne skape ei kjensle av integrering i lokalsamfunnet. Som store delar av Noreg er også Herøy avhengig av tilflyttarar for å unngå negativ folketalsutvikling, og skal desse nye innbyggjarane slå rot i lokalmiljøet, må det ei positiv integrering til. I tillegg til å kunne lese sine eigne namn i bøkene, og slik kanskje få ei kjensle av å høyre til blant «vi» og ikkje «dei», så ser eg det som viktig at tilflyttarar får innsikt i kulturarven, forteljingane og mytane, for å forstå element frå fortida, og sjå endringane som har gått føre seg. Skal ein ha vilje til å prøve å feste røtene sine bør ein nok ha ei positiv innstilling til jordsmonnet ein plantar i.

Kulturhendingane og kulturdugnadane i kommunen kan vere gode møteplassar for den som vil bli kjend med det nye jordsmonnet.

---

<sup>63</sup> (Sandnes 1994, s. 12)

<sup>64</sup> (Stugu 2013, Historie i bruk, s. 37)

<sup>65</sup> (Stugu, Lokalhistoria og den nasjonale identiteten,.)

Det må nemnast at lokalmiljø sjølvsagt ikkje er definerte berre ut i frå kommunegrenser. Eg kjenner meg som sagt som herøyværing, men eg er også ein del av lokalmiljøet i bygda mi, og eg er ein del av lokalmiljøet i ytre Herøy. Små lokalsamfunn der omrent alle kjenner kvarandre. Eg kjenner meg ikkje som ein del av lokalmiljøet i indre Herøy. Under oppveksten min hadde eg fint lite kontakt med folk frå indre, eg er busett i ytre, og eg hadde i mange år jobb ved ungdomsskulen i ytre. Denne delinga av kommunen kjem eg inn på seinare i oppgåva, så med det i mente at eg er oppvaksen i ytre, så kan noko av forklaringa på mi manglande kjensle av fellesskap med indre Herøy kome fram der. Kommunen har fortsatt mange av dei same utfordringane som før 4. september 1976 då Kong Olav V klipte snora på bruva som no batt indre og ytre saman. Lokalsamfunn har ikkje vorte mindre aktualisert i den mobile og globaliserte verda, heller meir i følgje Villa og Haugen.<sup>66</sup> I intervjuet som eg har gjort med nokre av eldsjelene i kommunen har eg spurt om korleis denne delinga av kommunen har kome fram i dognadsarbeidet dei har teke del i, så det vil eg kome tilbake til seinare i oppgåva.

Den fyrste sosialiseringa er som nemnt viktig i forhold til å kjenne på røtene sine, og i neste fase kjem skulen og lokalmiljøet. Norsk, samfunnsfag og historie er fag som alle forankrar seg i kultur og kulturarv. I formåla til faga finn ein formuleringar som omhandlar kultur, kulturarv, identitet og tilhørsle. I norskfaget er det kopla opp mot språk og litteratur.<sup>67</sup> Historie er ein av tre disiplinar i samfunnsfaget i grunnskulen, og vert fyrst eige fag dei to siste åra på studiespesialiserande linje på vidaregåande. I formålet til samfunnsfag står det at faget skal medverke til medviten identitetsdanning og trygg forankring i eige samfunn og eigen kultur for alle elevar.<sup>68</sup> I føremålet med historiefaget finn ein blant anna denne formuleringa «Historiefaget kan ha stor betydning for hvordan individet forstår og oppfatter seg selv og samfunnet, og for hvordan den enkelte skaper sin identitet og tilhørighet med andre.»<sup>69</sup> Alle tre faga har koplingar mellom historie, identitetsdanning og forankring i lokalmiljøet, og som Stugu også er inne på så er det å finne og erkjenne sin eigen plass i

---

<sup>66</sup> (Haugen og Villa 2016, Lokalsamfunn, s. 20)

<sup>67</sup> (Utdanningsdirektoratet, Læreplan i norsk, Formål.)

<sup>68</sup> (Utdanningsdirektoratet, Læreplan i samfunnsfag, Føremål)

<sup>69</sup> (Utdanningsdirektoratet, Læreplan i historie, Formål)

historia eit viktig element i identitetsdanninga.<sup>70</sup> I oppgåva har eg sett eit fokus på dette under det eg skriv om sogespelet i kommunen. Sogespelet har forankringar til historia gjennom Snorre sine attforteljingar i «Heimskringla». Spelet vert ein møteplass, ein allmenning, og det vil gjerne gå føre seg ei danninga gjennom samspelet med andre i alle generasjonar, frå ulike stadar og med ulike roller i spelet. Som lærar med erfaring frå grunnskule og vidaregåande har eg erfart det Jan Bjarne Bøe skriv om, at lokalhistorie kanskje er det tema som lærarar er mest åleine om.<sup>71</sup> Eg opplever likevel lokalhistorie som eit emne som gjerne fengjer barn og ungdom. I følgje Bøe vart det på midten av 1980-talet gjort ei undersøking på interessa elevar i grunnskulen hadde for historie. Undersøkinga viste at elevane fann lokalhistorie meir interessant enn nasjonal- og globalhistorie.<sup>72</sup> Dersom elevane får jobbe prosjektbasert, og ikkje minst har taktil og kinetisk tilnærming i staden for berre auditiv, så kan det skape større engasjement for historiefaget. Elevar i Herøyskulen har gjennom ulike besøk på Herøy Kystmuseum fått innblikk i lokalhistoria, og i tillegg fått prøve seg på ulike arbeidsoppgåver knytte til kystkulturen. Dei har dermed fått nytta både auditive og taktile tilnærmingar til røtene sine.

IKT har vore lenge i bruk i historiefaget, og framtida er vel helst virtuell. Spelteknologien kan nyttast, og på NTNU sin nettstad kan ein lese om eit av emna dei tilbyr våren 2018 «Virtuell og utvidet virkelighet (VR/AR) for læring og trening. Her vert det nemnt utvikling av spel som kan nyttast i lokalhistorie, utvikla på same prinsipp som spelet som hadde tilhengjarar heilt inn i salane på Stortinget, Pokémon Go.<sup>73</sup> Eg har i oppgåva fokus på korleis verdsveven og sosiale media kan vere med på å bevare kulturarven, og som lærar interessert i både historie og teknologi ser eg at her ligg det eit enormt potensiale. Men, den virtuelle verda kan aldri la ganen kjenne smaken av helledrivaren du har baka sjølv, VR-brillene vil ikkje gje deg treboler i hendene på grunn av at du har meistra å ro eit skip i lag med medelevar, og du blir heller ikkje våt på føtene fordi du tenkte at småsko ser finare ut enn støvlar, også når du skal i båt. Teknologi bør etter mitt syn verte eit suppleringsmiddel i undervisninga, aldri ein erstattar for det sjølvopplevdde. Å sjå om verdsveven og sosiale media på nokon måte kan vere med å styrke den lokale identiteten har som kjent vore ein del av dette prosjektet.

---

<sup>70</sup> (Stugu, Lokalhistoria og den nasjonale identiteten)

<sup>71</sup> (Bøe , 2002, Bildene av fortiden. Historiedidaktikk og historiebevissthet, s. 227)

<sup>72</sup> (Ibid, s. 226)

<sup>73</sup> (NTNU, Virtuell og utvidet virkelighet (VR/AR) for læring og trening, sist lese 13.mai 2018)

Lokalsamfunna har heilt klart fått nye utfordringar i den globale tidsalder. Som Haugen og Villa også kommenterer, avstandar betyr ikkje nødvendigvis så mykje lenger, samhandlinga går føre seg på nye måtar, teknologi gir nye premiss, og dermed både utfordringar og mogelegheiter når det gjeld forståinga av kva eit lokalsamfunn er.<sup>74</sup>

Svein Stugu byggjer mykje av boka «Historie i bruk» på minne, identitet og mytar, og korleis desse er sentrale for historieforståing, og i følgje han er det bortimot eit aksiom i historiefaget at historie har identitetsdannande funksjonar.<sup>75</sup> I oppgåva vil eg vil lyfta fram nokre element som kan underbygge dette aksiomet, men har ikkje via plass til drøfting rundt sjølve grunnsetninga, at historie er identitetsskapande. Øya Herøy har ein sentral plass i mykje av oppgåva. På øya finnast både minna og mytane, og slik sett bør den då vere ein av grunnsteinane i identitets-grunnmuren til herøyværingane.

## 2.4 Kultur og kulturarv

Å definere kva som kjem under paraplyane kultur og kulturarv er heller ikkje eit beinkløyvd prosjekt, og eg har måtte gjere nokre val for kva eg vil ha med når det gjeld kulturuttrykk og element frå kulturarven i Herøy. Mykje hadde kanskje fortent å få sin plass, men i staden for at det blir ei oppramsing av kva Herøy kan skilte med på kulturfronten, og kor mange som på ein eller annan måte våler og tek vare på kulturarven, så har eg heller studert nærmere nokre element. I Stortingsmelding 22 (2004-2005) har den dåverande regjeringa ynskt å synleggjere at kultursektoren kan spele ei stadig større rolle innanfor for ei nyskapande og berekraftig samfunnsutvikling. I den globale marknadssituasjonen er det viktig at verdiskapinga innanfor kultursektoren vert tydeleggjord. «Kultur og kulturbaserte næringer ofte lokalt rotfesta og spelar ei viktig rolle i lokal- og regional utvikling.»<sup>76</sup> Eg vil i analysen prøve å synleggjere utviklinga av den lokale og regionale kulturarven, og også sjå på mogelegheiter for å bevare element frå den.

---

<sup>74</sup> (Haugen og Villa 2016, s. 21)

<sup>75</sup> (Stugu 2013, s. 34)

<sup>76</sup> (Regjeringa St.meld 22 (2004-2005))

#### *2.4.1 Øya Herøy*

Øya og kommunen ber same namnet, og her er det mang ei historie og myte å hente fram. Det eg har teke med i oppgåva har eg som sagt i stor grad tufta på skriftlege kjelder som bøkene til Strøm og Rabben. I tillegg har eg brukt Magdalene Thoresen som kjelde, og kjelder frå Internett, for eksempel sogespelet sine sider. Sogespelet, Herøyspelet, Kongens Ring, kjært barn har mange namn, og i oppgåva vert desse nytta om kvarandre. I Lokalhistorisk Magasin 3/2009 skriv Oddvar Isene om den store veksten av historiske spel her i landet dei siste 15 åra, særleg i distrikta.<sup>77</sup> På nettstaden Spelhandboka.no finn ein desse kriteria for kva eit spel er: Det skal byggje på lokalhistorisk stoff, spelast i friluft, vere geografisk forankra til spelestaden, ha regelmessige framføringer og aktørane er anten amatørar eller ei god blanding mellom amatørar og profesjonelle skodespelarar.<sup>78</sup> Historiske spel er tufta på lokalt engasjement og på dognadsarbeid, og dei mange speldeltakarane, unge, gamle, aktørar eller publikum, får gjerne eit nært forhold til handlinga i spelet. For barn og unge som er med kan det vekkje og stimulere deira personlege ressursar, og på sikt kan læringa dei får ved å delta på eit sånt prosjekt få innverknad på seinare yrkeskarriere. At barn og unge fattar interesse for det som ligg i eit sogespel kan i følgje Isene verke førebyggjande fordi dei vert førte i ei positiv lei.<sup>79</sup> Herøyspelet føyer seg fint inn i rekka av spel som vert framførte i Noreg.

Ingen veit sjølvagt nøyaktig kor mange som er innom øya i løpet av eit år, men nokre av aktivitetane der kan fortelje litt om kor mange som gjer seg nytte av øya, naturen og kulturen. Herøy kommune har sidan 2002 hatt prosjektet «10 på topp». Eit slikt prosjekt kan vere med å stimulere innbyggjarane til å verte meir aktive, nytte naturen meir, og slik vert betre kjende med sitt eige nærområde. Servicetorget på rådhuset har ansvaret for prosjektet, og der har det blitt ført statistikk over kor mange som har kjøpt klippekort, og kor mange som har levert inn korta sine sidan prosjektet starta for 16 år sidan. Etter opplysninga frå tilsett ved Servicetorget, har det sidan 2012 blitt arrangert B-turar i tillegg til dei ordinære toppturane, meint for barn under 12, godt vaksne over 70 år, og personar med nedsett funksjonsevne. Frå 2013 har Herøy Gard vore med på lista over B-turar. Dette vil eg anta har vore med på å gjere Herøy Gard til eit enno meir populært turmål. Å få seg eit klipp på kortet sitt er vel alltid stas, og ikkje minst at det er tilrettelagt for alle. Fyrste året Herøy Gard var eit turmål kan ein sjå

---

<sup>77</sup> (Isene 2009, Historiske spel formidlar også lokalhistorie)

<sup>78</sup> (Spelhandboka.no, Spel – hva er det?)

<sup>79</sup> (Isene 2009)

ein liten auke i talet på dei som har fullført 10 på topp. Det vart selt to kort færre enn året før, men 17 fleire fullførte.<sup>80</sup> Ikkje nokon veldig auke, men talet på innleverte kort har auka, litt ujamt, men likevel nokså trutt, i dei åra kommune har hatt dette prosjektet. Dessverre vert det ikkje ført statistikk over kor mange som har fullført det einskilde turmålet, så populariteten til Herøy Gard som turmål kan ikkje dokumenterast gjennom 10 på topp-prosjektet.

Nokre tal har eg likevel kunne innhente frå Herøy folkebibliotek og frå museet på øya. Barn har fått si eiga «tue» på øya, ei barneboktue. Herøy er ein av stadane som er med i eit nettverk av utebibliotek for barn. Nettverket er drive av Ivar Aasen-tunet i samarbeid med kulturavdelingane i kommunane.<sup>81</sup> På tuene kan turgåarar nytte seg av dei nynorske barnebøkene som ligg i kassene, og slik kombinere tur og ei koseleg lesestund med barna. Herøy folkebibliotek har også faste lesestunder her. I følgje bibliotekleiaren i kommunen starta ein med desse lesestundene i 2015, då øya vart ein del av nettverket av slike barneboktuer. Frå 2016 har det vore faste lesestunder i regi av biblioteket. Seks til åtte gongar frå slutten av juni til byrjinga av august. Oppmøtet har vore variabelt, vær og vind har nok spelt ei rolle her. Det har på grunn av ferieavvikling ikkje blitt ført statistikk over frammøte, men bibliotekleiaren skriv at basert på tilbakemeldingar har det vore mellom fem-seks og opp til 35 barn på lesestundene. Vidare skriv ho at dei har nytta både leseombod og tilsette ved biblioteket på desse lesestundene.<sup>82</sup>

Museet Herøy Gard kjem under Stiftinga Sunnmøre museum, og dei har registrert besøkstal. I fjor var det totale talet på besøkande 5009, derav 2968 betalande. Bak desse tala ligg det 2833 enkeltbesøk av vaksne og 890 enkeltbesøk av barn og unge, i tillegg var der 181 vaksne som var på gruppebesøk, og 1105 barn og unge i den kategorien.<sup>83</sup> Herøyspelet kan skilte med eit publikumstal på om lag 2000 kvart år.<sup>84</sup> Museet og sogespelet dreg då om lag 7000 besøkjande som løyser billett, i tillegg kjem alle som nyttar sagaøya til turmål utan at det vert registrert. Øya er som kjent lita, i følgje Rabben knapt 1/8 mil i omkrins og med eit flatemål

---

<sup>80</sup> (Vedlegg 1, mail frå Servicetorget)

<sup>81</sup> (Nordal 2015, Sju nye utebibliotek i sommar, artikkel i Sunnmørsposten)

<sup>82</sup> (Vedlegg 2, mail frå leiaren ved Herøy folkebibliotek)

<sup>83</sup> (Vedlegg 3, mail frå Stiftinga Sunnmøre Museum)

<sup>84</sup> (Stiftinga Herøyspelet 2018)

på 0,2 km<sup>2</sup>.<sup>85</sup> Likevel, den vesle øya har noko ved seg, og eg vil i denne oppgåva lyfte fram fleire element frå kulturarven som er knytte til øya.

#### 2.4.2 Herøy og havet

Havet, eller det meir moderne uttrykket, havrommet, har vore sentralt for herøyværingane til alle tider. Det gjer sjølvsagt sitt til at mykje av den kulturarven eg har valt å ta med her har røtene sine i det maritime. I tillegg har det vore eit poeng for meg at mykje av det eg lyftar fram som kulturarv skal vere mogeleg å finne igjen på verdsveven, sidan eg også har hatt eit fokus på korleis røtene våre står seg i den tida vi er så mykje på vengjene. I denne oppgåva er det mykje som går hand i hand, og sjølv om eg etter beste evne har prøvd rydde elementa mine under ulike overskrifter, så vil det likevel vere mange trådar som går igjen i dei ulike emna eg skriv om. Å lyfte fram liv og livnad i gamal og ny tid betyr at ein må gjere nokre val. Kontrast kan vere ein nyttig reiskap, og difor har eg valt å ta med nokre sider ved både fiskarbøndene og dei meir kondisjonerte sine liv. Gamle og nye næringar har fått sin plass i oppgåva, ikkje minst turisme. Turisme er også ein vev av den gamle og nye tida, det lokale særpreget, naturen og kulturen vert lyfta fram og selt til både turistar og fastbuande.

## 2.5. Lokalsamfunn og nettverk

Herøysamfunnet er som sagt i stor grad tufta på havet, det har til alle tider gjeve både mat og shilling. Fiskerinæringa lokalt, og ikkje minst regionalt, har i mange hundre år vore ein del av eit eksportnettverk, noko ikkje minst klippfisken har sørga for. Klippfiskens si historie i Møre og Romsdal kan ein følgje tilbake til seint på 1600-talet, men det var først rundt 1730 at produksjonen kom i gong for fullt. Skotten John Ramsay kjøpte fiskeværa Grip og Veiholmen i 1737, og starta storstilt produksjon der. Kort fortalt vart Kristiansund den leiande klippfiskbyen i fylket, blant anna på grunn av at dei skotske kjøpmennene valde byen framfor å konkurrere med etablerte kjøpmenn i Trondheim og Bergen. Etter andre verdskrig overtok Ålesund som den leiande klippfiskbyen i fylket.<sup>86</sup> Klippfiskprodukt vert tilverka og eksportert frå Herøy også i dag, i lag med andre produkt tilverka frå både torskefamilien og andre artar. I kapittel tre vil eg kome inn på eit reiarlag som har spesialisert seg på blant anna filetar av hyse

---

<sup>85</sup> (Rabben, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2, s. 412)

<sup>86</sup> (Utne 2018, Kleppfisk, artikkel på Lokalhistoriewiki)

og som vert selt både lokalt og globalt. Kommunen huser også eit lakseslakteri og eit nystarta firma som driv med dyrking av tare. Sjølv om laks kanskje ikkje har vore kvardagskost for allmugen i Herøy, og såleis ein del av matkulturarven, og taren for det meste har vore nyitta til å dryge dyrefør, til gjødsel, eller i nokre høve til farmasøytske produkt, så har eg valt å ta dei med på det grunnlaget at dei er store lokale bedrifter tufta på matfatet i havet og som opererer i den globale marknaden. Ein del av det som vert hausta frå havet i dag vert vidareforedla til mat som ikkje har vore spesielt typisk for lokale ganar, men tilpassa områda produktet vert selt i, ein slags omvendt globaliseringsprosess. Eg kan berre tenkje meg kva forfedrane mine hadde sagt om det var sushi og tare som stod på menyen då dei kom heim frå arbeidet på sjøen, men det er ikkje til å kome frå at globalisering, tilpassing til den lokale marknadane ein vil operere i, gir både mat og pengar i våre dagar. Noko av kapitalen som ligg næringslivet i Herøy er global og noko er patriotisk og lokal. Eg vil kome inn på nokre av tilfella der den patriotiske kapitalen har blitt ført tilbake til samfunnet, spesielt gjennom kultur og turisme.

Bukve og Gammelsæter viser til endringar der ein standardisert masseproduksjon og vertikal integrasjon vert avløyst av småbedrifter som spesialiserer seg, men samstundes samarbeider i horisontale nettverk.<sup>87</sup> Bazeat, sett saman av bazar og eat, er eit nyestablert nettverk på verdsvegen der den som driv med matproduksjon i småskala i distriktet kan reklamere for og selje varene sine via Bazeat sine nettsider. I tillegg kan produsent og forbrukar ha direkte kontakt gjennom nettverket, noko som kan skape tryggleik for forbrukarane i og med at ein kan følgje ei vare frå den vert produsert til den hamnar på å eige bord. Ein slik type produksjon og kontakt med forbrukar ligg opp mot tankane bak den italienske Slow Food-organisasjonen. Næringsklynger er eit av omgrepene Bukve og Gammelsæter nyttar når dei skriv om næringsregionane på Nord-Vestlandet. Bedrifter som høyrer til i tilgrensande bransjar, og som samarbeider og formar regionale innovasjonssystem.<sup>88</sup> «Den maritime klynga» er eit godt innarbeid omgrep når det gjeld sore lutten av fylket. Reiarlag, skipsverft, lokale bedrifter, NTNU og Norsk Maritimt Kompetansesenter har tradisjon for samarbeid når det gjeld bygging av nye skip og utnytting av havrommet. I Herøy finn ein ei «mini-klynge» som også har havrommet, teknologi og det grøne skiftet i fokus, Runde Miljøsenter. Eg vil i

---

<sup>87</sup> (Bukve, Gammelsæter og Løseth 2004, s. 15)

<sup>88</sup> (Ibid, s. 15)

kapittel tre vise til korleis Miljøsenteret på mange måtar opererer både lokalt og i den globale verda.

## 3.0 Det lokale i det globale

### 3.1 Herøyspelet

Herøyspelet Kongens Ring er altså sogespelet frå heimkommunen min, og opphavet til at eg valde å skrive akkurat denne oppgåva. Som så mange andre spel dukka det opp på spelkartet på byrjinga av 1990-talet, nærmere bestemt fyrste helga i juli 1992. På Herøyspelet sin eigen nettstad finn ein bakgrunnshistoria for at spelet no i 2018 skal setjast opp for 27. gong.

Herøyværingen Roald Sporstøl, ein bauta i kulturlivet i Herøy, og kona Liv hadde ein gong på slutten av 80-talet reist til øya Kinn for å sjå Kinnaspelet. Dette spelet vart sett opp for fyrste gong i 1985.<sup>89</sup> Ein av hovudrolleinnehavarane dette året var herøyværingen Gerald Pettersen. Sporstøl tok kontakt og spurte om det ikkje skulle vere mogeleg å få til noko sånt i Herøy også. I lag med to andre herøyværingar, Arnljot Grimstad og Bjørn Holum, sette dei planane ut i livet.<sup>90</sup> Dei kontakta forfattaren som hadde skrive Kinnaspelet, Rolf Losnegård, og gjorde avtale om at han skulle skrive eit sogespel til Herøy. Lokalisasjonen for eit sogespel skal sjølv sagt ikkje vere tilfeldig, og kva var vel meir naturleg enn å leggje Herøyspelet til øya Herøy, sjølve opphavet til kommunenamnet.

#### 3.1.2 Soga bak Kongens Ring

Eit sogespel med respekt for seg sjølv bør vel helst kunne forankrast i Snorre, og kanskje aller helst til Olav den Heilage, nasjonalsymbol nummer éin frå vikingtida, og Kongens Ring vart ikkje noko unnatak. Losnegård tok utgangspunkt i kapittel 142 i «Snorres Kongesagaer», Soga om Olav den Heilage. Kort fortalt så vitja Olav, då Haraldsson, Herøy våren 1027. Han kom frå Nidaros, skulle samle leidangen sin, og det var medan han venta på hæren at han vart liggjande på Herøy. Ventetida nytta han blant anna til å halde husting. Ei av sakene som kom opp på eit slikt husting var irritasjonen Olav hadde over at han hadde mist så mange av mennene som han hadde sendt til Færøyane for å krevje inn skatt. Han ville på ny få sendt ein

---

<sup>89</sup> (Kinnaspelet u.d.)

<sup>90</sup> (Stifitnga Herøyspelet 2014)

mann over til Færøyane, og såg difor utover forsamlinga på hustinget og spurte om der var nokon som melde seg som mann for ei slik oppgåve, Ikkje ein einaste éin melde seg. Til sist reiste det seg ein brande av ein kar, kledd i raud kjortel, noko som i seg sjølv burde vere nokså oppsiktsvekkjande, med vikinghjelm på hovudet, og sverd og hoggspyd ved si side. Han uttalte då orda, som måtte vere rimeleg audmjukande for herøyværingane å høyre, «Dere har en god konge, men han har låke karer.»<sup>91</sup> Mannen viste seg å vere Karl Mørsk, ein mann av stor ætt, og som Olav mang ein gong hadde prøvd å få tak i på grunn av plyndringane hans. Karl Mørsk tok på seg oppdraget med å reise til kongen sitt skatteland i vest, og dei låke herøyværingane sat igjen, kanskje både med skam og med lette. Kva som var målet til Karl med å ta på seg å vere kongens skattemann, noko som måtte fortone seg særslig sidan kongen allereie hadde mist mange av sine menn på dette oppdraget, det har historia lagt sitt skjul over. Som dei som hadde reist i førevegen for Karl Mørsk, så kom heller ikkje han attende med verdiar til kongen sitt skattkammer, han enda sine dagar med kløyvd skalle på Færøyane. Losnegård hadde ikkje så mange linjene i «Heimskringla» han kunne bruke som utgangspunkt for arbeidet sitt med å skrive eit sogespel med lokal forankring. Det står eigentleg fint lite om Herøy og nasjonalhelgenen sitt besøk i kapitlet, anna enn at Olav låg på Herøyane og venta på leidangen, at kongen ofte heldt husting i den perioden, og at karane der var «låke». Men dette heldt altså for forfattaren, som etter Kinnaspelet og Kongens Ring har skrive seks sogespel til.<sup>92</sup>

### *3.1.3. Vikingmusikal for kystfolket*

Éi side i «Snorres Kongesagaer», ei lita øy, initiativrike folk i lokalmiljøet, og ein forfattar med auge og penn for sogespel, har gjort til at det fyrste helga i juli kvart år sidan 1992 har syda av folk i, og ikkje minst på, Herøy. Eit viktig element som ikkje kan utelatast når det gjeld sogespel er musikken. Musikken til Kongens Ring er skriven av herøyværingen Svein Møller, som også dirigerte kor og orkester fram til han døydde i 1999. Musikken og korsongen er definitivt berande element for den suksessen spelet har hatt. Herøyspelet blir profilert som ein vikingmusikal, sjølv om dette meir sannsynleg er ambisiøse spelfolk sitt verk, og kanskje ikkje Møller sine tankar. Sogespellet har kvart eit einaste år hatt ei blanding av lokale folk i tillegg til profesjonelle skodespelarar, og om lag 180 personar er på scena

<sup>91</sup> (Hødnebø og Magerøy 2000, Snorres Kongesagaer, s. 370)

<sup>92</sup> (Starheim 2012, Rolf Losnegård, artikkel frå Allkunne- levande leksikon)

under ei førestilling. I tillegg til dei 180 med kostymer på scena, så er det minst like mange som har ei rolle bak scena. Det er eit stort apparat i sving for at spelet skal kunne verte ein realitet, og eit nokså stort kulturlyft for ein kommune med knappe 9000 innbyggjarar. Dei fleste som er med er herøyværingar, men der er også folk frå nabokommunar, og i nokre tilfelle frå heilt andre kantar av landet, men då gjerne med ei eller anna forankring til Herøy. Eg har mang ein gong undra meg over kva det er med sette sogenespelet som gjer at ein stad mellom 350- 400 menneske møter trottig opp år etter år. Frå stivakt til styreleiar, alle har sin jobb å gjere for at spelet skal kunne oppførast, alle er like viktige på sin post, og alle har eit felles mål, å få vist fram dette produktet som ein er så stolte av her yst ute i havgapet. Men kva er grunnen til at folk, nokre i år ut og år inn, vil vere med på alt dette dognadsarbeidet? Styret er i sving heile året, teknisk personell byrjar allereie tidleg på våren å klargjere spellassen, og i knappe to veker i juni–juli legg mange vekk alt anna enn jobben sin og speløvingar. Er det mange som er genuint opptekne av dognadsarbeid i seg sjølv her ute på øyane? Er det for å bevise at vi er søner og døtrer av kystfolket, og derfor likar oss best ute og nær sjøen, når det, sjølv i juli, til tider regnar vassrett og vinden stel lyden frå sjølv dei mest avanserte mikrofonar? Eller er grunnen at dei som er med på slike kulturdugnadar rett og slett er spesielt historieinteresserte? I følgje Losnedahl så er hensikta med å sette opp slike spel å attskape den lokale identiteten.<sup>93</sup> Mest sannsynleg er ikkje Herøy er noko unntak, identitet kan vere eit nøkkelord.

### *3.1.4 Lokal og global strid*

Herøy er ein øykommune der båt til alle tider har vore transportmidlet. Frå slutten av 1960-talet gjekk ein i gong med storstilt brubygging, og i dag er vel tittelen brucommune mykje meir dekkande enn øykommune. Med bruene på plass, ikkje minst Herøybrua som bind indre og ytre del av kommunen saman, vart det ei ny tid. Det seier seg sjølv at det vart enklare for herøyværingane å møtast etter at øyane var knytte saman, og det opna seg mange nye mogelegheiter for samarbeid. Herøy er som nemnt ein delt kommune, indre og ytre, og det er ikkje til å stikke under stol at det til tider har vore nokså harde feidar mellom dei to delane. Det står då som oftast om økonomi, og det vert hevd frå indre del av kommunen at det er ytre som får mest ressursar. I ytre del av kommunen slår ein gjerne med at det bur fleire folk der enn i indre, i tillegg til at kommunesenteret Fosnavåg også ligg der, så det er naturleg at

---

<sup>93</sup> (Losnedahl 2006, ... i begynnelsen var Holberg, s. 401)

mykje vert kanalisert dit. I desse dagar går det føre seg ein prosess blant leiarane i kommunen som har fått beskjed om å spare på sine budsjett. I lokalavisa «Vestlandsnytt» kunne vi den 13. april i år lese at det er indre del av kommunen som ser ut til å få kjenne mest på konsekvensane av at sparekniven må fram igjen, då ein barneskule og ei avdeling av brannstasjonen er foreslått lagt ned.<sup>94</sup> Folket i indre har fleire gongar måtte kjempe hardt for å få same tilboda som ein har i ytre. I siste utgåva av tidsskriftet til Herøy Sogelag, «Folk og Fortid», kan ein lese om ein strid som gjekk føre seg frå 1970-talet og fram til 1983. Kampen var hard, og frontane steile, då saka om ein ny aldersheim i indre del av kommunen stod på agendaen.<sup>95</sup> Den kampen vart krona med siger, i oktober 1982 kunne dei fyrste flytte inn, og der er i dag bebuarar frå både indre og ytre del av kommunen. I kjølevatnet av innflyttinga dukka det opp ein ny strid, kampen om å få sjukeheimspllassar. Det vart ei lang historie, med minst like harde frontar, og trugsmål om å stengje både vass- og straumtilførsel frå indre til ytre.<sup>96</sup> Fylkestinget avgjorde saka i mai 1983, og det vart då 15 sjukeheimspllassar til indre og 15 til ytre.<sup>97</sup> I Vestlandsnytt frå 20.04.18 kan ein igjen sjå at innbyggjarane i indre mobiliserer, og denne gongen er det kampen for å få behalde brannbilen det gjeld.<sup>98</sup>

Eg kunne ha nemnt mange fleire konfliktar som har gått føre seg mellom indre og ytre del av kommunen, men det er ikkje så relevant for oppgåva. Grunnen til at eg tek det med nokre eksempel er for å vise at Herøy ikkje er ein kommune der det herskar ro og fred i eitt og alt, heller at det kanskje er ein kommunen med meir splitting enn mange andre. Det er forståeleg at dersom ein gong etter gong føler at ein vert ekskluderte frå kommunefellesskapet, at ein ikkje kjenner seg likt behandla, og nesten like gjerne kunne ha vore tilknytte nabokommunen, så borgar ikkje det godt for ein felles lokal identitet.

Striden mellom indre og ytre kan altså til tider vere hard, men min påstand er at dei to vekene herøyspelentusiastar samlast på den vesle øya som ber kommunenamnet, anten ein er med på sjølve spelet eller kanskje har den viktigaste rolla, å vere publikum, då er alle stridar lagde til sides. Det er ikkje «indringar» og «ytringar» som dreg lasset saman under kulturdugnaden,

---

<sup>94</sup> (Flatval , 2018, Moltu i faresona, artikkel i Vestlandsnytt)

<sup>95</sup> (Bø 2017, Alders- og sjukeheim i Myrvåg – ein vellukka lokal kamp s. 33. Folk og Fortid 2017)

<sup>96</sup> (Ibid, s. 37)

<sup>97</sup> (Ibid, s. 41)

<sup>98</sup> (Flatval 2018, Folk slår ring om brannbilen i Myrvåg, artikkel i Vestlandsnytt)

det er «herøyværingar». Dette synes eg er fascinerande. Sogespelet har noko i seg, det gjer noko med menneska som varar til kommunen. Det ein har til felles, i dette høvet ei for så vidt enkel og oppdikta historie, tufta på nokre få linjer nedskrivne på 1200 - talet av ein skald på Island, gjer seg meir gjeldane enn Herøysamfunnet i notid.

Forfattar Losnegård har skrive inn heilt andre typar strid i bestillingsverket frå Herøy. Strid mellom mor og dotter, mellom ektefellar, strid om arv og nye generasjonar som ikkje slepp til. Strid mellom lokalbefolkinga i Herøy og dei herjande berserkane til Møre Karl, striden i hjartet når ein står mellom to menn, og striden mellom dei gamle heidenske tradisjonane og den nye religionen som kjem utanfrå, kristendommen. Unn den fagre, dotter av herøyhovdingen Ragnar og den stride Inga, er vekk lova til herøyværingen Ingolv Ynda. Ein mann som mor hennar, etter god tradisjon, har valt for henne på bakgrunn av kva ætt Unn høyrer til, ikkje kven hovdingdottera nødvendigvis vil ha. Unn forelskar seg i Møre Karl ei vakker vårnatt, rømer med han, og kjem ikkje tilbake til Herøy før det har gått fleire månadar. Karl og ungdomane i gruppa hans er kjende for å plyndre og herje, men det er Unn som set fyr på høvdingshuset, barndomsheimen, og i ein disputt med mor si seinare kjem det fram at ho ville herje Herøy, brenne alt det gamle, kome seg vekk frå alt det harde og mørke som mor hennar står for. Opp i alt kaoset mellom herøyfolket og den ville gjengen til Karl, kjem Olav Haraldsson til øya. Han gir befaling om at berserkane, som blant anna er herøyungdomar, skal byggje opp att Herøy, foreldregenerasjonen skal gi frå seg gardar og fiskebruk, men ha rom og kår slik lova gir dei rett til. Karl tek som kjent på seg oppdraget med å reise til kongen sitt skatteland i vest, og som teikn på at han er kongen sin mann, får han ein gullring av kong Olav. Striden mellom det heidenske og kristendommen er det ei trollkvinne frå Færøyane og mannen hennar som står for, Kjerring Bråte og Fe den synske. Ho har forhekxa ringen og utfordrar kongen til å ta den på seg. Kongen kan sjølvsagt ikkje vise verken seg eller trua si som svak, så han tek den på seg, og publikum får sjå kampen som Olav då strir. Til slutt, blant anna ved hjelp av bønene til bispen og prestane han har med i følgjet sitt, vinn kristendommen, i alle fall for denne gong. Karl reiser, og på Herøy går den gravide Unn og sorgjer. Ho har gjort opp med mor si. Den harde Inga har, etter påtrykk frå mannen sin, kvitta seg med det gamle hatet og er klar til å ta i mot det nye livet som dotter hennar ber på. Ingolv Ynda derimot har ikkje gitt opp hatet, og då han prøvar å drepe barnet til Unn og Karl rett etter at det har kome til verda, fell han sjølv for sverdet til Inga. Væpnaren til Karl Mørsko kjem tilbake, med gullringen til Olav og den kløyvde hjelmen til Karl. Kongen kjem til Herøy

igjen midt opp i dette kaoset som då herskar på høvdinggarden, og han døyper det farlause barnet til Unn. Mange draumar knuste, men håpet ligg i det nye livet.

Det ligg sjølv sagt mange lag i historia til Losnegård, og ein kan sjå spelet mange gongar, og likevel oppdage nye ting, nye lag som spelar seg ut. Einar Dahl har designa kostymane til spelet.<sup>99</sup> Kostymane gjer sjølv sagt sitt til at publikum lettare kan sette seg inn i historia som vert fortalt på scena. Slik eg har opplevd det, så har ein maks flaks med vêret om det er grått med litt trolsk skodde som heng tungt ned i fjella. Kanskje den til og med har sige så lavt at den dekkjer det moderne livet på Mjølsteinneset rett over fjorden, då ligg alt til rette for at ein kan leve seg inn i livet og verda til dei som levde på Herøy for tett på 1000 år sidan. Frå litterære storkanonar som Holberg og Ibsen har vi lært at i skodespel bør ein kjenne igjen, om ikkje seg sjølv, så i alle fall typar, og det bør vere realistisk. Men, har eigentleg eit slikt sogenespel noko vi kan kjenne oss igjen i, er her typar som kan passe inn i den globaliserte verda på 2000-talet, og er her noko ein kan kjenne att?

Stridane kan vi kjenne att. Kjærleiken er ikkje nødvendigvis enklare i dag, og tvangsekteskap førekjem også. UDI har ein eigen nettstad der den som har spørsmål om, eller sjølv har blitt utsett for tvangs- eller barneekteskap, kan finne informasjon om kvar dei kan få hjelp.<sup>100</sup> Frå tid til anna dukkar det opp nyheitssaker om innvandrarforeldre som sender ungdomane sine tilbake til heimlandet for at dei skal verte gifte der, med ein dei eller familiene deira der har valt ut. Striden mellom generasjonane har heller ikkje ebba ut med åra, sjølv om det i dag er heller få i Noreg som har rom og kår etter lova, slik Losnegård sin Olav Haraldsson dømer mellom Herøyfolket og ungdomane deira i 1027. I den vestlege verda har generasjonane mykje godt skilt lag, og har ikkje lenger felles bustad. I staden for å gå opp ei trapp, eller bort i nabohuset, kan det vere barn som i dag brukar Skype for å kommunisere med beste- og oldeforeldre som bur fleire månadar av året i utlandet som klimaflyktningar. Tal frå NAV viser at i 2015 vart det utbetalt neste 3,8 milliardar i pensjonstrygd og 1,5 milliardar i uføretrygd til personar busette utanfor Noreg sine grenser, og dei fleste av dei som tok i mot stønadane er norske statsborgarar.<sup>101</sup> I globaliseringa sin tidsalder kan altså avstanden mellom

---

<sup>99</sup> (Stifitinga Herøyspelet 2014)

<sup>100</sup> (Utlendingsdirektoratet u.d. Tvangsekteskap og barneekteskap)

<sup>101</sup> (Talos 2016 Norske pensjonister i utlandet fikk milliarder fra Nav, henta frå Adressa.no)

generasjonane vere lang i mil, men likevel kort når det gjeld kommunikasjon. Beste- og oldeforeldre, og i min familie tippoldeforeldre, har både smarttelefon, iPad og Facebook i dag.

Religionsstridane har heller ikkje ebba ut sidan Olav innførte kristendommen til Noreg. Ingen får i dag valet som herøyfolket i Kongens Ring, døypast eller døy, og til lengre vi har reist, og til meir vi har lært å kjenne, til større har fridomen vorte når det gjeld både religionar og retningar. Innvandrarar tek også med seg religionane sine når dei kjem til Noreg, og er slik med på å mangfaldiggjere det religiøse biletet.<sup>102</sup> Sjølv om ein ikkje oppfattar seg sjølv som ein truande i utgangspunktet, og ikkje hadde oppsøkt religiøse miljø i heimlandet, så sokjer nokre innvandrarar til det fellesskapet som religion kan gi når dei kjem til eit nytt land. Her kan ein i tillegg til å snakke sitt eige morsmål, også «frette nytt», og ikkje minst kjenne på at ein har eit fellesskap med nokon. Ein har ein felles identitet, og er «vi» i staden for «dei». Dette gjeld like mykje for nordmenn i utlandet. Noreg har sine sjømannskyrkjer, 29 i talet, over store delar av verda.<sup>103</sup> Sjømannskyrkja har prestar som jobbar blant dei tilsette i offshore, blant studentar og også ambulerande sjømannsprestar. Nordmenn i utlandet oppsøkjer dei gjerne både når dei bur, meir eller mindre permanent, på ein stad eller er på ferie, der det finst ei sjømannskyrkje, nokre vel å gifte seg der, og ikkje minst så er desse kyrkjene samlingspunkt ved høgtider og på 17. mai. Eg vil seinare i oppgåva kome tilbake til lenkja mellom Herøy og sjømannskyrkjene. Nasjonaldagen er det gjerne stas å feire i lag med andre nordmenn, med flagg og eige tog, uansett kor merkeleg det må fortone seg for dei andre innbyggjarane i landet. NRK sender også gjerne biletbrev frå éi eller fleire sjømannskyrkjer på slik ein festdag. Ein organisasjon som «Sjømannskirken» må følgje med i tida, og dei har sjølvsagt si eiga side på Facebook og du kan følgje dei på biletdelingstenesten Instagram.

Den største kontroversen når det gjeld religion i dag står nok om islam. Her kunne eg ha teke med mange eksempel, ikkje minst frå nokre av tabloidavisene, men eg har valt å ta med tal frå berre éi undersøking, gjort blant ungdomar. Dette fordi islam berre er éin religion i det store mangfaldet, og religion i seg sjølv ikkje er noko stort tema i oppgåva, eg har hatt større fokus på ungdom og det som kan oppfattast som ungdomskultur, for eksempel sosiale media.

---

<sup>102</sup> (Daugstad og Østby 2009, Et mangfold av tro og livssyn, henta frå SSB.)

<sup>103</sup> (Sjømannskirken. Norsk kirke i utlandet u.d.)

Velferdsforskningsinstituttet NOVA gjorde i 2015 ei undersøking, Ung i Oslo 2015, om haldningar til ekstremisme. Om lag 8500 ungdomar mellom 16-19 år var med på undersøkinga, noko som vil seie at omtrent 70 prosent av ungdomane i hovudstaden var med.<sup>104</sup> Nokon vil alltid falle utanfor ei slik undersøking, og her gjaldt det ungdom som ikkje gjekk på vidaregåande eller var lærlingar. Dette kan sjølvsagt endre biletet noko sidan analysane i rapporten viser at ungdom som går lengst i å støtte ekstremistiske haldninga har visse kjenneteikn som kan knytast opp mot å ikkje fullføre vidaregåande skule. Eit funn i rapporten viser at 58 prosent av ungdomane er heilt eller delvis einige i at Vesten ligg i krig med islam. NOVA-forskar Vestel peikar i eit intervju i «Aftenposten» på at 20 prosent har svart «Vet ikke», så dette er nok eit vanskeleg spørsmål for mange unge å svare på. Ein av grunnane til at så mange som 58 prosent har svart at Vesten er i krig med islam, kan vere tufta på at krig ofte er nemnt i forhold til islam.<sup>105</sup> Omtrent ni prosent av ungdomane har sagt seg heilt einige i at islam trugar norsk kultur og verdiar, og like mange har svart at Vesten trugar islam sin kultur og verdiar. Tek ein med dei som seier seg litt einige, så er prosentandelen 25 og 31. Retorikken rundt islam har nok ein del av skulda for desse oppfatningane, det er til dels steile frontar og harde ord. Kampen går ikkje føre seg med sverd og øks som på Olav og Møre Karl si tid, men penn, eller i dag tastatur, er vel så dugande våpen til krigføring.

Styret for Herøyspelet organiserte dei fyrtse åra eit økumenisk symposium som eit arrangementet knytt til sjølve spelet. Det var ikkje med muslimar som samarbeidspartnarar, men for det meste partnarar frå Island, Færøyane og Storbritannia. Folk frå desse øyane var vel kanskje også dei mest naturlege utanlandske «samarbeidspartnarane» til Heilag Olav og Karl Mørkske, så partnarane har nok vorte valde i spelet si ånd. Økumenisk symposium har ikkje stått på agendaen på mange år, men kvart år er det økumenisk gudsteneste på den gamle kyrkjetufta på øya Herøy. Herøyspelet vert då kopla til eit visst religiøst samarbeid, men ofte berre mellom ulike kyrkjesamfunn i lokalmiljøet. I Kongens Ring står det ein strid i mellom maktene, mellom «kristenmakt» og «trolldomsmakt». Ein finn både kristenmakta og trolldomsmakta i det religiøse biletet i dag også. Mangfaldet er som kjent større enn nokon gong. Det globaliserte mennesket vert gjerne, i alle fall i Vesten, sett på som eit sekularisert menneske. At mangfaldet blant religionar aukar, viser vel at menneska likevel har eit behov

---

<sup>104</sup> (Bakken og Vestel 2016, Holdninger til ekstremisme, Resultater fra Ung i Oslo 2015, s. 65)

<sup>105</sup> (Mellingsæter og Haugsvær 2016, 6 av 10 Osloungdommer mener det er krig mellom islam og Vesten)

for ei tru, for noko som er større enn ein sjølv. Etter eit kjapt søk på Facebook ser det ut som dei religiøse organisasjonane har skjønt kvar dei best kan møte sine tilhengjarar i dag. Utan å ha noko grunnlag for å kommentere kva og kven som ligg bak desse tala, så ser eg for eksempel at Den Norske Kyrkja har over 20 000 følgjarar på si facebookside, ei lukka gruppe for den moderne naturreligionen Wicca har vel 30 000 medlemmar og ei pakistansk side for islam har 3,6 millionar følgjarar. Poenget mitt er at sjølv i den globaliserte straumen vi ser ut til å vere i, så gir vi likevel ikkje slepp på religion. Vi har større valfridom, det er ikkje døypast eller døy, og skulle vi vere i tvil om kva som er den rette religionen for oss, så finn vi fort og greitt informasjon på dei ulike nettstadane deira. Vi kan også melde oss inn i grupper på Facebook, og dermed både få innsyn og verte ein aktiv deltakar i eit religiøst nettsamfunn. «Ny», «tru» og «truar» er altså fortsatt aktuelt når det gjeld religion i dag, akkurat slik det var i 1027.

Herøyspelet i lag med alle andre sogespel er fiksjon, tufta på nokre få linjer i eit litterært verk som er medrekna i kulturarven vår. Nokre vil kanskje rynke på nasen over ein sånn måte å bruke historisk materiale på, medan andre vil forsvare det og seie at det gjer historia meir allmenn kjent. Utan å ha belegg for det, så vil eg tru at det var mange herøyværingar som ikkje kjende til at heimkommunen er nemnd i lag med Noreg sin største helgen i Snorres Kongesagar. No kan ein nok stille spørsmål ved kor mykje av det den islandske nasjonalskalden skreiv ned, 200 år etter at det skulle ha skjedd, ein kan feste lit til. Tilliten er i alle fall stor nok til at Snorre sine skrifter går inn som ein del av kulturarven vår, og dermed har dei også kraft til å påverke kjensla av eit fellesskap og det igjen ein identitet. Ei kjensle av identitet har mest sannsynleg større kraft når det gjeld å trekke til seg folk enn det dugnadstimar i all slags vêr har. Det spørst om ikkje Losnegård har funne ein streng å spele på blant herøyværingane. Han nytta kulturarven, let eit husting verte sentralt, eit husting som for Olav Haraldsson kanskje var rimeleg utan anna tyding enn at han fekk sendt ein ny mann for å prøve seg som skattefut av Færøyane, og skreiv det saman med menneske og stridar som ein kan kjenne seg att i. Losnedahl peikar på at sogespel er ein felles aktivitet som er med på å skape og attskape den lokale identiteten.<sup>106</sup> Under arbeidet med oppgåva har eg intervjuat nokre av eldsjelene i spelet, og eg har blant anna vore interessert i å få vite meir om tankar rundt kva sogespellet kan gjere for identiteten deira. Er dette noko dei er bevisste på, ligg det i

---

<sup>106</sup> (Losnedahl 2006, s. 404)

ryggmergen, er det knytt opp til eit ynskje om å bevare det ein oppfattar som kulturarv, eller er det eit ynskje om å vere ein del av eit lokalsamfunn, noko som kan forankre identiteten i ei verd som snurrar fortare enn nokon gong? Funna eg gjorde ut i frå desse intervjua kjem eg tilbake til i kapittel fire.

### *3.1.5. Kulturmøter*

Eit sogespel kan ha rom for mange kulturmøter. Sjølvsagt har ein møte mellom gamal og ny kultur når forfattaren har teke utgangspunkt i den norrøne kulturen og skrive eit spel som skal framførast 1000 år etter. Både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale aktørar kan vere å finne på rollelistene, og dermed kan det i pausane vere rom for kulturmøter av ymse slag. Det kan vere møter mellom indre og ytre Herøy, ny og gamal kultur, språk, dialektar og ikkje minst møter mellom generasjonar. Aldersskilnaden mellom aktørane kan vere godt over 70, kanskje til og med 80 år. Gamle og unge dreg lasset i lag for å skape eit best mogeleg produkt. Det går gjerne ikkje lang tid mellom kvar gong ein kan lese artiklar om at ungdom i dag er meir heime og sit meir stille framfor ein skjerm.<sup>107</sup> Sjølv om dei er på sosiale media, så føler dei seg meir einsame. Kommunikasjon går gjerne føre seg ved hjelp av eit tastatur og ikkje ansikt til ansikt.<sup>108</sup> I globaliseringa si tid, der møteplassane er fleire og kommunikasjonen omrent synkron uansett kvar ein er på kloden, så viser utviklinga at befolkninga vert meir og meir einsame.

Dette kan fellesskapet som eit sognespel gir vere med å bøte på. Unge og eldre møtest, ein jobbar for fellesskapet, og praten og låtten sit laust i pausar. Herøyspelet har alltid hatt med ei stor gruppe med barn. Aldersgrensa er seks år for å vere med, og dei fleste drøymer om å få verte herjungar, Møre Karl sin flokk, som 16-åringar. Ein del av barna har sjølvsagt med foreldra sine i spelet, men nokre er også med utan. Barn er barn, dei finn på mykje rart, og må også finne seg i å få korreks for noko av det ifrå dei vaksne i spelet. Eit gamalt afrikansk ordtak seier at det trengs ein landsby for å oppdra eit barn. Før var det gjerne sånn at ein måtte finne seg i at både storfamilien, naboor og andre vaksne irettesette ein dersom ein gjorde noko gale. Det er vel ikkje fullt så vanleg i dag, av mange grunnar, men på ein spellass med alle sine generasjonar og oppgåver, kan ein oppleve dette. Spellassen blir for eit par veker

---

<sup>107</sup> (Langset 2013, Norsk ungdom er mer hjemmekjær enn noen gang)

<sup>108</sup> (Kvittingen 2017, Kvittingen 2017, Ensomme og mye på sosiale medier)

omtrent som den garden den skal illustrere, der fellesskapet har ansvar for både oppseding og å ta vare kvarandre. At barn er viktig for spelet på mange måtar herskar det ingen tvil om, og på Giske var det skulen og barna der som var opphavet til at det vart eit Giskespel. Styreleiar Arne Tunheim skriv på nettstaden at Giskespelet gir elevane lokale knaggar å henge kunnskapen på, og det igjen fører til større interesse for historie.<sup>109</sup> Barn som får kunnskap til si lokale historie, og dermed tilgang til ein del av kulturarven, vil få ei forankring til heimstaden, og forankring byggjer oppunder identiteten. Å vere deltarar på eit sogenespel kan dermed vere verdifullt for både deltarane sjølve og for bevaringa av kulturarven, i alle fall dersom nokon tek seg tid til å fortelje om den. I den globale tidsalderen, der ein gjerne klikkar seg fort vidare frå sak til sak, og dermed ikkje let informasjonen få feste før ein har gått vidare til neste sak, vert det endå viktigare å stoppe opp og ta seg tid til å la søkkje inn det ein vil skal verte hugsa. Eg ser det derfor som viktig at dersom kulturarven som ligg nedfelt i eit sogenespel skal bevarast, så må det gjerast kjent kva som er element frå kulturarven, og ikkje minst kvifor det er viktig å ta vare på den. Menneske av i dag er nesten konstant i farta, anten fysisk eller på verdsvegen, og skal ein få dei til å stoppe opp, må det kjennast ut som stoppet har ei viss tyding for ein, viss ikkje klikkar ein seg vidare til noko som ser meir spennande ut. Eit av kulturmøta som kan få fanga interessa til folk slik at dei stoppar opp ved eit sogenespel er møtet mellom amatørar og profesjonelle. Nyhende om kjende personar har fått større og større verdi i media, nesten uansett kva saka gjeld, og kan ein få lagt ut ein post på Facebook, helst med bilet av seg sjølv i lag med ein kjendis, ja, då er dagen gjerne berga. Herøyspelet er opphavet til mang ein Facebook-post med blyge amatørar og medievande profesjonelle.

Profesjonelle skodespelarar og regissørar overfører noko av sin teaterkultur til amatørane, og slik kan amatørane både lære og vidareføre kunnskapen i lokalmiljøet. Det er nok ikkje få kulturskuleelevar som har drege nytte av å få samarbeide med dei som har teater som levebrød. Dei profesjonelle gir gjerne førestillingane eit lyft, og har dei kjende namn, så kan det hjelpe på publikumsinteressa. Får ein lokka til seg storkanonane frå kulturlivet har ein gjerne forhåpningar om at det kan det gi klingande mynt i kassa. Herøyspelet hadde namn som Helge Jordal og Karoline Krüger på rollelistene i nokre av dei fyrste åra, og dette gjorde nok sitt til at spelet fekk etablert seg på spelkartet på grunn av stabiliteten det gav i publikumstala. Andre kjende namn frå teaterverda har kome og gått gjennom 26 år, og fleire

---

<sup>109</sup> (Giskespelet u.d.)

lokale amatørar har også fått prøve seg i nokre av hovudrollene. Ein kjem likevel ikkje unna at økonomien til spelet stort sett balanserer på både tynn og stram line, og noko av det fyrste journalistar gjerne spør om rett etter at siste førestilling er over, er om det vert spel til neste år. Det har likevel aldri vore store tvilen om at ein må bruke pengar på profesjonelle. Det gir spelet ein kvalitet som må til for å overleve. Losnedahl er også inne på dette. I tillegg til at dei profesjonelle gir eit kunstnarisk lyft, så meiner ho at amatørane både skapar og er garantistar for autentisiteten til eit spel.<sup>110</sup> Teaterkulturen møter amatørane, og dei er gjensidig avhengige av kvarandre for å skape eit godt produkt.

Herøy har i fleire omgangar hatt flyktningmottak. Nokre av bebuarane på desse mottaka har vore å finne på rollelistene, og tanken bak har vore at det er eit godt integreringstiltak. På Herøy kommune sin nettstad ser ein at innvandrarar vert oppmoda om lære seg norsk, fordi språk er viktig for både integrering og arbeidsliv.<sup>111</sup> Nokre av innvandrarane som har vore med i spelet har ikkje vore i stand til å kommunisere på verken norsk eller engelsk, medan andre kanskje har lært seg litt norsk, eller kan ein del engelsk. For dei som ikkje har hatt eit språk å hjelpe seg med, og ikkje har kjennskap til verken norrøntid, Heilag Olav eller norsk kulturarv, så må dette ha vore eit forvirrande oppdrag. Tolkar har fortalt dei historia og gangen i spelet, men likevel så kan det nok vere vanskeleg å skjøne meiningsbak mykje av det som skal skje på scena. Pausane og praten over matboksa har nok fungert betre for integreringa enn sjølve spelet, men det viser igjen at eit spel kan vere ein god stad for mange ulike kulturmøte. Ved eit høve vart ein innvandrar skriven direkte inn i manuset til Kongens Ring. Dette skjedde under ei øving der regissøren vart kjend med at denne mannen stod på rollelista. Innvandraren var islending og hadde fått jobb i Herøy. Ikkje akkurat noko kvantesprang altså i forhold til verken kultur, historie eller språk, men både skodespelarar og publikum gav strålende respons til mannen med replikken frå Håvamål «Døyr fe, døyr frendar, døyr sjølv det same. Eg veit eitt som aldri døyr, dom um dauden kvar».<sup>112</sup> Framført på islandsk sjølvsagt. Her vart altså kulturmøtet skrive inn i manus. Eit møte mellom den gamle og den nye kulturen. Spontant brukt som ein kuriositet i manus ved at ein av replikkane vart framført av mannen som kunne snakke tilnærma det språket, som hovudpersonane snakka for 1000 år sidan. Då mannen forsvann ut av rollelista, forsvann også replikken frå

---

<sup>110</sup> (Losnedahl 2006, s. 402)

<sup>111</sup> (Moltu 2017, Om språk, Herøy kommune sin nettstad)

<sup>112</sup> (Mortensson-Egnund 2016, Heimskringla, vers 77)

manus, men dei som var med dette året vil nok hugse dette kulturmøtet. Islendingen tilførte manuset berre nokre få ord, men det skapte ei kjensle av nærleik til historia og til spelet.

Kostyma i eit sogespel bør gjerne vere så autentiske som mogeleg. Sigurd Ohrem kallar kostymane for «den usynlige sømmen». <sup>113</sup> Herøyspelet leigde som nemnt inn ein profesjonell scenograf og kostymedesignar. <sup>114</sup> Kjensla av autentisitet er viktig for publikum, men det er minst like viktig for skodespelarane. Viss ein kjenner at kleda ein ber like gjerne kunne ha vore brukte i Herøy for 1000 år sidan, så har ein eit betre rotfeste i den tida ein skal spele fram for publikum. I følgje Ohrem vil autentiske kostymar også kunne kompensere for manglar ved rolla eller utføringa av den. <sup>115</sup> Symbol frå vikingtida vart lyfta fram i lyset igjen under nasjonsbyggingsprosjektet på 1800 – talet, og sjølv i dag er det noko spesielt med desse vikinghjelmane. Ein kan sjå plastkopiar av slike hjelmar på hovudet til publikumarar på nær sagt kvar ein internasjonal idrettsarena der nordmenn er med og konkurrerer, så ein kan heilt klart definere vikinghjelmane som eit symbol brukt for å markere identitet. Det er nok barna i Herøyspelet som viser mest entusiasme over å få prøve både hjelm og brynjer, men eg ser ikkje vekk frå at det gjer noko med dei vaksne også, dei kjenner seg nærmere kulturen frå vikingtida når hjelmen kjem på hovudet og brynya legg seg tungt over herdane.

Vi er vande med våre «high tech» utekle, og ser det nesten som ein katastrofe dersom barna våre, eller vi sjølve, frys på føtene eller vert våte inn til skinnet. Som aktør i eit sogespel på ytre sore luten av Sunnmøre, får ein ofte ein test på korleis dei som har gått i førevegen for oss har hatt det når det gjeld kle ogvêr. Skulle det slå til å verte skikkeleg sommarvêr, så er kostymer av vadmal nesten det reine marerittet. Vassflasker må liggje tilgjengeleg over alt, og alle dei vaksne må passe godt på at barna hugsar å få i seg nok drikke. No hadde ein vel mest sannsynleg kasta mange av kleda dersom ein var på Herøy i 1027, men det går ikkje i eit spel der kostyma er berande for både handling og autentisitet. Nesten verre er det når regnet piskar og renn i stride straumar for oss som er av «high tech- generasjonen». Er ein midt i handlinga, så kan ein ikkje stikke seg attom nokon plass. Vadmalet held regnet ute ganske lenge, men når det først har byrja å trekkje vatn, då er det gjort. Eit møte med gammal kleskultur har altså

---

<sup>113</sup> (Ohrem 2005, Spillet om stedet. Historiske spel i Norge, s. 18)

<sup>114</sup> (Stifitinga Herøyspelet 2014, Nøkkelpersonar)

<sup>115</sup> (Ohrem 2005, s. 18)

sine utfordingar for oss som stort sett alltid er vasstette. Med fire førestillingar over to dagar, så seier det seg sjølv at dersom det regnar «trollkjerringar og trollknivar» fyrste dagen, så er katastrofen eit faktum, i alle fall nesten. Då er det ein lyt kople seg opp til den moderne verda, og la det grove vadmålet få nærbondkontakt med byggtørker i naustet på Herøy. År om anna har kostymeansvarleg i lag med nokre av sine trælar stått heile natta på naustet og tørka kostymer. Det er ikkje gjort i ei handevending å tørke til 180 aktørar, med både to og tre plagg kvar. Eg trur aldri eg har sett eit gladare menneske enn skodespelaren Nils Ole Oftebro, då han ein søndag føremiddag fekk eit knuskande tørt kostyme i hende. Han hadde grudd seg frå han hengde frå seg kostymet dagen før til å skulle ta det på igjen, og så viste det seg at dugnadsånda i sin beste forstand hadde verka på Herøy gjennom ei heil natt. Klemmane sit laust mellom spelfolk, men sjeldan har dei vel vore hardare og meir oppriktige enn dei Oftebro gav kostymefolka denne dagen.

### *3.1.6 Språk i spel*

Herøy er ein nynorskkommune.<sup>116</sup> Losnedahl viser til at det som er felles for sogespel er at dei byggjer på hendingar som er forankra lokalhistorisk, og dei er knytte til kulturminne i form av sjølve spelestaden.<sup>117</sup> Språk er både forankring og kulturminne. Manuset til Kongens Ring er skrive på nynorsk, og noko anna ville vore uhøyrte sidan både historia og handlinga går føre seg på øya Herøy. Å bruke den målforma som ligg tettast opp til målføret i kommunen, og dermed til dei fleste av amatørane og apparatet bak spelet, gir ei sterke identitetskjensle og ein nærliek til spel og handling. Dette er noko også Ohrem påpeikar, amatørane nyttar si eiga dialekt, dei har ein nærliek til det lokale og det typiske i rollene, og dermed så «spelar dei seg sjølv»<sup>118</sup> Målføret er kanskje den sterkeste kultureraren ein har, så slik sett vert eit sogespel viktig for å ta vare på den kulturarven som ligg i språket. Dei profesjonelle, som oftast ikkje har nynorsk som sitt hjartespråk, brukar eit teatermål med vestlandsk tilsnitt, og prøvar å nytte ein språktone som ein vestlending kan kjenne seg att i. Eg har tidlegare vore inne på den store aldersforskjellen mellom aktørane. I Herøy har målmerket pallatalisering meir eller mindre vorte vekk blant dei som er fødde etter 1980. Sjølv om ikkje Herøyspelet i seg sjølv har kraft nok til å hindre at pallataliseringa forsvinn, så blir i alle fall

---

<sup>116</sup> (Moltu 2017, Om språk, Herøy kommune sin nettstad)

<sup>117</sup> (Losnedahl 2006, s. 400)

<sup>118</sup> (Ohrem 2005, s. 18)

dei som ikkje nyttar det sjølve vande med å høyre det frå den eldre garde. «Kongji» vil nok sitje på «benkji» i endå nokre år, og Karl Mørskes er rette «mannj» for «ringji», men etter kvart vil det verte kongen som sit på benken, og rette mann får ringen. Dialektar er stadig i endring, men ein felles møtestad mellom generasjonar kan vere med på å bevare, om ikkje anna enn kunnskapen om, ulike dialektord og uttrykk.

### 3.1.7 Spel som omdømebyggjar

Mange kommunar støttar sine lokale sogespel økonomisk. Herøy er ikkje noko unnatak, og er ein av hovudsponsorane for Kongens Ring.<sup>119</sup> Ein vil gjerne ha noko tilbake for investeringane sine, og i følgje Jon Nygaard nyt mange kommunar positive fordelar av sogespela. Spela har blitt viktige for kommunane når det gjeld å profilere seg og for omdømebygging. Dei vert oppfatta som ein ressurs både når det gjeld økonomisk utvikling og næringsutvikling.<sup>120</sup> Nygaard skriv vidare at dersom spel skal ha innverknad på identitetsutvikling, profil og næringsutvikling, så må i tillegg til lokale politikarar og byråkratar også det lokale næringslivet vise igjen i samband med spelet.<sup>121</sup> Blant hovudsponsorane til Herøyspelet finn ein reiarlag i kommunen, ein lokal bank, næringsforumet i kommunen og regionsavisa «Sunnmørsposten».<sup>122</sup> I tillegg til hovudsponsorane som har fått plass på nettstaden til spelet, er det også mange andre som er med å sponsar kvart år. Når ein er på veg ut på spellassen passerer ein skilt med namn og logo til nokre av desse sponsorane. Ved å profilere firmaet sitt på ein slik måte viser ein at det som går føre seg i lokalmiljøet er viktig for dei.

Innbyggjarane i Herøy har ved fleire høve nytta godt av at næringslivsaktørane har vore flinke til å investere i lokalmiljøet. Den patriotiske kapitalen har sete laust i næringslivet når engasjerte initiativtakrarar har lansert idear som skal gagne lokalmiljøet. I oktober 2014 kunne stolte herøyværingar vere med på opninga av eit flott konserthus. I samband med at Olav Thon bygde nytt hotell i Fosnavåg vart det i tilknyting til hotellet bygd kino- og konsertsal. I følgje nettstaden til konserthuset er dette det største felleslyftet i Fosnavåg si historie. Nærare

<sup>119</sup> (Stifitinga Herøyspelet 2014)

<sup>120</sup> (Nygaard, Spelhandboka, Hvilken rolle spiller spel?)

<sup>121</sup> (Ibid.)

<sup>122</sup> (Stifitinga Herøyspelet 2014)

40 aktørar frå næringslivet har vore med, og innbyggjarane sjølve har bidrige økonomiske ved å kjøpe seg folkeaksjar.<sup>123</sup> Alle sponsorane og eigarane av folkeaksjar har fått namnet sitt på veggen utanfor konsertsalen. Slik eg ser det var dette eit sjakktrekk. Eg fekk ein aksje i gave, og eg skal ærleg innrømme at eg stort sett alltid kastar eit blikk bort på veggen, og eg veit nøyaktig kvar namnet mitt står. Det gjer noko med ein at ein har bidrige til at heimkommunen har kunne realisere dette praktbygget. Min identitet som herøyværing vert ikkje akkurat svekka av at namnet mitt står med lysande skrift på konserthusveggen.

På hotellet finn ein brosjyrar om Herøyspelet, og ein kan sjå kostymar frå spelet som er utstilte i glasmonter i vestbylen. Turistar og næringslivsfolk som er innom hotellet får slik kjennskap til spelet. Spesielt at nokre av kostymane er utstilte kan nok pirre nysgjerrigheita. Hotellet har koyrt kampanjar i samband med Herøyspelet, og tilbyr hotellpakkar med overnatting og inngangsbillett til spelet. Dei siste åra har spelet hatt premierefesten på konserthuset. I og med at konserthus og hotell heng saman, så dreg både Herøyspelet og hotellet nytte av at kommunen, næringslivet og innbyggjarar i lag har fått realisert eit slikt hus. Eit samarbeid mellom Herøyspelet og hotellet viser seg å vere fruktbart for begge partar.

Kommunen kan også drage veksel på spelet for sitt omdøme. I den globaliserte tida vi lever i er vi i dag vande med å ha tilgang til ulike opplevingar, omtrent til ei kvar tid. Dersom ein skal lokke til seg nye innbyggjarar så er gjerne eit aktivt kulturliv eit viktig element. Om ein ikkje nødvendigvis har tenkt å vere med sjølv, og kanskje heller ikkje har tenkt å sjå Herøyspelet, så er det meir attraktivt å flytte til ein kommune der både kommunen sjølv og næringslivet hegner om kulturlivet. Eg trur ikkje at Herøyspelet i seg sjølv kan lokke utflytta herøyværingar tilbake til heimkommunen, men at eit aktivt kulturliv, i fellesskap med både kommune og næringsliv, gjer kommunen meir attraktiv å kome tilbake til, det ser eg som sannsynleg.

Herøy er gjerne profilert som ein av dei største fiskeri- og offshorekommune i landet. Dette kan ein også sjå spor av på hotellet. I tillegg til hotell og konserthus finn ein

---

<sup>123</sup> (Fosnavåg konserthus, Historia.)

skipssimulatorsenter i same bygget.<sup>124</sup> Folk frå heile verda kan bli kursa her, dei kan i simulatorverda få legge til ved heimebrygga si, og når kursdagen er omme, kan dei oppleve kulturlivet i kommunen, alt under same tak. Du kan legge til kai ein supertankar ved ei hamn i Bahrain, for så å gå rett gjennom hotellet og sjå lokale folk opptre på scena. Verda er lita i eit bygg med simulatorsenter og konserthus. Er ein på kurs fyrste helga i juli kan ein nyte kulturen under open himmelen, og sjå kommunen sitt eige sogespel på ei lita, men historisk øy, der både identitet, kultur, kommune og næringsliv er vevd tett saman, og supertankaren er bytta ut med eit vikingsskip.

### *3.1.8. Eldsjelene*

Denne oppgåva er fyrst og fremst eit produkt av spørsmål eg har stilt meg sjølv under mange, lange og nokre gongar klissvåte øvingar til Kongen Ring. For å kunne få svar på desse spørsmåla må ein kontakte nokre av menneska som står bak, eldsjelene. Det empiriske grunnlaget mitt her er som tidlegare nemnt tufta på intervju med fire av eldsjelene som har vore med heilt frå den spede byrjinga. Tre av dei har svart meg på mail, den fjerde har eg snakka med på telefon. I oppgåva vert dei omtalte som informant A1, A2, A3 og A4.

Det fyrste spørsmålet eg stilte informantane var korleis dei vart ein del av den kulturdugnaden som Herøyspelet er. A1 skriv at ideen til Herøyspelet vart til hos han og ein til på slutten av 1980-talet. Dei samarbeidde då med amatørteater. Dei klekte ut ein plan om eit historisk spel for Herøy, og tok kontakt med kultursjefen i kommunen, som straks tende på ideen. A1 stod for alt skrifteleg arbeid i denne fasen og i åra utetter. Så vart det heile strukturert og formalisert, med val og så vidare. A2 skriv at då Herøyspelet vart lansert som idé vart han kontakta i kraft av si stilling, og på den måten vart han ein del av utviklinga av spelet heilt frå starten. A3 skriv at ved starten av Kongens Ring var det prøvespeling for dei som ville ha rolle og delta i spelet. Ho har alltid likt å halde på med teater, og syntes dette såg spennande ut. Fyrst fekk ho rolla som frille, men fann ut at koret hadde ei stor forteljande rolle, og at det passa henne godt. Musikken var storslagen med nydelege arrangement, så det vart starten på ei årvis hending i hennar familie. Som tilflyttar til Sunnmøre vart dette ein viktig brikke i det å feste røtene i nærmiljøet. Ho vart ein del av noko nytt som vart skapt, og fekk eit endå større

---

<sup>124</sup> (Strand 2014, Hotell, konserthus og simulatorsenter i Fosnavåg)

nettverk av kjentfolk i miljøet. A4 fortel i samtalen at dette er lett å svare på, han kjende regissøren frå før, og hadde vore og sett Kinnaspelet. Han synes det var spesielt og artig, så når sjansen baud seg i heimkommunen melde han seg på.

Det neste spørsmålet til informantane var kva som er grunnen til at dei i mange år har valt å vere med på Herøyspelet. A1 skriv:

I arbeidet med strukturen i Herøyspelet var det heile tida eit overordna mål at det skulle vere kvalitet i alle ledd. Dette fekk vi som tok initiativet og som vart med i styret høve til å avgjere og arbeide for. Det vart protokollert at det skulle vere profesjonelle skodespelarar i alle hovudrollene og profesjonelle musikarar.

Vidare skulle arbeidet med spelet *binde saman ytre og indre delen av kommunen*, og det skulle vere for menneske i alle aldrar.

Herøyspelet hadde faktisk fem element:

- a. Kongens ring (Har vore årvisst sidan 1992)
- b. Symposium (Var årvisst frå 1992 til 2000? Har ikkje notat for hand.)
- c. Internasjonal, økumenisk høgmesse på Herøy gamle kyrkjested. (Årvisst sidan 1992)
- d. Kulturell kontakt med Vesterhavssøyane (Dette varde nokre år etter 1992, til 1999?)
- e. Amatørteater i Herøy - haust, vinter og vår. (Det vart gjort forsøk, men stranda fort...)

A2 skriv at den viktigaste grunnen er nok at dei fyrste åra var han med fordi det var ein del av jobben. Dernest følte han ei sterk tilknyting til prosjektet fordi han hadde vore med å utvikle Herøyspelet frå starten. A3 svarar slik:

Herøyspelet er ein stor produksjon, og her er så mange ledd i oppbygginga av dette, som alltid har fasinert meg. Samspelet med alle aktørane; amatørane som strekkjer seg ved å samarbeide med dei profesjonelle, miljøet som blir når ein har denne fellesdugnaden. I det levande teater kan alt skje, du kan ikkje stoppe og ta oppatt ein replikk som ein gjer når det vert filma. Her vil replikkane og scenene ha variasjon, og den einskilde skodespelar fyller same rolla litt ulikt. Aktørane som er med kjenner at "nerven" endra seg, og alle har ei vurdering etterpå "den scena var skikkeleg bra i dag" eller, her gjekk det for seint.. Alle ledd er viktige, og det gjer det så stort å vere med i eit slikt team. Familien min vart etter kvart involverte, og alle barna og mannen min har alle vore med i årtier. Det vart ei sommaroppleveling som gav oss fellesopplevelingar som vi alle opplevde sterkt. Nokre opplevde kjærlekshistoria sterkt, andre humoren og alvoret sine kontrastar, musikken, naturopplevelinga i utespelet, kor stemningane skifta etter været. Dramaturgien vert påverka av slike ting og, alt skaper ei totaloppleveling som vi har verdsett høgt. Siste åra har barnebarn blitt med, men ikkje alle i familien har lenger høve til å vere med kvart år.

Informant A4 beskrev det slik: Det er vel det sosiale, du treff folk, det er ikkje alle du kjenner frå før, men så når du kjem dit ut, (på spellassen, min kommentar) så snakkar du med dei. Det kan bli lange timer å vente, men likevel er ein med. Det er litt travelt når ein er i full jobb og skal vere klar til prøver klokka halv seks, men det er greiare no når det berre er ei veke med øvingar, før kunne vi halde på med øvingar i vekevis.

Spørsmål nummer tre var om Herøyspelet kan definerast som ein del av kulturarven i Herøy, og i så tilfelle korleis. A1 gav dette svaret:

Kulturarv er eit vidt omgrep. Er det tid som er avgjerande? Herøyspelet Kongens ring har engasjert hundrevis av unge og eldre personar, kvinner og menn, kvart år sidan 1992. Dei som var med i spelet som *born* i 1992, har i seinare år eigne born som er med i spelet.

Publikum har møtt trufast opp, i sol, i regn, i kulde, og etter kvart er dette ein veldig flokk (som eg ikkje har talet på). Det er utruleg mange herøyværingar som har sett spelet kvart einaste år sidan 1992.

Det er ikkje urett å hevde at Herøyspelet er ein del av kulturarven i Herøy, meiner eg, men kven skal skjere gjennom og seie rette svaret?

Informant A2 skriv at for den generasjonen som nesten er fødde inn i Herøyspelfamilien vert nok dette oppfatta som ein viktig del av den lokale kulturarven, ja. For A3 var nettopp ein av grunnane til at ho ville ha med barn og barnebarn at ho ser på spelet som ein del av den store kulturarven vi kan tilby dei som veks opp her. Informanten skriv:

Gjennom spelet vert dei kjende med historia vår på ein lærerik måte, og å måtte bere tunge ullkostyme i regnvêr er også ein del av det. Det er ikkje autentisk, og slik må det vere i vår tid sjølv sagt. Identiteten vert grunnlagt også gjennom det å vere aktør i eit slikt historisk spel. Eg trur dei borna og ungdomane som har vore ein del av Kongens Ring som aktør eller publikum, har med seg ei oppleveling som formar dei som vaksne.

A4 seier at ein kan vel etter kvart no definere det som ein del av kulturarven sidan «vi har halde på i snart 30 år.» For ettertida vil ein nok hugse Herøyspelet som ein del av kulturopplewinga i Herøy. Ganske mange har vore med, så mange vil definere det som kulturarv. «Ungane mine og barnebarn kjem inn, og mange var ikkje fødde då det starta.»

Neste spørsmål gjekk på delinga av kommunen. Indre- og Ytre Herøy er innarbeidde omgrep i kommunen. Korleis kjem denne inndelinga av kommunen fram i den perioden ein jobbar med Herøyspelet. Informant A1 svarte følgjande:

(Sjå under nr.2) Herøyfjorden var i alle år eit skilje mellom ytre og indre delen av Herøy. Ein før ikke over fjorden i utrengsmål, difor utvikla bygdene seg med sitt eige kulturliv: barneforeiningar, losje, ungdomslag, misjonsforeiningar, musikkorps, blandakor, mannskor og så vidare. Også kyrkjeleg vart det ytre og indre Herøy. Ei kyrkje på Bergsøya frå 1920-talet (Ytre Herøy). Prestegard og kyrkje i Stokksund/Tjørvåg, (indre Herøy) og ei kyrkje på Leikong, også indre Herøy. Industrien i ytre Herøy (sildoljefabrikk m.a.) gav arbeid til folk også frå den indre delen av kommunen, det var truleg med på å utviske ytre–indre frontane. Kommunesenteret vart etter kvart Fosnavåg (Ytre Herøy). Men Herøyfjorden låg der som før som eit lite hinder. På 70-talet kom bruene som batt heile kommunen ferjefritt saman, fjorden var ikke eit hinder lenger, vi kunne vekse saman. I Herøyspelet var nettopp det å vekse saman eit programpunkt, og litt har ein nok lukkast med det. I Herøyfjorden ligg vesle Herøy, sagaøya, kyrkjested sidan 1100-talet, gammal handelsstad og sidan 1992, heilt mot vest: Amfiet der Kongens ring vert framført.

Informant A2 skriv at dei omgrepa eksisterer ikke i den perioden ein jobbar med Herøyspelet. Då er alle herøyværingar. I følgje A3 er ein i Herøyspelet samla i ein «Herøyspelfamilie», og informanten trur dette felles dugnadsprosjektet kvar sommar verkar samlande for kommuneidentiteten. A4 svarte at akkurat i den perioden kjem det ikke fram. Då er ein samstemte om det felles målet, å få til eit godt produkt i lag. Det felles målet gjer at det vert bra. Det spelar inga rolle kvar vi er i frå.

Det neste spørsmålet gjekk på om Herøyspelet kan tilføre Herøy kommune noko. Informant A4 seier at det fører til reklame. Folk ein møter frå andre stadar identifiserer oss gjerne ut i frå det. Dei har vore og sett spelet, og då veit dei kvar vi kjem i frå. Informant A2 skriv at Herøyspelt har tilført og vil fortsette å tilføre Herøy kommune mykje. Tilhørsle, identitet, respekt, kameratskap, medvitet om at kunst og kultur er limet i eit kvar samfunn, tanken om at det er viktig å kjenne historia for å forstå notida. A3 formulerte sitt svar slik:

Eg trur Herøyspelet gjer kommunen rikare som kulturkommune, og at vi ser på dette som ein del av det viktige grunnlaget for "merkevarebygging" for kommunen vår. Det er ei storsatsing som er krevjande økonomisk, og med dei ressursar som krevst av dugnadsinnsats på mange plan. Det er ein viktig del av barne-og ungdomsarbeid, danning av haldningar til det å vere

med på eit dognadsarbeid, innrette seg etter ein regissør som krev sjølvdisiplin av alle. Her er det vi, ikkje eg, og vi skaper noko ilag.

Det siste informantane vart bedne om å svare på var: I nokre tilfelle vert kulturarv og identitet sett i samanheng, kan dette på nokon måte gjelde for Herøyspelet, og i tilfelle korleis?

Informant A1 hadde samanfatta spørsmål fem og seks og svarte slik:

Kjennskap til eiga historie, og ikkje minst soga til Herøy, og skal eg våge å hevde, (kanskje med munnen litt for full) deltaking i Herøyspelet gjennom mange år, med seiemåtar og etter kvart: tradisjonar, er vel med å skape identitet og eigedomstilhøve til fellessatsinga: Herøyspelet. Eg er på 'gyngande grunn', men etter som eg har våge meg til å nytte kulturarv i samband med Herøyspelet, tek eg steget fullt ut: Herøyspelet har tilført Herøy kommune innbyggjarar som har eit eigedomstilhøve til spelet og til kulturelle verdiar, og (kanskje) ein Herøy identitet.

A4 svarte: identiteten din når andre identifiserer deg ut i frå spelet, vår kulturarv, utanforståande definerer oss ut frå Herøyspelet. A3 skriv at dette for så vidt er fletta inn i dei andre svara hennar, ho meiner at identiteten vår vert påverka av å få vere med på ein slik kulturdugnad. A2 skriv i sitt svar at han meiner at kulturarv og identitet er to sider av same sak. Historia om Kongens Ring skildrar menneske som levde i Herøy og i Noreg for 1000 år sidan. Gjennom stykket forstår vi at det ikkje er så veldig stor forskjell på menneske då og no. Dei hadde dei same grunnleggjande kjenslene og behova. På den måten er det også mogeleg å forstå at det til alle tider har eksistert enkeltmenneske og at det framleis gjer det. Det heiter ikkje «dei andre» og «oss», verken i historisk, geografisk eller kulturell forstand. Vi var og er alle menneske i same båt. Det er viktig, ja faktisk heilt avgjerande å kunne sjå seg sjølv og andre saman i det store biletet, det er det som gir ei kjensle av identitet – synes no eg då!

Ut i frå mine eigne tankar kring kulturdugnaden Kongen Rings så var det interessant å sjå kva informantane svarte på dei seks spørsmåla mine. Med det eg veit har det ikkje gått føre seg diskusjonar under øvingane som omhandlar spelet, kulturarv og identitet, men det var tydeleg at når informantane vart spurde om det så hadde dei mykje på hjartet. Det er sjølvsagt mogeleg at når så mange er samla så kan dette ha vore grunnlag for samtalar og diskusjonar, men eg har ikkje vore vitne til det. Eg vil kome tilbake til svara deira under konklusjonen min i kapittel fem.

## 3.2.Turisme

Når eg skal sjå på det lokale i det globale kjem eg ikkje unna turisme. Turismen i Noreg er aukande, og for nokre har auken vore så stor at det byrjar å verte eit problem.<sup>125</sup> Dit er vi nok ikkje komne i Herøy enno, men for fuglefjellet på Runde kan mange fjellvandrarar verte eit problem, spesielt i hekketida. Fleire og fleire satsar på turisme i Herøy, og eg skal sjå på nokre av aktørane.

### 3.2.1 Pakketurisme

Mange vil gjerne ha det så enkelt som mogeleg på ei reise, og nyttar seg av såkalla pakkereiser. Reiselivsaktørar samarbeider om å lokke til seg turistar, og det er nesten grenselaust kva ein kan få oppleve dersom lommeboka tillét det. Forskarar ved Handelshøgskulen i Sørøst-Norge og Agderforskning har i ein rapport konkludert med at Noreg bør satse meir på pakkereiser. Ved å lokke fleire turistar til landet aukar ein konkurransekrafta.<sup>126</sup> Dersom ein går ut i frå talet på gjestedøgn, så har selskapet Hurtigruten 73 prosent av dei utanlandske turistane, og kvar tredje av dei reisande har bestilt hotell eller flyreise i samband med bestillinga.<sup>127</sup> Hurtigruten er verdskjend, og på den før nemnde tur til Beijing, så var vi ein dag på sightseeing i lag med eit amerikansk ektepar. Dei kunne fortelje at dei kjende til kysten av Noreg, for dei hadde segla med Hurtigruten tur-retur Bergen-Kirkenes. Endå ein gong fekk vi prov på kor lita verda kan fortone seg, då eg fortalte dei at vi bur ved skipsleida, og dei hadde faktisk segla forbi huset vårt to gongar. Eg lova å henge ut det norske flagget på verandaen vår neste gong dei segla forbi. Hurtigruten ASA, tidlegare Ofoten og Vesteraalens Dampskipsselskap og Troms Fylkes Dampskipsselskap, har hatt monopol på denne kystruta.<sup>128</sup> Herøyværingen Per Sævik sette ein stoppar for monopolet då han tidlegare i år vann anbodskonkurransen og fekk konsesjon på å drive fire av skipa. Sævik hadde eigarandelar i ei hurtigrute frå før, men blir no ein større aktør å rekne med sidan selskapet hans Havila skal drifte fire av elleve skip.<sup>129</sup> Det er berre ein månad sidan Sævik fekk konsesjonen, men eg vil tru at fleire som driv med turisme i Herøy allereie har starta ein tankeprosess rundt korleis ein kan nytte godt av å ha eigaren av fire hurtigruteskip innanfor

---

<sup>125</sup> (Grimeland 2017, Fleire stadar i Norge er så populære som reisemål at det snart er fullt)

<sup>126</sup> (Stranden 2016, Norge bør tilby flere og bedre pakkereiser)

<sup>127</sup> (Ibid, 2016)

<sup>128</sup> (Hovde 2017, Hurtigruta, artikkel på nettstaden til Store norske leksikon)

<sup>129</sup> (Sunnmørsposten/NTB 2018, Havila får kontrakt på kystruta Bergen-Kirkenes)

eigne kommunegrenser, og korleis ein kan setje saman pakkar som kan lokke fleire turistar til Herøy.

Kommunesenteret Fosnavåg fekk som nemnt eit nytt hotell i 2014, og dette har hatt mykje å seie for turismen siste fire åra. Hotellet er flinke til å samarbeide med aktørar i lokalmiljøet, noko blant anna Sunnmørsbadet nyttar godt av. Symjeopplæring er alfa og omega når ein bur på ein kringflødd holme og gjerne har tilgang til båt. Fram til Herøy varmtvassbasseng, eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, sanitetsforeiningar og revmatikarforeining, opna i 2004, hadde symjeopplæringa gått føre seg i bassenga ved to av skulane. Etter nokre år meldte behovet seg for renovering av varmtvassbassenget, og det var då tanken om eit badeland vart fødd. Kort fortalt så vart det nye store badeanlegget Sunnmørsbadet opna i 2015, etter eit samarbeid mellom eigarane Herøy kommune, Herøy Sanitetsforeining, Herøy revmatikarforeining og reiarlaga Olympic Shipping og Havila.<sup>130</sup> Sunnmørsbadet er nok ein av dei institusjonane som trekkjer mest turistar til Herøy. Eg har ikkje funne besøkstala for 2017, men fyrste driftsåret hadde over 100 000 badegjestar vore innom.<sup>131</sup> Gjestar frå heile verda kan bestille seg ein hotellpakke gjennom Internett, der både hotell og badeland er inkludert, og slik nytte godt av at kommunen og eit aktivt forenings- og næringsliv lyftar i lag for å gjere Herøy til ein attraktiv kommune å både bu i og besøkje.

Hotellet søker samarbeid med mange i lokalmiljøet, ikkje minst mot det maritime, noko som er sjølv sagt for ein kommune som er tufta på det havet kan gi. Fugleøya Runde er utan tvil den mest kjende delen av kommunen, og på hotellet kan ein bestille båtturar rundt fugleøya. Fuglefjellet er ein av dei store turistattraksjonane, og den som har lyst kan suse rundt øya i ein RIB, eller ta ein meir behageleg tur i ein saktegåande båt. Eit kjapt søk på verdveven viser at ein kan velje mellom mange aktørar. Hotellet tilbyr også fisketurar for den som måtte ynskje det.

---

<sup>130</sup> (Sunnmørsbadet u.d.)

<sup>131</sup> (Eilertsen 2016, Har passert 100 000 badande, artikkel på nettstaden til Vikebladet)

### *3.2.2 Runde*

Mang ein gong har eg brukt Runde som referanse når eg skal forklare kvar eg bur. Øya kan fungere som referanse både i Noreg og i utlandet, ikkje minst i Tyskland. På nettstaden «Vogelinsel Runde» finn tysktalande det meste av det dei treng av informasjon.<sup>132</sup> Det som først og fremst kjenneteiknar øya er fuglelivet, og ein kan møte fugleinteresserte frå nær sagt alle verdshjørne.<sup>133</sup> Øya huser det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia.<sup>134</sup> Runde er ei lita øy, med få fastbuande, men om våren og sommaren opplever ein til stadigheit å «gå i kø» på Rundefjellet. Ein svært populær aktivitet er å gå til Lundeura om kvelden for å sjå når lunden kjem inn frå havet, eit fascinerande syn. Mang ein lundefugl må finne seg i å verte lagt ut på Facebook, for sjølvsagt må ein dokumentere at ein har vore i Lundeura, og kanskje kan ein til og med klare å ta det mest spektakulære biletet. For å ta vare på fuglelivet og faunaen har ein bygd gangvegar i tre på fjellet.<sup>135</sup> Når mykje folk trakkar dei same råsene går det utover landskapet, og verst er det når stiane er så opptrakka at folk lagar nye stiar ved sidan av den gamle. Løysinga vart altså å lage gangvegar. Då beskyttar ein og hindrar at meir av fjellet vert teke i bruk, og ein trakkar heller ikkje uforvarande i reir som ligg i lyngen. Slik beskyttar gangvegane både fugl og fjell.

Ingen andre avøyane i Herøy er så kjende, og har så mykje spesielt å tilby turistane som Runde, og i 2009 fekk øya ein ny attraksjon, Runde Miljøsenter.<sup>136</sup> I september 2017 var eg på senteret i lag med elevar og lærarar frå Ålesund og Venezia. Runde Miljøsenteret er også ein internasjonal forskingsstasjon, og denne dagen var det forskarar frå Japan til stades. Vi kunne kjenne på at vi var deltagarar i ei globalisert verd der vi sat og åt lunsjen vår, nordmenn, italienarar og japanarar, alle med same agenda for dagen, havrommet. I følgje informasjonssjefen ved Miljøsenteret så kan dei ikkje talfeste kor mange forskarar som er innom i løpet av eit år, men ein kan tru at det ligg på over 200 menneske frå heile verda. Berre i år har dei hatt besøk frå Tyskland, Belgia, Nederland, Frankrike, Danmark, Skottland, England og frå heile Noreg. Som ein ser er det mange frå Europa, og dette er menneske som er med på EU-prosjekt, eller som studerer eit fagfelt innanfor hav eller fugl.<sup>137</sup>

---

<sup>132</sup> (Vogelinsel Runde u.d.)

<sup>133</sup> (Kongsberg u.d.)

<sup>134</sup> (Fuglefjellet Runde u.d.)

<sup>135</sup> (Riise og Sandvik 2013, Skal utbedre stiane på Runde)

<sup>136</sup> (Runde Miljøsenter, Om Runde Miljøsenter, på nettstaden)

<sup>137</sup> (Vedlegg 4, mail frå kommunikasjonssjefen ved Miljøsenteret)

Miljøsenteret er eit av tre kompetansesenter for fornybar energi i fylket.<sup>138</sup> I havet rett utanfor Runde, så nært at vi kan sjå det, ligg det fyrste bølgjekraftverket i Noreg som leverer straum til husstandar.<sup>139</sup> Dei globale miljøproblema er store, og Noreg i lag med alle andre land må vere sitt ansvar bevisst. I havet rett utanfor Runde ligg forholda godt til rette for å produksjon av fornybar energi. Havområdet har meir enn nok av bølgjeaktiviteten som skal til. I tillegg går den Nordatlantiske straumen forbi her, frå den kan ein utvinne varme, og elvane som renn ut i havet kan nyttast til osmosekraftverk.<sup>140</sup> I lokalområdet har ein tradisjonar både for å utvikle og byggje teknologi som toler påkjenningane som havet gir, så her brukar ein det lokale, havet og næringslivet, for å verne det globale. I følgje lokalhistorikaren Bjarne Rabben kan namnet på øya Runde kanskje kome frå verbet rynja, som på gamalnorsk vart sagt om sjø som bryt mot eit kvart.<sup>141</sup> Dersom teorien til Rabben stemmer, så burde namnet borge for at bølgjekraftverket vert ein suksess.

Eit globalt problem, skapt i den moderne verda, har gjort sitt inntog i havet rundt og i fuglefjellet på Runde også, den marine forsøplinga.<sup>142</sup> Nokre fuglar vert sitjande faste i garn, andre trur at plasten dei finn er mat, og i fuglefjellet kan ein sjå at det kjem meir og meir plast i fjellet på grunn av at fuglane brukar det som byggjemateriale i reira sine. Prosjektpartnarar frå Storbritannia, Irland, Danmark og Noreg har gått saman om prosjektet Circular Ocean. Dette prosjektet skal synleggjere korleis søppel kan verte ein ressurs, og korleis denne ressurssen kan skape mogelegheiter for både miljø, næringsliv og framtidige arbeidsplassar.<sup>143</sup> På besøkssenteret til Runde Miljøsenteret kan ein sjå, og røre, ei vandreutstilling som set fokus forsøpling i havet. Utstillinga høver godt for barn, og tanken bak er nok å vise kor øydeleggjande denne plastverda vår har vorte for miljøet, og at vi alle må gjere vårt for å både stoppe og rydde opp i dette globale problemet. Miljøsentreret byd inn til at både lokalbefolkinga og forskrarar frå heile verda kan bruke senteret, for å forske på, og prøve å

---

<sup>138</sup> (Runde Miljøsenter, Kompetansesenter for havenergi, på nettstaden)

<sup>139</sup> (Stensvold 2017, Norge har fått sitt første bølgekraftverk som leverer strøm til kraftnettet. Slik virker det)

<sup>140</sup> (Runde Miljøsenter, Kompetansesenter for havenergi, på nettstaden)

<sup>141</sup> (Rabben 1979, Herøyboka. Gardar og folk I (2. opplaget), s. 198)

<sup>142</sup> (Bjerknes og Sætre 2018, Fuglefjellet på Runde er fullt av plast: – Det er fryktelig trist)

<sup>143</sup> (Ibid)

løyse, dei menneskeskapte problema som er eit aukande problem for både fugl og fisk, og i neste ledd for menneska sjølve.

På Runde Miljøsenter kan ein sjå delar av Rundeskatten. Ein skatt som i mange år låg nedsylda i eit magasin på Sjøfartsmuseet i Bergen, men natt til 6. januar 2011 vart skatten i all løynd frakta med Hurtigruten frå Bergen til Herøy. Skatten stammar frå det nederlandske skipet Akerendam, som forliste utanfor Runde i 1725. Mange mytar har vore knytte til forlis og Runde. I bygdeboka som Rabben skreiv på byrjinga 1960–talet har han teke med nokre av mytane. Han skriv blant anna om «Den uovervinnelege borg», eit skip frå den spanske armada som skal ha drive inn mot Runde og forlist ein gong på 1580–talet. Fleire av segnene handlar om folk på Runde som har blitt rike så og seie over natta. Ei kiste vart ståande så fast at ingen fekk den laus, det var båra som til slutt klarte å bryte den sund. Det viste seg at den var full i pengar, og den dag i dag heiter staden der den stod Rikegjøtten.<sup>144</sup> «Den uovervinnelege borg» er fortsatt uovervinneleg, ingen har funne den, men eit anna funn dukka bokstaveleg talt opp i 1972, funnet av Akerendam. Historikar Ivar Myklebust frå Ørsta hadde tidleg på 1960–talet kome over sjøforklaringa som vart halden i Ørsta etter forliset, og då han gjorde kjent dette funnet vart Runde ein ynda stad for dykkerar på skattejakt. Rundefunnet vart gjort i 1972 av tre sportsdykkerar. Over ein periode på tre veker vart det henta opp nærare 60 000 myntar, i både gull- og sølvvalør. Amanuensis Arild Marøy Hansen ved Bergen sjøfartsmuseum påpeikar i eit intervju i «Dagbladet» at skatten vart flytta til Runde fordi det skaper større lokal identitet til skatten. Dette funnet er også det sjøfunnet i Noreg som best kan gi eit innblikk i Vesteuropeisk imperialisme og utøving av makt.<sup>145</sup> Den vesle øya fekk sin eigen tråd i veven til det nederlandske selskapet Vereinigte Oostindische Compagnie. Eit selskap som var ein del av eit globalt handelnettverk, og slik, dersom ein skal tru mytane, sørgerde for at nokre av innbyggjarane på den vesle øya kom til rikdom meir eller mindre over natta. Det ser ut som Akerendam etter kvart hadde forsvunne ut av minnet til folket her, men mytane levde vidare. Mytane som Bjarne Rabben skriv om er med på å underbygge andre mytar, mytane om rikdomane som, kanskje, tilfall folket på Runde på 1700–talet.

---

<sup>144</sup> (Rabben 1979, Herøyboka. Gardar og folk I (2. opplaget), s. 199)

<sup>145</sup> (Stang 2011, Rundeskatten tilbake til Runde)

Mang ein sportsdykkar, både frå Herøy og andre stadar, har nok sumt i tareskogane og drøymt om å finne «Borga», på folkemunne «Borgia». Myten seier at skipet frå den spanske armada, skal vere fem-seks gongar så stort som «Akerendam», og forliste utanfor øya Skorpa. Morten Stridh, ein kjent figur i dykkarmiljøet, fortel at ei gruppe med tyske dykkarar har mange gongar i ein periode på over tjue år prøvd å finne skipet.<sup>146</sup> Ingen har enno lukkast med å finne «Borga», og for turistnæringa i Herøy er nok det like greitt. Både Akerendam og Den uovervinnelege borg har skaffa mang eit overnattingsdøgn, så sånn sett har lokalsamfunnet gjort pengar på dei, sjølv om «Borga» berre er ei myte, i alle fall enno.

Turistar som kjem til øya kan i tillegg til å sjå utstillingane ved Miljøsenteret både få kjøpt seg mat og overnatte på der. Senteret har åtte leiligheter til utleige, for både forskrarar og turistar. Tala for senteret ligg i følgje informasjonssjefen på om lag 3500 betalte billettar per år, men talet på besøkande som er innom er mykje høgare. Ikkje alle kjøper billett til utstillingane, men tek seg for eksempel ein kaffi eller kanskje ein middag i sommarsesongen.<sup>147</sup> Ein kan også campe med telt eller bobil på Goksøyr Camping, bu hos private på øya, eller prøve noko som kan fortone seg endå meir eksotisk, gå over fjellet og ned på Runde fyr og overnatte der. Der kan ein få med seg historia til dei fyra som har stått der gjennom tidene. Det fyrste vart sett i drift i 1767, det var det sjette fyret i Noreg, og det fyrste nord om Stad. I 235 år budde fyrvaktarane her, i lag med sitt folk og fe, men frå 2002 har fyret vore automatisert. Fyrvaktarbustaden er gjort om til turisthytte, og er ei av hyttene i nettverket til Den Norske Turistforeining.<sup>148</sup> Tradisjonelt har det vore mange tyskarar som har gjesta Runde, og mange av dei har kome tilbake år etter år, og nesten blitt ein del av lokalbefolkinga på øya. Hjørund Runde skal få stå som representant for alle som driv og har drive med utleige av rom i eigen heim på Runde. Då ho fylte 100 år i 2014, kunne ho fortelje at ho fortsatt tok i mot turistar i heimen sin, ho venta blant anna to tyske systrer som hadde vore hos henne mange gongar før. Ho byrja å ta i mot turistar allereie på slutten av 1950-talet, så eg finn henne som ein verdig representant for turistnæringa på øya. Ein av hennar første gjestar var den kjende naturfotografen Sverre M. Fjeldstad. Etter Runde si utsegn så har han vore med på å gjere fugleøya kjend langt utanfor Noreg sine grenser. Fjeldstad meinte at ho burde lære seg tysk sidan ho skulle drive med turisme, men det hadde ho ingen planar om.

---

<sup>146</sup> (Eikeseth og Snøfugl 2011, Skattene vi ennå ikke har funnet)

<sup>147</sup> (Vedlegg 4, mail frå informasjonssjefen ved Miljøsenteret)

<sup>148</sup> (Destinasjon Ålesund og Sunnmøre u.d. Runde Fyr - overnatting)

I staden har hennar faste tyske gjestar lært seg ein del norsk.<sup>149</sup> Alder og språk var inga hindring for hundreåringen på Runde. Ho opna heimen sin for folk og impulsar frå utanlandske gjestar, og slik vart ho tidleg ein aktør i ei av dei raskt veksande næringane i vår globale tidsalder.

Ein kan ikkje skrive om turisme på Runde utan å nemne Knut Asle Goksøyr, eigar og drivar av Goksøyr Camping. Han er fødd og oppvaksen på øya, og som tiåring fekk han i oppdrag å vere guide for eit amerikansk filmteam. Dei brukte den unge guiden sin som gjennomgangsfigur i filmen. Karrieren som turistvert var tidleg staka ut for Goksøyr, og i dag har han drive campingplass på heimstaden i over 40 år. Kona til Goksøyr er frå Latvia, og desse to til saman kan kommunisere på heile tolv språk.<sup>150</sup> Kinesarar er den raskast veksande gruppa med turistar i Noreg.<sup>151</sup> Dette har dei også har merka på Runde. Kanskje eg ein dag treff ein kinesar, ein eller annan stad på kloden, som har sett ein av kanonane til Akerendam, den som ligg i saltvassbad ved Goksøyr Camping. Globaliseringa og turismen har gjort dei underlegaste møter mogelege.

### 3.2.3 Herøy

«Herrøe, som er kun en liten Øe, da den ei holder meere end en halv fierding i sin heele Omkreds.» Slik beskriv Hans Strøm øya i sitt verk «Physisk og øconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift, I Norge, II.»<sup>152</sup> Strøm har også ein teori om korleis øya har fått namnet sitt. Øya har vore eit «beqvemt Sæde til de mange anseelige herrer og fornemme Mænd, som der have boet, og hvoraf Øen ventelig har faaet det Navn Herrøe»<sup>153</sup> Lokalhistorikar Bjarne Rabben har andre mogelege forklaringar på namnet, men slår fast at opphavet er uvisst.<sup>154</sup> Forklaring eller ikkje, den har i alle fall gitt namnet til både prestegjeldet og kommunen. Øya er frå forne dagar kjend som kyrkjested, tingstad, prestegard og handelsstad, men er i dag mest kjend for å huse Herøysspelet og Herøy Kystmuseum.

---

<sup>149</sup> (Flatin, 100 år og turistvert i over 50 2014, NRK Møre og Romsdal)

<sup>150</sup> (Kongsberg u.d. Besøker Runde fra hele verden: Vil se gull og lundefugl)

<sup>151</sup> (Dalen 2017, Går trolig mot rekordsommer for norsk turistnærer)

<sup>152</sup> Faksimileutgåve av Hans Strøm sitt verk « Physisk og øconomisk Beskrivelse over Fogderiet Søndmør, beliggende i Bergens Stift, I Norge», II. Utgitt av Børjum Forlag i 1957, eksemplar nr. 609 av 1500, s. 432

<sup>153</sup> (Ibid, s. 432-433)

<sup>154</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget. s. 412)

For å starte med det siste først. Herøy kystmuseum vart etablert i 1981. Eigedomen Herøy Gard er eigd av kommunen, medan museet er ei avdeling i Stiftinga Sunnmøre Museum.<sup>155</sup> Den som besøkjer museet i dag får eit innblikk i korleis handelstaden såg ut på 1800–talet. Ulike bygningar har vorte restaurerte, og i skrivande stund er det store-naustet på garden som får seg ei fornying. Restaurasjonen av naustet kan ein følgje på Facebooksida til Herøy Kystmuseum. Museet legg ut bilete og kommentarar undervegs i prosessen, og slik kan kven som helst få eit innblikk i gammal byggeskikk og få sjå, ikkje berre høyre om, spora av levd liv gjennom mange generasjonar. Det som kan vere prov på nokre av historiene frå garden har også dukka opp under desse restaureringane. I følgje ei av historiene vart det lagra korn i 2. høgda i naudsåra under Napoleonskrigane, og ei anna historie fortel at handelsmannen der på den tida, Jakob Olsen, berga noko av lasten frå eit skip som grunnstøyte utanfor Herøy i 1812. Skjeret som dette skipet gjekk på fekk namn etter hendinga og vert kalla «Skutå». Provet på at der har vore korn, i dette tilfellet havre, fann dei under glasföringane.<sup>156</sup>

På sosiale media kan ein få ta del i vølinga av både bygningar og båtar på Herøy Gard. Slik vert kulturarven som Herøy gard er, og restaureringa av den, gjort tilgjengeleg for heile verda. Skuleelevar i kommunen får, i tillegg til å lese om garden og drifta av den på Facebook, kome på besøk når dei er 6. og 10.klassingar. Då får elevane vere med på roing, segling, lage ferdamat, garve skinn, og koke talg til smurning av tau, segl og lær. I følgje Guri Aasen så ser museet det som ei av sine viktigaste oppgåver at barn og unge får verte kjende med den innverknaden øya har hatt for utviklinga i Herøy. Å ha kjenneskap til historia skaper lokal identitet.<sup>157</sup> Mykje av det elevane er med på desse dagane vert dokumentert med bilete, og sjølvsgart lagt ut på Facebook. Slik nyttar museet seg av den største møteplassen vi har i den globale verda i dag, og både elevane som tek del og alle andre får kjennskap til kulturarven. Skal interessa for både gard, tradisjonar og historiene leve vidare, kan det å bruke sosiale media vere taktisk. Pr. i dag har ikkje facebooksida så mange følgjarar, 783 personar den 24.april 2018, men om berre nokre av desse 783 deler postane som vert lagde ut, så er det plutselig mange fleire som får tilgang til informasjonen, og kanskje deler desse posten igjen.

---

<sup>155</sup> (Aasen 2012, Herøy Gard, sentral møtestad i 1000 år, Folk og Fortid, s. 44)

<sup>156</sup> (Opplysningane om Jakob Olsen og kornet som dei fann er henta på ein post som vart lagt ut fredag 20.04.2018 på facebooksida til Herøy Gard)

<sup>157</sup> (Aasen 2012, Herøy Gard, sentral møtestad i 1000 år, Folk og Fortid, s. 45)

Museet kan også trekke besøkjande ved å bruke Facebook. Då får ein både formidla kulturarv og lokka til seg gjestar til museet, vinn-vinn for gamal og ny tid på Herøy Gard. Organisasjonen Norsk Kulturarv har gitt ut boka «Veiviseren. Kulturhistorisk håndbok for Norge», her er Herøy Kystmuseum med, så museet har bokstavleg talt sin plass på kulturarvkartet i Noreg.<sup>158</sup>

På Herøy har der stått kyrkje sidan 1100–talet. Den første var ei steinkyrkje som vart riven og måtte vike plass for ei større trekyrkje på 1800-talet. At forfedrane i Herøy har rive ei 700-800 hundre år gammal steinkyrkje kan gjere ein meir enn ordlaus, så derfor lærer eg Magdalene Thoresen sine. «Den skulde være bleve staaende, den gamle Kirke! Den var et Monument, og da det faldt, mistedet Havet en Kjending og Fjellene en Ætling»<sup>159</sup> Etter, til dels stor møde, fekk dei rive den gamle steinkyrkja og sett opp ei ny. Den nye kyrkja vart vigsla 2. søndag i advent 1859.<sup>160</sup> Berre 57 år fekk den nye trekyrkja på Herøy, så vart den flytta frå indre til ytre, til Skaret i Fosnavåg. Ho vart ikkje gammal der heller, natt til 2. juledag 1998 brann den ned. I denne brannen gjekk det blant anna tapt verdifull kulturarv frå den gamle steinkyrkja, både ein døypefont frå 1572, ei altertavle frå 1600–talet og fleire kunstgjenstandar frå 1700–talet. Ei tragisk hending, som førte til at det på nytt er mogeleg å sitje i ei steinkyrkje i Herøy. At kyrkja har tyding for herøyværingane fekk ein eit tydeleg bevis på både den natta kyrkja brann ned, og ikkje minst nyttårsaftan same året. Sidan ein då ikkje kunne ha midnattsmesse i kyrkja, vart det halde messe på branntomta. Ein stor skare med folk tok på denne måten farvel med kyrkja si.<sup>161</sup> Ei byggjenemnd kom fort i arbeid, og bestemte seg for å føre opp ei brannsikker kyrkje. Kyrkjeringen er slutta for hovudkyrkja i Herøy sokn, ei ny steinkyrkje vart vigsla i februar 2003.

Gravplassen på Herøy ligg midt mellom tuftene til dei to kyrkjene. Det er skrint med jord på øya, og derfor måtte dei som skulle gravleggje sine døde ta med jord frå heimstaden. Etter kvart vart det ei plikt for bøndene i Herøy å føre jord og sand til kyrkjegarden. I fleire hundre år gjekk dette arbeidet føre seg, kyrkjegarden var umetteleg.<sup>162</sup> Dette gjekk føre seg heilt til

---

<sup>158</sup> (Norsk Kulturarv 2007, s. 287)

<sup>159</sup> (Thoresen 1899, Billeder fra Vestkysten af Norge, s. 46)

<sup>160</sup> (Rabben 1973, Herøyboka. Bygdesoga 2, s. 55)

<sup>161</sup> (Myklebust 1999, Brannmannen)

<sup>162</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget, s. 420)

1880-åra, då kom der andre gravplassar i kommunen, og etter det har det vore berre dei med tilknyting til Herøy, eller nabøya Nautøy, som kan nyte den. Det må ha vore litt av eit slitt å føre sand og jord til øya, men det var tvingande nødvendig om ikkje kistene skulle verte ståande oppe i det fri, og beinpipene skulle liggje og slengje rundt. I tillegg skapte det skrinne laget med jord eit forferdeleg luktproblem på øya. Vi kan vel ikkje tenkje oss ein gong kor ille det har vore på varme dagar. Det vart så ille for prestane å bu der, at fleire kjøpte seg sin eigen gard andre stadar i kommunen, og såleis sette seg i gjeld. Sidan prestane ikkje ville bu på prestegarden nokon lengd, så førte det til at den forfall. Kravet om ein ny prestegard ein annan stad i kommunen gjorde seg meir og meir gjeldande, og saka om flytte av prestegarden kom opp på tinget i Eiksund 22. mai 1761.<sup>163</sup> Eit makebyte vart gjort, Herøy mot Raftenes, sidan då har der ikkje vore prestegard på øya.

Etter sigande skal det også ha vore eit kloster på øya ein gong i tida. Hans Strøm skriv at det finnast leivningar av dette på eit berg som ber namn etter klosteret. Berget heiter Klosterhaugen den dag i dag. Om her har vore eit kloster, må det ha vore veldig lite. Etter Strøm sine beskrivingar er ikkje plassen der klosteret skulle ha stått meir enn 14-15 skritt i diameter.<sup>164</sup> I følgje Rabben går Strøm seinare tilbake på at det kan ha vore kloster på denne staden, til det er den altfor liten.<sup>165</sup> Mest sannsynleg er det altså berre ei segn, men segner gjer ikkje ein historisk stad mindre spennande for verken turistar eller fastbuande. Å gå på Klosterhaugen og prøve å sjå føre seg eit kloster medan ein hører guiden fortelje segna fengjer gjerne både ung og gamal.

Besøkjande på øya i dag kan sjå steinmuren etter trekyrkja, og på høgste punktet der steinkyrkja stod er omrisset av den merka med steinheller. Slik får ein eit lite innblikk i størrelsen på steinkyrkja, og i tillegg står der eit steinalter på same staden som alteret stod i steinkyrkja i mange hundre år. Under Herøysspelet vert den økumeniske gudstenesta halden her. Soknebarn og tilreisande kan slik få ei kjensle av korleis dei sat i den gamle kyrkja, men ein lyt finne seg i å sitje i Guds frie natur, sidan ingen greip inn og fekk berga monumentet. Dersom ein vandrar seg ein tur rundt på den vesle kyrkjegarden, så ser ein spor av desse

---

<sup>163</sup> (Ibid, s. 422)

<sup>164</sup> (Strøm 1957, Beskrivelse over Søndmør II s. 433)

<sup>165</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget, s. 414)

menneska som måtte få med jord frå heimegarden då dei vart gravlagde der. For oss i dag, som tek oss til øya med bil på under ein halvtime same kvar vi bur i kommunen, kan det vere vanskeleg å fatte slitet til dei som har gått føre oss. Til viktigare er det at det som er dokumentert om livet til herøyværingane, både i glede og i sorg, vert teke vare for dei som kjem etter oss. Ikkje berre teke vare på, men også gjort kjent. Det som berre vert liggjande å støve ned i eit arkiv gjer heller sjeldan nytte for seg.

I posten i dag fekk eg ein bokpakke, bestilt for nokre dagar sidan, medan eg åt lunsjen min og snakka med kollegaer. Det tok meg toppen to minutt, og betalinga vart gjennomført ved at eg brukte fingeravtrykket mitt på mobilen. Å handle i dag kostar ikkje mange kaloriane, og pengar veit vi nesten ikkje korleis dei ser ut lenger, for vi kan som sagt betale berre ved hjelp av eit fingeravtrykk. Dette er vel nesten så langt frå handelskvardagen som ein kunne kome i den tida det vart drive handel på Herøy. Dit kosta det mange kaloriar å kome, for dit kom ein berre med båt. Prestane hadde fått gjennomslag for ynskje om å flytta prestegarden til Raftenes, på grunn av därleg vølte bygningar, og luktplager frå kyrkjegarden, og dermed skulle ein tru at det vart slutt på det meste av folkelivet på Herøy. Men nei, om den ikkje var brukande til prestegard, så var den brukande til handelsverksemد. Det vart bygd nytt hovudhus nokre år før prestegarden vart flytta, og Herøy skulle verte ein handelsstad å rekne med. I 1770 overtok Sivert Olsen, ein handelsmann av rang, og han dreiv det stort. Han vart også eigar av Herøy kyrkje.<sup>166</sup> Øya vart i 1841 stoppestad for dampskipet «Nordkap», som gjekk i rutefart. Her var brennevinsutsal, og også poststad. Det må ha vore ganske livleg på den vesle øya i desse dagar. At dei såg seg nøydde til ha eit rom på naustet som kunne nyttast til fengsel, vitnar om at det kunne verte litt vel livleg til tider. Ein møteplass for alle, der ein kunne handle, frette nytt om det som gjekk føre seg både ute og heime, eller berre møte vener og kjende og ha ei hyggestund i lag. Øya hadde mykje av den same funksjonen som verdsveven har i dag. Under Herøysspelet kan ein kjenne litt på korleis det måtte vere å gå her i forne dagar, då handelsstaden syda av folkeliv. Sogespelet vert framført på den mest tradisjonstunge staden i kommunen, så både kulturarv og identitet vert eit element under desse dagane.

---

<sup>166</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget, s. 425)

I «Billeder fra Vestkysten af Norge» har Magdalene Thoresen samla nokre av segnene frå øya. Eg har ikkje denne boka i mi bokhylle, men har lese den på nettstaden til Nasjonalbiblioteket. Dette er eit godt døme på korleis ein kan ta vare på kulturarven i den globale tida. Ved å legge bøkene ut på verdsvegen får mange fleire kjennskap til dei, og slik vert historiene tekne vare på for ettertida. No kan kven som helst, uansett kva tilhaldsstad ein har på kloden, få tak i bøkene ved hjelp av nokre tastetrykk. Magdalene Thoresen var gift med prost Thoresen, som tenestegjorde i Herøy frå 1828 til 1844.<sup>167</sup> Prosten hadde mist to koner før han vart gift med danske Magdalene, fødd Anna Magdalene Krag. Ei av stedøttrene til Magdalene, Susanna Thoresen, vart gift med Henrik Ibsen. Før både Susanna og Magdalene kom til gards, så hadde Ivar Aasen vore innom prestegarden eit par år, som huslærar. Det er nok godt kjent blant herøyværingane at desse menneska eg har nemnt her kan knytast til prestegarden på Raftenes, mindre kjende er nok forteljingane og mytane frå Herøy som Magdalene har skrive om. I «billeder fra Vestkysten af Norge» kan ein lese blant anna om båtar som nesten forliser på veg til kyrkja, og om eit månadsgammalt spedbarn som mora misser ut av hendene i uvêret. Litt seinare, ved hjelp av ei eldre dame på øya som har hatt eit syn, vert barnet funne att i fjøresteinarne. Barnet lever så vidt, presten rekk å døype det, og dermed så er det berga frå skjærselden då det like etter dåpen andar ut for siste gong. 61 sider har Thoresen via til dramatiske historier, som fortel om det harde livet til herøyværingane i tidlegare tider.<sup>168</sup>

Den mest kjende historia frå øya fann stad i prost Thoresen si tid, men han var ikkje til stades då dette hende. Historia eg siktar til er Anna med barnet.<sup>169</sup> Anna, kona til overtollbetjent Johan Christoffer Brun, skulle føde sitt åttande barn. Under fødselen døydde Anna, og ho vart gravlagd 2.2.1841 på Herøy. Sidan prosten ikkje var til stades, så skulle jordfestinga haldast seinare, og difor vart eit jarnrør sett ned gjennom jorda og ned på kistelokket, slik at prosten kunne kaste jord ned på kistelokket. Så langt ikkje ei uvanleg historie. Fødslar kunne vere ei heller utrygg affære, og ein hadde ikkje mykje å hjelpe seg med om det var noko som gjekk gale. I kveldinga etter gravferda høyrdie ein lydar frå gravplassen, det høyrdest ut som skrik frå nokon i den yttarste naud, og dei lokaliserte skrika til jernrøret som stod ned på

---

<sup>167</sup> (Rabben 1983, Herøyboka. Gardar og Folk III. 2. opplaget, s. 117)

<sup>168</sup> (Thoresen 1899, s. 10-55)

<sup>169</sup> (DigitaltMuseum 2014, Anna med barnet)

kistelokket. Grava vart opna, og det viste seg at Anna hadde fødd eit barn, men både Anna og barnet var no døde. Mannen Johan fekk laga og sett opp eit jarkors, og på dette gravminnet står det: Anna med Barnet – 2.2-1841. Som så mange andre i Herøy så kjende eg godt til denne historia, og eg finn den i mange trykte kjelder. Eg har valt å bruke DigitaltMuseum som kjelde i denne oppgåva. Dette fordi det understrekar at Internett kan vere med å bevare historiene frå eit lokalmiljø. Når nokon tek jobben med å samle inn kjeldestoff, for så å digitalisere det, så blir det lett tilgjengeleg. Både noverande og komande generasjonar kan søkje og finne historisk kjeldestoff på ein arena ein har blitt meir og meir vand med å nytte.

Hans Strøm har ein teori om kvifor dei anseelige herrer og fornemme menn, som han meiner har gitt namn til øya, valde å gå i land akkurat her på «denne i seg selv ubetydelige Øe».<sup>170</sup> Herøy er det fyrste ein sjøfarande møter etter å ha runda Stad, eit av dei mest farefulle havstykka i Noreg. Med sine mange stadar å fortøye er det også ein ypparleg plass å ligge på våret, til «Staden» kan passerast. Magdalene Thoresen nemner same grunnen. Når dei sjøfarande etter ei farefull ferd endeleg skimtar Landego (det gamle namnet på Svinøya), så gir det livshåpet, og når så kyrkja på Herøy dukkar opp så gir det «den fulde Fortrøstning.»<sup>171</sup> Øya ligg midt i skipsleia og den gir god livd. Eg har allereie nemnt Heilag Olav, Bjarne Rabben nemner også Jomsvikingane, Magnus Erlingson og faren Erling Skakke som la innom då dei forfølgde kong Sverre. Kong Sverre har både halde ting her og vore innom ein gong han var etter baglarane. Kong Håkon den gamle og Skule jarl har søkt ly for uvåret her.<sup>172</sup> I «Flatøybok, bind 3», kan ein følgje rikssamlaren Harald Hårfagre sine ferder for å samle Noreg. Han gjorde mange reiser forbi Stad, og det er ikkje usannsynleg at han då har vore innom Herøy, anten for å kvile etter turen rundt Stad, eller for å vente på høveleg bør sørover.<sup>173</sup> I dette bindet av «Flatøybok» er også historia som Herøyspelet byggjer på, møtet mellom Olav Haraldsson og Karl Mørkske, att given.<sup>174</sup> I eit dokument frå 1433 er det nemnt at Øya har gildestove, eller konventstue, og i denne gildestova skal erkebispen Aslak Bolt under ein visitas hatt eit møte med ålmugen 26. juni same året.<sup>175</sup>

---

<sup>170</sup> (Strøm 1957, s. 432)

<sup>171</sup> (Thoresen 1899, s. 10)

<sup>172</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget, s. 414)

<sup>173</sup> (Birgisson, Rowe og Titlestad 2016, Flatøybok Bind 3 s. 35-38)

<sup>174</sup> (Ibid, s. 394)

<sup>175</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget, s. 415)

Øya midt i leida har etter sigande vore sentral mang ein gong for stormennene i landet. I dag er den ein ynda turstad for både lokale og tilreisande. Ein kan stille spørsmål ved kvifor så mange set seg i bilen for å oppsøkje denne vesle øya når ein skal gå seg ein tur, kvifor ikkje berre ta på seg skoa og gå ein tur i nærmiljøet? Kva er det som gjer den til eit så populært turmål? Etter statusar på Facebook å dømme er der folk både seint og tidleg, helg og yrke. Ein har ikkje store plassen å bevege seg på, og dei fleste har rusletempo når ein møter dei. I den travle verda vi har i dag, der det meste helst skal gå i ei forrykande fart, og ein skal rekke over mest mogeleg på kortast mogeleg tid, kan Herøy verte den rolege øya i eit opprørt hav. Den historiske staden vert ein stad der ein kan hente seg inn att i ein travel kvardag. Å rusle her, midt i kulturarven, og la tankane vandre sine eigne vegar, frå Møre Karl til Magdalene, gir kanskje ei kjensle av tilhørysle, ein identitet, eit fellesskap. Ein turist vil gjerne oppsøkje dei mest kjende stadane og attraksjonane slik at ein kan krysse det av på opplevingslista si. Ein må berre hugse å dokumentere på sosiale media at ein har vore her, elles tel det vel ikkje...

### 3.2.4 Skotholmen

Skotholmen er i dag ei øy utan fastbuande. Den vesle øya, som ligg i leida rett utanfor Sævikane på Remøya, har vore både handelstad, brennevinsutsal, røykeri, brenneri og fiskevær, og det har vore drive med sildesalting her. I følgje Rabben var holmen i 1960 leigd vekk til eit firma frå Bergen som dreiv fileteringsanlegg og fryseri her.<sup>176</sup> Ein holme med rike tradisjonar for fiskeri og fiskeforedling. I dag er Skotholmen kjend for restauranten sin, Kami Skotholmen. Ein restaurant som bokstaveleg talt kan hente råvarene rett utanfor døra, om ein har fiskestang tilgjengeleg. Ein kan kome til øya med eigen båt, eller nytte seg av samarbeidspartnaren til Kami Skotholmen, Havopplevelse.<sup>177</sup> Restauranten opna sommaren 2016 og vart raskt eit populært tilbod, både blant lokalbefolkinga og gjestar som var meir langvegsfarande.<sup>178</sup> Ei gruppe av lokale investorar har vore med å gjere prosjektet mogeleg. Ein må nok mest sannsynleg vere både lokal og kjent med historia til Skotholmen for å finne det interessant å skulle drive ein restaurant der i dag. Då restaureringa tok til, var bygningane i

---

<sup>176</sup> (Rabben 1979, Herøyboka. Gardar og folk I (2. opplaget), s. 318)

<sup>177</sup> (Havopplevelse.no u.d.)

<sup>178</sup> (Tomasgard 2017, God start for Skotholmen, artikkel i Sunnmørsposten)

meir enn dårlig stand, men i dag er det falleferdige naustet rusta opp til ein topp moderne restaurant. Mange av historiene, og kanskje nokre mytar, er godt kjende i lokalmiljøet. Det har vore ein møtestad for både herøyværingar og tilreisande, men ein kan i bygdeboka også lese om harde tider, og mange konkursar. På 1800–talet gjekk ein mann ved namn Bakke konkurs på holmen. For sonen vart dette så pass tungt, at han verva seg til teneste i belgiske Kong Leopold sin hær, og tenestegjorde i Belgisk Konge som marineoffiser. Løna han fekk for dette sende han til faren for at han skulle få betale ned på gjelda.<sup>179</sup> Der finnast også mange historier med lukkelegare tilsnitt, for eksempel dei store juleselskapene der blant anna fattigfolk frå Sævikane var blant gjestane. Det er ikkje så vanskeleg å skjøne at det gjekk gjetord om desse selskapene, for mange var det nok som å kome til ei heilt anna verd. Ei verd der dei kanskje kunne få ein liten smak av den store verda. På borda rundt omkring i husmannsstovene gjekk det mykje i fisk, gjerne fiska rett utanfor stovedøra. I selskapet på Skotholmen vil eg tru at det var råd å få smake på forskjellig anna også, kanskje til og med råvarer importerte frå det store utland. Då er det eit aldri så lite paradoks, at i 2018 kan vi nesten ikkje sværare middag få, enn eit fiskemåltid på Skotholmen, fiska rett utanfor restaurantdøra.

### 3.3 Kulturarven og bevaring av den

#### 3.3.1 Flåvær

Noko av det fyrste ein møter når ein rundar Stad og seglar inn Herøyfjorden på veg nordover er Flåvær. Ei gruppe øyar med rik historie, og skipsleia vert kalla Flåværleia både nord og syd om desse holmane. Mangt eit mannskap har nok senka skuldrane når ein har fått Flåvær fyr ytst på Varholmen på styrbord side og Stadhavet var eit tilbakelagt kapittel. Holmane fekk tilnamnet Pinebenken blant sjøfolk. Ofte måtte dei ligge lengje ved Flåvær før dei kunne leggje ut og prøve å runde Stad. Flåvær er eit gammalt fiskevær.<sup>180</sup> Dei er ikkje store øyane, men har husa mangt eit båtlag, og ofte fleire hundre fiskarar i gongen, kanskje til og med langt over 1000 mann. Under vinter- og sommarsildfisket kom også kjøparar til Flåvær med jaktene sine. Då salta dei gjerne silda der, og salting av sild, gir også salt i suppa for kystfolket. Fiskarane kunne få husrom både i pakhus og i privatbustadane her. I følgje

---

<sup>179</sup> (Roaldseth 2016, Nytt liv til gammelt handelssted)

<sup>180</sup> (Rabben 1983, Herøyboka. Gardar og Folk III. 2. opplaget, s. 282)

Rabben så står det i eit bygslebrev på Flåvær frå 1816 at eigaren var pliktig til å huse så mange fiskarar som huset kunne røme.<sup>181</sup>

I tillegg til å vere fiskevær har Flåvær også vore ein handels- og gjestgjevarstad frå gamalt av, mogeleg så lang tilbake som på 1600-talet. På 1700-talet er her fleire dokument som kan vise til at det har vore gjestgjevarstad her, og i 1776 har kjøpmannen Christoffer Rønneberg kome i gong med handel. Rønneberg var ein av dei store kjøpmennene i Herøy og på Sunnmøre på slutten av 1700- og byrjinga av 1800-talet til han døydde i 1824. I tillegg til å drive med handel kjøpte han opp jord over store delar av amtet, og han eigde ei tid også to kyrkjer, Ulstein- og Hareidskyrkja.<sup>182</sup> På Flåvær kom Rønneberg på kant med fiskarane fordi han ikkje ville gi dei husly dersom han ikkje fekk forkjøpsrett på fisken deira. Fiskarane vann fram med saka si, og Rønneberg måtte leige ut husvære og buer når han sjølv ikkje brukte dei, utan at fiskarane var forplikta til å selje til han. Fiskarane fekk også mot betaling rett til å byggje eigne buer, naust og fiskehjellar på Flåvær. Dei kunne tilverke fisken sin der, og dei var i sin fulle rett når dei selde til den som gav best pris.<sup>183</sup> I ein periode på 50 år, frå år 1790 var det ingen som dreiv handel på Flåvær, men i 1840 søkte ein Gerhard Wiig om å få handelsløyve. Sjølv om her hadde vore drive handel før, så var det ikkje gjort i ei handevending å få løyve på nytt. Ein av dei som argumenterte for at Wiig ikkje skulle få løyve, var prost Thoresen. Prosten var, slik som mange andre av sine kollegaer, medlem av dei nyoppredda formannskapa. Det første formannsskapsmøtet i Herøy kommune vart halde i prestegarden på Raftenes 3. november 1837, og det første ordinære møtet vart halde i prestegarden på dagen fire månadar seinare, 3. mars 1838.<sup>184</sup> Wiig fekk likevel løyvet sitt, og han og sonen skulle etter kvart kome til å drive stort på Flåvær. Det vart livlege tider på øyane, og i gode år var det så tett av båtar at ein kunne gå tørrskodd frå båt til båt over hamna. Ein av lærarane på øya tok ein dag med seg elevane sine og hadde for moro skuld si eiga private folketeljing. Teljinga viste at 1004 mann var samla på Flåvær denne dagen.<sup>185</sup> Flåvær hadde eige bakeri, fiskarheim, skule, var poststad frå 1873, og fekk telegrafstasjon i 1869. Det er ikkje store arealet på øyane som hører under Flåvær, men historiebøkene kan fortelje om

---

<sup>181</sup> (Ibid, s. 283)

<sup>182</sup> (Nyborg, Christopher Tjærandson 2016, Rønneberg, artikkel frå Lokalhistoriewiki)

<sup>183</sup> (Rabben 1983, Herøyboka. Gardar og Folk III. 2. opplaget, s. 285)

<sup>184</sup> (Herøy kommune u.d, Herøy si politiske historie - kortversjon.)

<sup>185</sup> (Rabben 1983, Herøyboka. Gardar og Folk III. 2. opplaget, s. 286)

eit yrande folkeliv. Tida gjekk etter kvart frå Flåvær også, og i løpet av 1990 - åra flytta dei siste fastbuande.

Slike gamle fiskevær og handelstadar har mange stadar fått sin renessanse som turistattraksjonar etter at dei har vore lagde aude i kortare eller lenger tid, og dette gjeld også for Flåvær. Det er ikkje få som har lagt ned uendeleg med dugnadstimar for å halde desse gamle kulturminna i hevd. I 2000 fekk eigarane av Flåvær Godt vern-prisen på Sunnmøre<sup>186</sup> Herøy kommune sin kulturminnepris gjekk til eigarane av handelsstaden i 2009.<sup>187</sup> Flåvær kunne leigast som festlokale, ein kunne leige leiligheter der, med alle dei fasilitetar som turistar, og fastbuande, kunne tenkje seg for eit opphold på eit av dei mest ærverdige kulturminna i kommunen, og ein kunne nyte seg av aktivitetar som fisking, havrafting og dykking. Flåvær hadde bygd seg eit godt renommé som turiststad, og seinsommaren 2014 var turistattraksjonen fullbooka fram til jul. Å kome til denne perla av eit kulturminne der ut i skipsleia, kan gjere at ein kjenner suset frå forne dagar, og kjenner at banda til kystkulturen og kommunen er sterke. Røtene har gode kår, sjølv på vêrharde holmar og skjer med dårlig vekstvilkår. Då må det vere historia som gir rotfestet, ikkje levevilkåra. 19. august 2014 skjedde katastrofen som omrent utsletta eit av dei største kulturminna i Herøy kommune. Det tok fyr i eit av nausta, og på eit blunk brann to naust og hovudhuset ned. Ikkje berre bygningane gjekk tapt, men gamle papir, garn og reiskap som har vore på Flåvær heilt frå dei rike sildetidene på 1800- talet gjekk også tapt for alltid.<sup>188</sup> Ein katastrofe for eigarane, men ei minst like stor katastrofe for Herøy og for etterslektene som no ikkje vil kunne gå i dei opphavelege bygningane og få sjå gjenstandar og dokument som vitnar om livet på Flåvær gjennom mange hundre år. Eigaren sa allereie dagen etter brannen at han ville byggje opp att husa slik dei stod, og dette arbeidet kom i gang i 2016.

### *3.3.2 Sunnmørsjekta og eldsjelene*

Ved Herøy Kystmuseum ligg sunnmørsjekta «Anna Olava». Den er ein kopi av sunnmørsskutene som gjekk i jektefart på 1700 og 1800- talet. Båten er bygd i Bjørkedalen, og det var stor stas då den kom til Herøy i år 2000. I 2011 vart den sett på land ved museet, på

---

<sup>186</sup> (DigitaltMuseum 2014, Godt vern-prisen på Sunnmøre)

<sup>187</sup> (Moltu, Grimstad, et al. 2010, Herøyboka Heimar og Folk. Band 2: Indre Herøy)

<sup>188</sup> (Flatin, Høyberg og Øvrelid 2014, – Det største verditapet er historia, NRK Møre og Romsdal)

grunn av motorhavari, skadar på skrog, og ikkje minst mangel på ressursar.<sup>189</sup> Her stod jekta, til spott og spe i ei fiskerikommune, fra 2011 til januar 2017. «Anna Olava» har sjølvsagt si eiga Facebook-side, og her kan vi følgje henne frå 14. september 2016 og til i dag. Fram mot jul og nyttår i 2016 murra det meir og meir i Herøysamfunnet over at denne flotte kulturarven vart ståande til forfalls på ein parkeringsplass. Båtar har det som kjent aller best på sjøen, parkeringsplassar er for bilar. Eigarstyret ved kystmuseet og kulturavdelinga i kommunen jobba iherdig med å skaffe finansiering, og 30. januar 2017 fekk jekta endeleg kome under tak, og arbeidet med rehabilitering kunne starte. På Facebook-sida «Sunnmørsjekta «Anna Olava»» kan ein følgje prosessen nesten veke for veke. Her blir det kalla inn til dugnadar, og her kan vi sjå biletet av dugnadsgjengen etter kvart som arbeidet skrid fram. I tillegg til at ein kan følgje prosessen, får ein også innsyn i den, og dermed kjennskap til både byggeskikk og vedlikehald av ein slik båt. Eg har følgt arbeidet berre via Facebook, men oppfattar det ut i frå det som har vore skrive der at dugnadsgjengen har det veldig kjekt med å sette i stand igjen dette flotte kulturminnet. Det er typiske dugnadar, med vaflar, kaffi og ein god «drøs» i pausane. Postane på Facebook viser at det ligg mange og lange timer bak jobben med å få den tilbake til slik den var i sine glansdagar. 31. august 2017, etter nesten seks år på land, og mange hundre dugnadstimar av entusiastar, i omrent alle aldrar, kunne «Anna Olava» endeleg segle på eigen kjøl igjen.<sup>190</sup> Den stolte skuta er tilbake i sitt rette element, og mange har kunne lære mykje frå arbeidet, både dei som har delteke på dugnadane, og vi som har følgt prosessen på sosiale media, men å sjå arbeidet dokumentert har definitivt ikkje gjort meg til nokon båtbyggjar, her må hendene inn og ikkje berre augo. Teorien åleine skapar ikkje noko, her må hender og hovud verke i lag for at kulturarven som ligg både i gamal båtbyggjarkunst og handteringa av ein slik type båt skal vere levande. Namnet på sunnmørsjekta er ikkje tilfeldig. Den har fått namnet sitt etter kona til Sivert Olsen, den fyrste store handelsmannen på Herøyholmane.<sup>191</sup> Både Herr Olsen og andre viktige menn har fått dokumentert livet sitt i skriftlege kjelder, men husfruen og deira liv og verke veit vi mindre om. Dette har forteljaren Guri Aasen gjort noko med, og i 2009 laga ho ei framsyning der «Anna Olava» og hennar medsystrer er sentrale. Ved å pusle saman historiske bitar frå kyrkjebøker, skiftedokument og anna litteratur om kvinner sine kår på 1700-talet, har Aasen gitt liv til Anna Olava. Framsyninga kan bestillast, og den går føre seg i stovene til Anna

---

<sup>189</sup> (Øvreliid 2017, «Anna Olava» vart flytta)

<sup>190</sup> (Facebooksida til Sunnmørsjekta «Anna Olava» 2016)

<sup>191</sup> (Aasen, Anna Olava - den gløymde husfrua på Herøy Gard u.d.)

Olava.<sup>192</sup> Og om det skulle lage seg sånn, så kan ein ta ein tur med jekta som er fått namnet hennar etterpå. Sunnmørsjekta «Anna Olava» er ei perle i kulturarvkista. Den gir innblikk i båtbyggjarkunst, sjømannsskap, livet på handelsstaden Herøy, og livet til forfedrane våre. Alt dette kan ein lese om på verdveven, men kjensla ein får når ein sit i stova til Anna Olava og hører bitar frå det som kunne ha vore livshistoria hennar, og kjensla av saltvatn i ansiktet medan ein hører skroget knirke under føtene, det kan ein aldri lese seg til, der må andre sansar inn i tillegg. Nokon må sitje stille i båten slik at vi ikkje misser méda i den hektiske tida vi lever i, verdveven gir definitivt ikkje alt, ein kan ikkje lese seg til ein identitet og lokal forankring.

Sunnmørsjekta er koma på plass der ho hører heime, ved bryggja på Herøy Gard, det har eit utal dugnadstimar sørga for. Men, kva i alle verda er det med «Anna Olava» som gjer at folk stiller på dugnadar gong etter gong? For å kome litt nærmare eit svar på det må eg igjen gå til kjelda, til eldsjelene bak arbeidet. Eg valde å gjere det på same måten som med eldsjelene bak Herøyspelet, eg sende ut ei fellesmelding, og dei som sa ja til å vere informantar kunne også her svare på mail eller ved at vi tok ein samtale på telefon. Dei fem informantane svarte alle på mail, og vert omtalte som B1 til B5. B1-3 har vore med under heile prosessen, B4 og 5 har delteke meir sporadisk. Spørsmåla er i stor grad dei same som til eldsjelene bak Herøyspelet, men i tillegg fekk dei eit spørsmål som går på om dei kjende til historiene bak sunnmørsjektene og husfrua «Anna Olava» før dei vart ein del av dugnadsgjengen.

Fyrste spørsmål var korleis dei vart ein del av dugnadsgjengen. B1 skriv at han i lag med ein annan tok kontakt med kulturleiaren i kommunen og sa seg villige til å vere med å redde jekta, då dei synest det var for gale at den stod til forfall på parkeringsplassen. Initiativet førte til at det vart danna ei tverrfagleg frivillig arbeidsgruppe for å identifisere rehabiliterings- og vedlikehaldsbehova. Gruppa hadde fem medlemmar, og deriblant då B2 og B3. B2 skriv at gjennom sin far har han har kjent til prosjektet sidan før det vart realisert. Etter at jekta hadde stått på land og forfalle i alt for mange år, snakka han og kulturleiaren ein del om at det burde blitt teke eit initiativ til å få sett den i stand og få den på sjøen. Kulturleiaren tok til slutt initiativet og så var det i gong. B3 hadde verv i eigarstyret for Herøy Kystmuseum, og jekta vart ein naturleg del av arbeidet hans der. Museumsbåtlaget var lenge ein sterk bidragsytar til

---

<sup>192</sup> (Ibid, u.d.)

drift og vedlikehald av jekta. Dei seinare åra har aktiviteten i laget gått ned, og det var viktig å få på plass nye som ivra for båten. B4 hadde vore ein tur med «Anna Olava», frå Herøy Gard til Flåvær på ein nydeleg dag, og med den no avdøde kulturhøvdingen Roald Sporstøl om bord. Som medlem av Flåværleida Museumsbåtlag fekk ho vite at det var starta opp med dognadar på jekta. Opplevinga ho hadde hatt av å vere på sjøen i ei diger jekt var grunnen til at ho melde seg. B5 hadde vore med berre på siste dognaden, og det var etter direkte spørsmål om han ville vere med.

Andre spørsmålet mitt gjekk på om informantane kjende til historiene bak jekta og husfrua Anna Olava før dei vart ein del av dognadsgjengen. B5 visste i grunnen ingenting, skriv han, medan B4 hadde hørt via båtlaget at det var bordkledning funne på Håkonsholmen som var opphavet til å lage ei ny jekt. Etter oppmåling av bordkledninga vart det i samarbeid med Saxe Bjørkedal konstruert ei jekt som var tilnærma ei som kunne ha vore brukt lokalt på Ytre Søre Sunnmøre. Om «Anna Olava» visste ho berre at ho hadde vore husfrue på Herøy Gard. B3 har gjennom engasjementet sitt i styret for Herøy Kystmuseum, og gjennom arbeid i lag med Roald Sporstøl og Håvard Hatløy (museumsstyrar ved Herøy Kystmuseum, min kommentar), blitt godt kjend med, og også svært glad i, historiene om jekta og «Anna Olava». B2 skriv at han var kjend med Hans Strøm si beskriving og teikning av sunnmørsjekta, men kjende ikkje så godt til historiene til jektene. Historia om «Anna Olava» kjende han derimot godt, mest sannsynleg gjennom at faren hadde fortalt om henne ved ei omvising på Herøy Gard. B1 kjende litt til jekta, og hadde vore med å brukt den før, men visste lite om «sjølvaste» «Anna Olava».

Når eg vidare spør om «Anna Olava» kan definerast som ein del av kulturarven på Sunnmøre, og i så tilfelle korleis, er alle samstemte, den er ein del av kulturarven i regionen. Når det gjeld korleis svarar B1 at sjølv om ikkje «Anna Olava» er ein gamal båt, så veit vi på bakgrunn av dokument at dette var ein båttype som eksisterte på 1700 og 1800-talet, og før det og. Det var på slike båtar ein fekk varer ut i distrikta, og kunne ha levekår i små samfunn som for eksempel Herøy. B2 nemner at basert på det Strøm skriv i «Beskrivelse av Søndmør» så har det vore ei jektetype som vart kalla sunnmørsjekt. Og denne hadde som andre båtar langs heile kysten eigne løysingar og detaljar som følgje av kvar den vart bygd. I tillegg er «Anna Olava» ein klinkbygd båt bygd i Bjørkedalen på Sunnmøre, og dette er handlingsboren kunnskap som er vidareført der gjennom hundrevis av år. B3 skriv som fiskerikommune var sunnmørsjektene ein svært viktig del av det å kunne handle med fisk, og få sendt behandla

fisk ut på marknaden. Dette var med på å legge grunnlaget for fiskeritradisjonane her. B4 skriv at sjølv om båten har moderne innslag som motor og toalett om bord, så gir den likevel eit innblikk i originalitet og kva som er korrekt, og kulturarven vert både opplevd og gitt vidare for kvar gong nokon samarbeider om jekta, eller får reise ut med den. B5 skriv at den høyrer til kulturarven fordi den viser korleis livet var før i tida.

Det neste spørsmålet var grunnen/grunnane til at dei valde å bruke av tida si til dugnadsarbeid. B1 skriv at han synest at dugnadsarbeid er ein fin måte å bidra inn til eit fellesskap, det gir mogelegheit til å få i stand viktige ting med små ressursar. Om alle bidreg litt, så hjelper det på til å få eit betre samfunn for alle. Det er sosialt, og ein treff folk ein elles ikkje omgår i det daglege liv. B2 skriv at det fyrst og fremst er fordi det ville vere synd og unødvendig at ein slik flott båt skulle verte øydelagd på ein parkeringsplass i Herøy. Han meiner også at handelsstaden Herøy Gard ikkje viser ein komplett handelsstad frå 1700-talet utan ei jekt. I tillegg er det kjekt med dugnadsarbeid, han har blitt kjend med nye kjekke folk, der dei har fått til noko positivt saman. B3 skriv følgjande:

Skal ein ha levande miljø i ein kommune, er dugnadsarbeid ein avgjerande faktor i dette , det enten det gjeld idrett eller andre former for aktiviteter. Den dagen alt skal vere lønna arbeid, vil det meste av dette falle ut. Den sosiale delen av dugnadsarbeid er også svært viktig for meg. Her lærer ein nye menneske å kjenne og gjennom det auke sin eigen kunnskap.

B4 vil gjerne at jekta skal få fortsette å gi flotte opplevingar til alle som ynskjer seg ein tur på sjøen i eit historisk farty, lukta av tjære og treverk er flott. I tillegg var det ei hyggeleg oppleving, for dugnadsgjengen var så inkluderande. Når ein slik driftig gjeng set i gong eit sånt stort prosjekt, følte ho at ho gjerne ville at dei skulle lukkast, og var eigentleg litt lei for at ho ikkje hadde fleire dugnadstimar. Ho har lært mange maritime uttrykk, og litt om kva som er viktig å tenke på ved behandling av treverk som skal i sjøen. B5 har skrive at han synes det er kjekt å ta vare på gamle ting, og å ta vare på historia. Når det gjeld neste spørsmål, som gjeld om delinga indre-ytre kjem fram under dugnadsarbeidet svarar B5 at det veit han ikkje, medan dei andre fire svarar at dette ikkje er noko tema under dugnadane. B3 opplever at dette er meir aktuelt i politikken, medan det i arbeidet på Herøy, anten det gjeld Herøy Kystmuseum eller Herøyspelet ikkje er eit omgrep eller skilje som vert brukt. B1 skriv at han ikkje har tenkt tanken på indre/ytre før han las det i intervjuguiden, og B2 meiner at om noko, så er dugnadsarbeidet og «Anna Olava» med på å ta vekk «avstanden» mellom indre og ytre. Så skal jekta ligge på Herøy Gard. Det gjer det enklare å møtast midt i mellom.

Informantane vart vidare spurt om «Anna Olava» kan tilføre Herøy noko, og alle fem har svart at det kan den. Det vert nemnt turisme, formidling av kunnskap om bruken og kor viktig den var for utviklinga av den kommunen vi kjenner i dag, samarbeid med for eksempel sjøspeidarane, aldersheimane, barnehagar og andre som vil nytte jekta. Den er ein fin ambassadør når ein tek i mot gjestar i kommunen, og som ein del av handelsstaden Herøy Gard kan den verte brukt til formidling av historia, og den kan også nyttast i skulesamanheng. Ein vil prøve å vere til stades i Fosnavåg når noko skjer, då kan ein både vise den fram og ha eit program rundt den. Håpet er at jekta skal kunne driftast utan at dei som vil vere med på tur må betale så mykje for det.

Siste spørsmålet til den driftige gjengen var: I nokre tilfelle vert kulturarv og identitet sett i samanheng, kan dette på nokon måte gjelde for «Anna Olava», og i tilfelle korleis? B5 skriv at Herøy er ein maritim kommune, det er viktig å vise korleis utviklinga har gått framover, og korleis dei levde før i tida. B4 meiner at jekta er eit symbol på begge omgropa. Den har ein plass i den tidlege historia, og den kan følgjast bakover i tid. Her ligg lokal og nasjonal historie i eit omfang som er like stort som kva den enkelte evnar å ta til seg. I identitet for dagens innbyggjarar er den ei flott jekt som vert opplevd som ein felles kulturell eigedom. Noko unikt er skapt lokalt og vert halde i hevd. B3 skriv at jekta er ein del av kulturarven vår, og som herøyværing med identiteten vår nedarva frå fiskarbonden meiner han at dette kan sjåast i samanheng. B2 kommenterer det slik: Herøy kommune sin identitet er nært knytt til sjøen og bruk av båt, jekta kan saman med andre historiske båtar vise viktigheita av båten for utviklinga i Herøy. Det å ha ein eigen båt tilhøyrande ein kommune eller tettstad har ein sett fungere positivt for identitet andre stadar (nemner her Risør/redningsskøyta «Risør II», Arendal/engelskkutteren «Boy Leslie», Ålesund/bankskøyta «Storeggen» og Bergen/«Statsraad Lemkuhl»). Dette er alle båtar som lokalmiljøa identifiserer seg med og stolt viser fram. Når ein reiser langs kysten med båtane, representerer ein sin kommune/tettstad ved å vise fram eit parti som representerer sin stad og som ein er stolt av. B2 avsluttar med at for å få til dette i Herøy er det viktig at ein får folket her til å føle at dei har eit eigarforhold til jekta, ikkje at den er noko som høyrer til ein dugnadsgjeng, eit museum eller nokon andre. B1 skrev som følgjande på siste spørsmål:

For Herøy er vel båten ein identitet for folket i seg sjølv, eg meinat at vi kan sjå samanheng mellom jektefart til handelsstaden Bergen, båten, havet og folket som kunne bu her... Om ein

les Magdalena Thoresen sine bøker, så skriv ho om Stadthavet, båten, og nemner det gamle namnet ”Landego” (Svinøya). ”*Stadt er beseiret vi har kommet til landet det gode: Landego*”, skriv ho etter ein tur heim frå Bergen. Havet som framkomstveg har vore der i uminnelege tider, båten var framkomstmiddelet. Vi kan og sjå syd på Storholmen og bakeriet som ligg der, det blei brukt heilt fram til ca 1940 talet. Og ligg midt i leia fordi det var ferdelsåra.

*Lyrikaren Inger Hagerup (1905-1985) var godt kjent i området, og det er mogeleg at bakaren på Storholmen var inspirasjon til eit av hennar dikt. "Det bor en gammel baker på en bitte liten øy".*

Eldsjelene har gjort seg mange tankar om jekta, historiene, kulturarv og identitet, og eg vil kome tilbake til dette i oppsummeringa til slutt. Som fleire av dei var inne på i intervjuet, så har folket i Herøy til alle tider vore avhengige av å ha båt tilgjengeleg, og ein har prov på dette som kan førast 1000 år lenger tilbake enn det ein kan med sunnmørsjektene.

### 3.3.3 Kvalsundskipa

Sjølvsagt høyrer dei eldste skipa i kommunen med i denne oppgåva. Kvalsundskipet vart funne under torvspading på Kvalsund i 1920 i lag med ein mindre båt. To båtar, funne i sine einskilde faktorar, totalt sundbrotne, og sannsynlegvis ei offergåve til dei norrøne gudane. Det største skipet var 18 meter langt og 3,2 breitt, bygd av eik med spant av fure og klinka med jarnnaglar. Skipet er tidfesta til om lag år 690 e. Kr. Det har kunne vore ført segl på skipet, og ein trur at det har vore eit krigsskip. Arkeologar grov fram heile dette store puslespelet, og etter å ha fått teikna ein rekonstruksjon vart ein kopi bygd i Bjørkedalen i 1973.<sup>193</sup> Kopi av Kvalsundskipet er i dag i bevaring på Sunnmøre Museum. I og med at kopien er å finne i Borgundgavlen i Ålesund og ikkje i Herøy, så er det vanskeleg å nytte den som ein turistattraksjon. Det nærmaste ein kjem Kvalsundskipet i Herøy er i kommunevåpenet. Der ser ein stamnen på to vikingsskip som står mot kvarandre, og skal symbolisere dei to skipa som vart funne i 1920.<sup>194</sup> Nasjonsbyggingsprosessen på 1800-talet har lært oss at symbol frå tidlegare stordomstider er viktige ingrediensar i den norske identiteten. Herøy er ein av stadane i landet som kan skilte med prov på at røtene våre ein gong var føter som sette sjøbein i opne skip som har vist seg å vere særskilt sjødyktige. Så sjødyktige at i nabokommunen er Ulstein verft no verdskjende for sine design med X-Bow, båtar med baugar utforma slik dei

<sup>193</sup> (Stiftinga Sunnmøre Museum u.d, Kvalsundskipet.)

<sup>194</sup> (Herøy kommune, Kommunevåpen, u.d.)

var på vikingsskipa. Ikkje berre kan ein sjå båtar med X-Bow rundt omkring i heile verda, ein finn dei også på 100- kroner setelen her i Noreg.<sup>195</sup>

### 3.3.4 Tonninggarden

I Tjørvåg ligg eit av dei eldste husa i Herøy. Den eldste delen er mest sannsynleg frå midten av 1500- talet.<sup>196</sup> I 1976 gjorde Richard Bergh eit intervju med Kristine Tonning som budde på Tonninggarden fram til ho døydde i 1978. Kristine var fødd i Tjørvåg i 1893. Ho gifta seg med sonen i Tonninggarden, Ole. Han reiste til Amerika, men utan Kristine, for ho måtte vere heime og ta seg av foreldra til Ole, som var sjuke og pleietrengande. Før Kristine rakk å reise etter Ole til Amerika, døydde han der borte. Kristine fortel om eit liv der ho måtte tidleg ut i teneste, til tider for svært dårlig løn, og stort sett utan mogelegheit til å besøkje dei heime.<sup>197</sup> Kristine teiknar eit tidsbilete av korleis det var å vere ung i Herøy tidleg på 1900 - talet, og for ungdomar i dag vil nok mykje av det ho fortel vere omtrent umogeleg å tenkje seg. Kristine var vekk frå barndomsheimen i eit år då ho fekk teneste rett etter konfirmasjonen. Ho reiste ikkje langt, berre til ei anna bygd i kommunen, men hadde ikkje mogelegheit til å få reise heim meir enn ein søndag eller ei helg av og til. Ho fekk 20 kroner for arbeidet ho utførte i løpet av vinteren, og ein kjole og ein ulldott som løn for jobben i sommarhalvåret. Kristine si livshistorie er vel omtrent så langt unna som ein kan kome mange unge herøyværingar si livshistorie i dag. Med nokre kjem vel passet knapt nok ned i ein skuff før det får lufta seg igjen, og det finst nok dei som har besøkt både fem og ti land før dei byrjar på skulen. Globaliseringa har vore med å gjere ei vanleg livshistorie frå byrjinga av 1900- talet til eit fullstendig utenkjeleg scenario i dag.

I den nye utgåva av Herøyboka Gardar og folk, frå 2010, kan ein lese at huset på Tonninggarden står enno, men er i svært dårlig forfatning, og ingen har budd der på ein del år.<sup>198</sup> Dette stemmer heldigvis ikkje i dag. To eldsjeler med interesse for historia til huset, Arnfinn Karlsen og Katrin Torvholt, tok i 2013 fatt på den enorme jobben med å restaurere det, og i dag kan ein sjå for eit stashus og tun dette har måtte vore i tidlegare tider. Dette er eit hus med mykje historie i veggane. Det har vore halde heradsstyremøter her, forliksrådet har

<sup>195</sup> (Ulstein, innovations, X-Bow u.d.)

<sup>196</sup> (Karlsen 2018, Ei raud stove og ei lang historie)

<sup>197</sup> (Bergh 2009, Kristine Tonning, Folk og Fortid 2009 )

<sup>198</sup> (Moltu, Grimstad, et al. 2010, Herøyboka Heimar og Folk. Band 2: Indre Herøy s. 370)

hatt det som møtestad, og det har vore nytta til skulestove. Denne type bruk av huset er ikkje spesielt oppsiktsvekkjande i seg sjølv, då er det nok mykje meir interessant det møtet som vart halde her i august 1864. Sevrine Klungsøy hadde vore i Bergen på besøk med borna sine, og der hadde ho høyrt Johan Cordt Harmens Storjohan tale om misjon blant sjømenn. Klungsøy, som sjølv var gift med ein skipper og mor til fem gutter i utanriksfart, tende på ideen om ein sjømannsmisjon, og før Storjohan rakk å halde skipingsmøtet sitt i Bergen 31. august 1864, hadde den driftige tjørvågvinna allereie halde det fyrste kvinneforeiningsmøtet i heimen sin i Tonninghuset. Eitt år seinare vart herøyværingen Sigvald Skavland sendt ut som ein av tre sjømannsprestar.<sup>199</sup> Severine miste tre av sønene sine på havet. Ein av dei i Svartehavet, og ein i Middelhavet.<sup>200</sup> Å besøkje grava til sonen som var gravlagd på St. Helena kunne nok Severine berre drøyme om, men tanken om at ho hadde vore med å stifte ei kvinneforeining som jobba for organisasjonen som bygde kyrkjer til sjøfolk rundt om kring i heile verda kunne nok ha vore ei trøyst for den driftige kvinnen. Tonninghuset hadde nok ikkje stått så lenge om ikkje Karlsen hadde kjøpt det i 2013 og gitt seg i kast med eit stort restaureringsarbeid. I mange år framover kan ein no sjå Tonninggarden når ein kører på hovudvegen som går like ved, og undre seg kva for historier som sit i veggane på det staselege huset. Sevrine og Kristine er berre to av ei lang rekke menneske, med sine ulike livsforteljingar, som har budd i huset som har stått ved Tjørvågosen i bort i mot 500 år. Severine si historie finn vi spor av over heile verda, Kristine har fått litt av si historie mellom to permar i boka til Richard Bergh, «Ut mot havet». Ein passande tittel for både Tonninggarden, Kristine, Severine og Herøysamfunnet.

### 3.3.5 Småkårsfolk og velstandsfolk

Like ved Aurvågtunnellen, på Myrvågsida, ligg der eit lite, velstelt, raudmåla kårhus, Nesgjerdstova. Litt av historia til det snart 146 år gamle huset, og nokre av dei som har budd der, kan ein lese om i ein artikkel i «Vestlandsnytt» frå 27. april. i år.<sup>201</sup> Huset er i privat eige, og eigarane har vølt det godt opp igjennom åra. I følgje neverande eigar, så har det på det meste budd ni menneske i denne vesle stova, deriblant åtte barn. Familien som budde i huset var husmannsfolk, og hadde på husmannsvis arbeidsplikt på hovudbruket, Myrvågnes. Herøy

---

<sup>199</sup> (Myren 2014, Her starta det heile, artikkel i Sunnmørsposten)

<sup>200</sup> (Sjømannskirken. Norsk kirke i utlandet u.d.)

<sup>201</sup> (Spiro 2018, Historia bak Nesgjerdstova, artikkel i «Vestlandsnytt»)

bestod for det meste av snaue øyar utan skog å hogge tømmer i, og dermed vart mange stover frakta hit. Den fyrste eigaren av Nesgjerdet frakta stova si hit sjøvegen, men det er ikkje kjent kvar han hadde kjøpt den. Det vert fortalt at han fekk hjelp av ungdommar i bygda til å bere materialet på plass i byte mot at dei skulle få danse i stova når den stod ferdig. Gjennom artikkelen får vi eit innblikk i korleis det kunne vere for husmannsfolk fram mot slutten av 1800-talet. Dei fyrste eigarane kom flyttande med to barn, og det tredje kom til verda same året som dei hadde kome flyttande til Myrvåg. I løpet av 14 år kjem det sju barn til i familien, men tre av dei dør som små. Ekteparet som bygde stova vert buande her heile sitt lange liv, Jakob vart 86 år gammal og Ragnhild 93 år. To av døtrene vart buande i huset i heile sitt liv, og mange av den eldre garde som varar til hovudbruket i dag kan fortelje historier dei minnes i frå barndommen om dei to systrene. Systrene har blant anna fortalt historier om kor hardt det til tider var å vekse opp i den vesle stova, og om mora Ragnhild som etter kveldsmåltida, når ungane var ferdige og gryta var tom, gjekk ut og gret. Faren Jakob var ein mann med mange evner, og han vert hugsa både som kjøkemeister, felespelar og ikkje minst historieforteljar. Han dikta sine eigne eventyr, som både eigne og andre barn mang ein gong hadde glede av å få høre.<sup>202</sup> Eigarane av Nesgjerdstova sit i dag med eit unikt kulturminne. Her kan ein sjå både huset og nokre av dei reiskapane som bebuarane i huset har nytta i sit daglege verke. Det har nok vore mange fleire småkårsfolk enn velstandsfolk i kommunen, så eit slikt minne fortel meir om røtene enn det neste bygget eg vil ta føre meg.

Etter kvart som handelen kom skikkeleg i gang i Fosnavåg på byrjinga av 1900-talet, dukka det også opp hus som var langt unna standaren i Nesgjerdstova. Ein av handelsmennene, Julius Edvin Jacobsen Remø, kjend som Edvin Jacobsen, fekk i 1904 festesetel på ei tomt i Fosnavåg, og han skulle kome til å verte ein av dei store gründerane i Herøy.<sup>203</sup> Jacobsen bygde både sjøbod og tranbrenneri. I tillegg til verksemda i Fosnavåg starta Jacobsen tilsvarande verksemda i Siglufjord på Island. I Siglufjord vart han kjend med henne som han skulle verte gift med, Gudmunda. Han dreiv verksemda på Island i 45 år somrar. Jacobsen skreiv dagbøker under reisene til Island, og desse har eit av barnebarna gjeve ut i bokform,

---

<sup>202</sup> (Ibid)

<sup>203</sup> (Moltu, Kvalsund, et al. 2012, Herøyboka. Heimar og folk. Band 3: Skorpa, Nerlandsøya og Fosnavåg (utafor Skaret) s. 253)

«Bestefar Jacobsen – reisene til Island 1904 – 1954».<sup>204</sup> Jacobsen dreiv også med handel, skipsekspedisjon, hadde i ein periode to båtar i sitt eige, og var med på å skipe A/S Søndmøre Fiskeri og Handelsbank i Fosnavåg, Klippfisktilvirkernes Eksportlag A/S og Havfiskeselskapet A/S Njørð. Ålesund. Det må nok kunne seiast om Edvin at han var litt av ei eldsjel, og med ei medfødd optimisme som til tider skulle kome til å påføre han store tap. Gudmunda var også ei dame med engasjement som viste igjen i Herøysamfunnet, ho var blant anna formann i Herøy sanitetsforeining i perioden 1924 – 1926. Ei periode der sanitetsforeiningane jobba aktivt for å forbetre folkehelsa i kommunen, og dei var med på å få reist sjukeheim på Eggesbønes. Om det er Gudmunda som har stått i bresjen for bidraget etter forhandlingar på kammerset, det veit vi ikkje, men ektemannen gav i høve 20- års jubileet for forretninga si ei pengegåve på 1000 kroner til bygging av sjukeheimen. Den store samfunnsdugnaden bar frukter, og 17. november 1929 vart sjukeheimen innvigd.<sup>205</sup>

Edvin og Gudmunda flytta inn i det nybygde huset sitt i Fosnavåg i 1915, og fekk etter kvart fem barn, der fire levde opp.<sup>206</sup> Ein av sønene overtok forretninga i 1957, den vart etter kvart avvikla, og både Edvin og sonen med familie flytta til Ålesund.

I 1967 kjøpte kommunen den staselege jugendstilvillaen, og brukte det i mange år til utleigebustad for blant andre tilsette i Herøy kommune.<sup>207</sup> Så vart huset ståande tomt i mange år, heilt til forteljaren Guri Aasen kom flyttande til kommunen, og budde i huset frå 2003 til 2014.<sup>208</sup> Aasen dreiv blant anna forteljarverksstad, og huset kunne leigast til møter og selskap. På Facebook kunne ein følgje kva som skjedde i denne kulturoase i havgapet så lenge Aasen budde der. I desse åra kunne kven som helst få kome inn og kjenne på atmosfæren i det ærverdige huset, og ein fekk eit innblikk i korleis nokre av dei kondisjonerte i kommunen levde sine liv. Pianoet til Gudmunda fekk vere med i mangt eit festleg lag i denne perioden, og kanskje har pianoet også vore nytta når den driftige husfrua hadde foreningsmøter heime hjå seg. Gamal og ny tid møttest ofte i Jacobsenhuset i dei vel ti åra Aasen budde der og

---

<sup>204</sup> ( Ibid, 2012, s. 253)

<sup>205</sup> (Rabben 1973, Herøyboka. Bygdesoga 2, s. 540)

<sup>206</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget, s. 208)

<sup>207</sup> (Moltu, Kvalsund, et al. 2012, Herøyboka. Heimar og folk. Band 3: Skorpa, Nerlandsøya og Fosnavåg (utafor Skaret) s. 404)

<sup>208</sup> (Aasen , Vestafor måne u.d.)

forvalta det. No står det dessverre tomt igjen, og det er berre å krysse fingrane for at ikkje kulturminnet forfell og til slutt forsvinn frå bybiletet i Fosnavåg.

### *3.3.6 Lokale mattradisjonar i den globale tida*

I «Folk og Fortid 2013» fortel den då nesten 107 år gamle Ida Teige om livet sitt. Fødd i 1907, på ein stor gard på Nerlandsøya. Kosthaldet var nøysamt, det var for det meste fisk og poteter på middagsbordet, men det hende at dei også kunne servere litt kjøt og grønsaker.<sup>209</sup> Teige fortel også om kakebaking på kjøkenet i barndomsheimen. Då sette ein kaka i den vedfyrt omnen, utan hjelpemiddel som temperaturmålar eller glas i omnsdøra.<sup>210</sup> Her måtte husmora bruke kunnskapen sin om mengda av ved i forhold til steiketemperatur, og passe nøye på tida for at resultatet skulle verte vellukka. Eit mislukka resultat med sløsing av råvarer vart nok ikkje sett på med blide auge vil eg tru. Oppskriftene gjekk gjerne i arv, eller vart delte med medsystrer over kjøkenbordet. I dag finn ein gjerne oppskrifter på Internett, på nettstadane til dei mange som har matblogging som levebrød. Steiketemperaturen stiller ein inn slik at omnen ordnar jamn og fin varme sjølv, så er det berre å stille inn tidsuret, og gå og gjere noko heilt anna medan ein ventar på at omnen skal gi beskjed når kaka er ferdig. Ganske så snedde å få laga seg ei kake i dag med andre ord.

Matoppskrifter frå heile verda, i lag med ein god del av dei tradisjonsrike norske oppskriftene, vert tekne vare på, både på verdveven og i trykt form. Det kjem ut mange kokebøker kvart einaste år, og det er populært å ta vare på dei gamle mattradisjonane. To av lærarane ved Herøy vidaregåande skule gav i 2012 ut ei kokebok med tradisjonsmat frå Sunnmøre. Tittelen på boka, «Go'bitar frå besta si kokebok – tradisjonsmat frå Sunnmøre», indikerer at dette er ei bok som vidarefører kulturarven som ligg i mattradisjonar. Det osar aldri så lite nostalgi og gode kjensler av denne tittelen. Lukkeleg er den som har fått kjenne varmen i bestemor sitt kjøken. Forfattarane skriv i forordet at opphavet til boka var oppdaginga av at mykje interessant kunnskap om dei gamle tradisjonane var i ferd med å gå i gløymeboka. Ved å gi ut denne boka tek dei vare på kunnskapen, og den kan kome andre til gode. Slik kan fleire vere med å ta vare på den rike kulturarven innan matstell og behandlinga av råvarene.<sup>211</sup> Sidan

---

<sup>209</sup> (Teige og Hatlen 2013, Ida Johanne Teige – 106 år og eldst i Herøy, Folk og Fortid, 2013, s. 21)

<sup>210</sup> (Ibid, s. 14)

<sup>211</sup> (Hatløy og Lyster 2012, Go'bitar frå besta si kokebok – tradisjonsmat frå Sunnmøre, s. 14)

dette er ei bok om sunnmørske tradisjonar er skriftspråket på nynorsk, med ei tilnærming til dialekt. Oppskriftene er blant anna samla inn ved samtalar og intervju, men forfattarane har valt å ikkje ta med namns nemning på kjeldene sine i kokeboka. Dei har derimot med ein del stadnamn. Å finne opphavet til ei tradisjonsoppskrift vil eg tru er uhyre vanskeleg, om enn ikkje umogeleg, så forfattarane gjer nok eit klokt val i å utelate personnamn. Å knyte det opp mot stadnamn kan ha sin misjon. Ein spelar då både på identitet og kulturarv, og i den globale tida med tilgang til smakar frå heile verda, kan ein kjenne på forankringa til heimstaden.

Som nemnt finst det eit uttal av nettstadar der ein kan finne oppskrifter frå alle verdsdelar, og sjølvsagt tradisjonsmat frå Noreg. Det er ikkje til å kome i frå at verdvevene kan nyttast til både å spreie ny kunnskap og å ta vare på den gamle. Noregs Bygdekvinnelag er blant dei som har sett nytten av dette. Dei søkte og fekk prosjektmidlar til å opprette ein oppskriftsdatabase for tradisjonsmat og gjere den tilgjengeleg for alle.<sup>212</sup> Dei tek mål av seg til å drifte den beste nettstaden for informasjon og inspirasjon til tradisjonsmat. Formålet er å ta vare på og gjere matkulturarven tilgjengeleg. Nettstaden er for alle, men dei ynskjer først og fremst å nå ungdom og unge vaksne. Bygdekvinnelaget vil ta vare på mattradisjonane, men i tillegg vil dei nå barn og ungdom ved å lage tradisjonsmat med ein moderne vri. Det vert spennande å følgje dette prosjektet med sin doble klangbotn, både ta vare på kulturarven, men også å modernisere den slik at barn og ungdom kanskje finn det endå meir interessant. Om prosjektet lukkast, og viser at Internett er ein nyttig reiskap både for å ta vare på og fornye ved å nå ut til ungdomsgenerasjonen, så kan etter mitt syn informasjonsteknologien vise seg frå ei av sine betre sider. Faren ligg vel i balansen mellom tradisjon og moderasjon, kor langt vekk frå det tradisjonelle går ein for å nå ungdommane. Å nytte kortreiste mårpølser på pizza gjer ikkje nødvendigvis at barn og unge kjenner seg nærare forankra måren, for dei er pizza i aller høgste grad tradisjonsmat i seg sjølv. Etter alle kokebøkene som kjem på marknaden å døme, og oppskriftene som dukkar opp på verdveven, så ser det ut til at matkulturarven har kraft nok i seg sjølv til å overleve, i alle fall enno ei stund.

---

<sup>212</sup> (Gjengedal 2016, Gode nyheter for norsk tradisjonsmat!)

### *3.3.7 Lokale produsentar og globale konsumentar*

Globaliseringa med sine straumar har ført til at kosthaldet har endra seg mykje her på berget. I tillegg til at kosthaldet endrar seg, endrar også strukturen for næringsmiddelindustrien og ikkje minst distribusjonen. Firmaet Creeact AS, med dei regionale og lokale gründerane Tor Kristian Stevik, Børre Waagan og Ali Vindenes Fetouni, er klare for å lansere ein applikasjon for mat, ein matapp, eller som dei kallar det, ein digital matbasar. Dei vil lyfte den lokale matvareproduksjonen, og skriv i ei pressemeldinga at firmaet, Bazeat, tek på alvor utfordringane i matvarebransjen, og vil difor opprette ein digital omsettingskanal for mat. Ved å bruke denne nettstaden kan kundane ha direkte kontakt med leverandørane, og få informasjon om kvar og korleis produksjonen har gått føre seg. Kundegruppa får tilgang til eit større matmangfald, og det kan også gi ei tryggheit at ein kan kommunisere direkte med leverandørane. For dei lokale produsentane opnar denne satsinga ein ny og større marknad. Skulle du for eksempel få lyst på den gode safta eller sylta frå produsenten Gode greier i Ulstein, så kan du gå inn på nettstaden til Bazeat og bestille deg så nokre flasker, uansett kvar i verda du har busett deg. Lokal produksjon vert tilgjengeleg globalt. Gode greier har også si eiga side på Facebook, og her kan ein finne informasjon om både det vesle familiefirmaet og om Bazeat.<sup>213</sup>

I ein telefonsamtale med Stevik fortel han at Bazeat no er i ei oppbyggings- og utprøvingsfase. Det er til no, medio mai 2018, 12-13 produsentar som er tilknytte matbasaren, og gründerane er i ein fase der dei har djupneintervju med potensielle brukarar av appen for å finne ut kva forbrukarane ynskjer. Dei tre gründerane bestemte seg for å lansere matappen først på Sunnmøre, men etter kvart vert også andre delar av landet ein del av nettverket, og neste området som står for tur er Sogn og Fjordane. Den sunnmørske ånda, blant anna med å vere ein del av partslag, og ikkje vere knytte opp til ein bestemt væreigarar, eller i dette tilfellet dei store matvarekjedene, er ei av årsakene til at Sunnmøre vart valt som fyrste lanseringsstad. I samtalene med Stevik kom det fram at ein av grunnane til at han byrja å jobbe med dette konseptet for tre – fire år sidan var ynskje om bevisstgjering kvar maten kjem frå, at produsentane er i direkte kontakt med forbrukarane, og at på ein slik måte vil matkulturarven bli halden i hevd, og også vidareformidla til komande generasjonar. Det økonomiske aspektet er også viktig. Dei lokale produsentane kan fortelje om utfordringane

---

<sup>213</sup> (Gode greier 2018, post på Facebooksida frå 16. april 2018)

dei har når det gjeld tilgang til marknad og nye logistikkloysingar. I følgje eit intervju med Waagan i «Sunnmørsposten» er det mykje å hente for produsentane ved direkte omsetnad. Undersøkingar dei har gjort viser at produsentane må ha fem gongar høgare omsetnad om dei skal selje produkta sine gjennom matvarekjeder.<sup>214</sup> I tillegg til at ein kan nytte seg av appen uansett kvar ein bur i verda, så nemner Stevik at konseptet også kan nyttast av turistar som er på noregsbesøk. På appen kan ein finne produsentar som ligg i reiseruta ein tenker å følgje, oppsökje produsentane undervegs, og kjøpe med seg produkt heim. I tillegg kan det å fortelje historia rundt maten skape ei bevisstgjering og på ein slik måte forankre identitet. Det kan vere kokken som fortel kvar maten kjem frå og tradisjonsmåtar å konservere eller servere maten på, eller produsenten som fortel om generasjonar som har gått føre og skapt mattradisjonane, mogelegheitene her er uendelege. Bazeat kan vere med å skape ein nærliek til produktet, til produsenten, og også til historia bak maten, og slik vil dei kunne bidra til å skape ei bærekraftig utvikling i ei globalisert verd.

## 3.4. Havnæringer i fortid, notid og framtid

### 3.4.1 Eit yrke i endring

Herøysamfunnet har henta frå det havet kan gi. Folket her har vore fiskarbønder, og matfaret frå havet har nok berga mang ein tom mage i skrinne tider, men også gitt mangt eit festmåltid. Herøy er den kommunen i Møre og Romsdal med flest fiskarar på Blad B i fiskarmanntalet, dei som har fiskeri som hovudyrkje.<sup>215</sup> Ved å sjå på utviklinga mellom 1983 og 2017, så ser ein at talet på fiskarar er meir enn halvert frå toppåret. I 1983 var det 580 herøyfiskarar på Blad B, i toppåret 1987 var det 719, og så har det gått suksessivt nedover til 295 i 2016. I 2017 ser ein ei lita stigning igjen, til 302 fiskarar.<sup>216</sup> At der er ei lita stigning treng ikkje å bety så mykje, men sidan ein ikkje lenger kan stole på at ein jobb i offshore er like trygg etter oljekrisa i 2014, så kan det ha ein innverknad. Offshore har gjerne hatt ord på seg for å ha gode ordningar og høg løn, men utryggheita i næringa i dag gjer nok at det er naturleg at dei som før har «rømt inn i oljen» no vender seg mot fiskeri igjen. Næringane svingar, men havrommet har mykje å by på, og gir fortsatt mat på bordet, i dobbel forstand.

---

<sup>214</sup> (Rosbach 2018, No kan du kjøpe mat på nett frå lokale produsentar, artikkel i Sunnmørsposten)

<sup>215</sup> (Fiskeridirektoratet 2018, rapport om talet på fiskarar på kommunenivå mellom 1983 – 2017)

<sup>216</sup>(Ibid)

Hans Strøm teiknar eit bilet av herøyfiskarane på 1770-talet som dristige, kanskje til og med dumdristige, karar, som ikkje skyr å ro seks til åtte mil ut på fiskebankane. Utmatta etter den lange arbeidsøkta kastar dei då ut dregg eller anker og legg seg til å sove i båten.<sup>217</sup> Når sant skal seiast så teiknar Strøm eit heller lite flatterande bilet av fiskarbøndene her. Dei er usedvanleg opptekne av «fifferier», og let gardane forfalle. Herøy skipreide har fleire gardar som ligg aude enn heile futedømet til saman. Ja, det står så dårleg fatt at han syns øvrigheita bør gripe inn slik at gardane vert vølte og tekne i bruk igjen. Prestane bør, ved gode eksempel og fornuftige førestillingar, overtyde folket om fordelen av å dyrke jord i staden for å «dyrke fifferier».<sup>218</sup> Slik eg les det Strøm skriv om Herøy, så syns han ikkje noko særleg om det livet som fiskarbøndene førte her, og hadde han vore her i dag, og sett at gardsbruka er omtrent teljelege på fingrane, så kan eg berre tenkje meg korleis han hadde beskrive heimkommunen min. Likevel, havet har vist seg å vere ein trufast ven, men i aller høgste grad også ein farleg ven om ein ikkje tek omsyn til kreftene som bur i det. Det kan ein lese om mang ein stad i bygdesogene, mange enkjer og farlause barn har hatt låke dagar her.

I dag vert det lagt stor vekt på å bygge trygge og moderne båtar for mannskapa. «Det grøne skiftet» er også sentralt når nye båtar skal byggjast. Sjømatnæringa må ta sin del av jobben med å gå mot eit grønare næringsliv, både lokalt og globalt.<sup>219</sup> Mange båtar kunne vore nemnde, men eg har valt å ta med ein, «MS «Leinebris» ». Denne var ny i 2015, og verdas mest moderne kombinasjonsfarty for autoline og garn, spekka med unikt utstyr og ny teknologi frå norske leverandørar, bygd ved eit tyrkisk verft. Noko av det spesielle med båten er at fiskarane ikkje treng å stå på dekk i all slags vær. Midt i båten er der ein brønn, moon pool, der fisken vert dregen inn levande. Det er linefiske, så fiskarane plukkar fisken av krokane ein etter ein. Dette gir betre kvalitet på fisken, og eit mykje sikrare arbeidsmiljø for fiskarane.<sup>220</sup>

---

<sup>217</sup> (Strøm 1957, s. 427)

<sup>218</sup> (Ibid, s. 425)

<sup>219</sup> (SjømatNorge 2016, – Sjømat del av det grøne skiftet)

<sup>220</sup> (MS «Leinebris» 2018, posta på facebooksida 1. september 2017)

### *3.4.2 Lokale bedrifter i ein global marknad*

Ambisjonane til «Leinebris» -reiarlaget var at båten skulle kunne levere den beste linefiska fisken frå det reinaste havet, rett til restaurantar, butikkar, «fish & chips-sjapper», og til produsentar både nasjonalt og internasjonalt.<sup>221</sup> Ingenting å utsetje på ambisjonane, så eg synes det var spennande å skulle sjå korleis det har gått, om dei har klart å oppfylle dei. Fyrste plassen eg har henta informasjon frå om båt, mannskap og fangst er på Facebook. Her finn eg postar der eg både kan lese om og sjå bilet og videoar frå livet om bord. Her kan ein sjå reklamefilmar for dei singelfrosne fiskefiletane dei produserer om bord, og dei er å få kjøpte i den lokale Menybutikken. Filetane har vorte promoterte globalt kan eg lese, reiarlaget har teke del på tre sjømatmesser til no i 2018, i Brussel, Boston og i Peterbourough i Storbritannia. I Storbritannia er det sjølvsagt fish & chips det handlar om. I ein post frå 30. januar kan ein lese om ei litt spesiell oppdaging reiarlaget har gjort, eit bilet av båten viser i ein episode av «EastEnders», ein britisk såpeserie som har rulla og gått på TV-skjermene sidan 1985. Scena der biletet har ein sentral plass på veggen, er frå ein fish & chips-butikk i London.<sup>222</sup> Eg kan vel slå fast at reiarlaget har nådd langt når det gjeld å få innpass på marknaden for denne erkebritiske fiskeretten. Dei er blant anna eksklusive leverandørar av hysefiletar til bedrifta som vann den nasjonale tevlinga for beste produkt, Millers Fish & Chips.<sup>223</sup> Hyse er og har vore ofte å finne på middagsborda lokalt, «MS «Leinebris» » sørger for at fisken også er å finne som middagsrett globalt. Sjølv om båten har stima langt for å få fatt i fisken, så kan den likevel definerast som kortreistmat. Den vert foredla om bord i båten, går så direkte til leverandør, og vidare rett til kunden. Det treng ikkje gå lange tida frå fisken kjem over brønnkanten ved Grønland før den kan kjøpast på den lokale butikken, eller hamnar i ei frityrgryte i for eksempel Storbritannia.

Kortreistmat er eit konsept som breier om seg, også i Herøy. Slow Food er ein global grasrot organisasjon, grunnlagt i 1989, og med hovudsete i Italia. Formålet er å ta vare på lokale mattradisjonar og gjere folk meir bevisste på maten dei et.<sup>224</sup> Mange matvarer kjem under paraplyen til Slow Food, og deriblant fisk, Slow Fish. På nettsida finn ein fana «Fishing Heroes». Her kan ein lese om fiskarar frå mange ulike nasjonar, og blant andre herøyværingen

<sup>221</sup> (KYSTogFJORD 2015, Ny ««Leinebris» » klar for norske farvann)

<sup>222</sup> (MS «Leinebris» 2018, posta på Facebooksida 30. januar 2018 )

<sup>223</sup> (Millers fish & chips 2018, It's official: we're now the best fish and chip shop in the UK!)

<sup>224</sup> (Slow Food u.d. About us)

Oddbjørn Bøe.<sup>225</sup> Bøe fortel om eit yrkesliv som mange på kysten kan kjenne seg igjen i. Fødd inn i ein familie av fiskarar, starta sjølivet som 15 åring, driv gjerne både «storsjøen» og sjarkfiske, og ein held både familien sin og folk mange andre stadar i verda med fiskemåltid. Slik kan herøyfiskarane vere eit godt eksempel på at kulturarv vert teken vare på, og blir gjort tilgjengeleg globalt.

Som ein motsetnad til Slow Fish har ein dei bedriftene som sender fisken sin til utlandet for å verte foredla der, og så sel ein fisken globalt som «norsk fisk». Dette gjeld for eksempel ein del lakseslakteri. I artikkelen «Ønsker mer fiskeforedling i Norge» frå 2017 kan ein lese at i følgje Sjømat Noreg så er det berre kvar tiande oppdrettslaks som vert foredla i Noreg.<sup>226</sup> På Eggesbønes i Herøy ligg eit av Marine Harvest sine anlegg. Her slaktar dei fisken sin ved eige anlegg, og tal frå 2014 viser at dei kan slakte over 100 000 laks pr. dag.<sup>227</sup> Marine Harvest har vore ein trygg arbeidsplass i Herøy, men no viser industrialiseringa seg frå ei av sine mindre gode sider, anlegget vert meir effektivisert ved hjelp av moderne teknologi, og det fører til at fleire vil misse arbeidsplassen sin. I mars i år kunne ein lese i «Sunnmørsposten» at bedrifta skal nedbemannne. Bedrifta har i dag om lag 200 tilsette, men kor mange som må gå er ikkje avklart enno.<sup>228</sup> Tre veker seinare melder same avis at Herøy kommune skal finansiere og gjennomføre ei utbygging på Eggesbønes slik at laksegiganten kan få utvide areala sine her. Marine Harvest skal gjennom festeavgift betale tilbake kostnadane til kommune over 15 år.<sup>229</sup> Det vert stadig sett nye rekordar for kor mykje fisk ein kan slakte på ein dag, fisken vert distribuert over store delar av verda, men det er færre hender som foredlar den, og dermed færre hovud som får kunnskap om det.

Sild og sel, begge har vore viktige for mang ein herøyværing. Sild vert gjerne knytt til magre tider, der sild og poteter var omrent einaste kosten ein kunne forvente å finne på middagsbordet. I 1950- og 60- åra krydde det av båtar som kunne melde om eventyrlege sildefangstar, og det skaffa mange arbeidsplassar i kommunen, både på sjø og land. I dag skaffar nok ikkje silda så mange arbeidsplassar lenger, men den finnast fortsatt på

---

<sup>225</sup> (Slow Fish u.d., Fishing Heroes)

<sup>226</sup> (Aandahl og Ellingseter 2017, Ønsker mer fiskeforedling i Norge)

<sup>227</sup> (Nilsen 2014, Hva skal til for å styre en fullautomatisert produksjon?)

<sup>228</sup> (Smp.no 2018, Marine Harvest nedbemannar i Herøy)

<sup>229</sup> (Smp.no 2018, Herøy kommune vil bygge ut for Marine Harvest)

næringskartet i Herøy. Bedrifta Njardar AS var allereie i 2005 ein av dei norske aktørane i Slow Food Internasjonal. Njardar saltar og røykjer blant anna sild, makrell og laks, og eksporterer den til marknadene i landa rundt Middelhavet, Vestindia, Nord- og Sør-Amerika, EU, Australia, statar i Persiabukta og til Italia.

Brandal, Vartdal og Tjørvåg er bygder på Sunnmøre med rik tradisjon for selfangst. Eit prov på at dette har vore ei tradisjonsrik næring fekk ein då den nyrestaurerte selfangstskuta «Polarstar» kom tilbake til Brandal i august 2017. I staden for å ende opp som spikar har «Polarstar» blitt ført tilbake til slik den var omkring 1970. Willy Nesset overtok skuta i 2008, og i 2013 vart den ført til eit verft i Polen for restaurering. Riksantikvaren har hatt ei hand med i restaureringa, og no er alt nytt, frå tønne til kjøl. Mange hundre hadde møtt opp på kaia denne augustdagen for å helse skuta velkoma heim, og med sin eigen komposisjon, Polarstarvalsen, måtte dette rett og slett verte ein festdag, ikkje minst for tidlegare selfangrarar som no kunne nyte synet og kjenne på minna frå eiga tid i isen.<sup>230</sup>

Tjørvåg husar i dag bedrifta Polargodt AS. Bedrifta har mottak for kjøt, spekk og skinn, dei produserer selolje på anlegget sitt, og kan tilby ulike produkt av selskinn. Dei skriv sjølve på nettstaden sin at bedrifta er eit resultat av den tradisjonsrike deltakinga i arktiske farvatn. Allereie i 1898 gjekk dei fyrste skutene til det store ishavet for å hauste av dei rike ressursane der.<sup>231</sup> Ishavseventyret har ikkje berre vore ei velsigning for bygda og kommunen, ikkje alle kom tilbake frå turane i isen. I påska 1952 råka tragedien med full kraft. Fem selfangstskuter kom vekk under eit forferdeleg uvêr. 45 kvinner fekk aldri heim ektemannen sin, og 98 barn vart farlause. Tjørvågskuta Pels var ei av skutene som det ikkje vart funne igjen sufta frå, sjølv om det vart leita både med fly og marinebåtar etter at orkanen hadde lagt seg. 14 mann frå området fekk si våte grav i ishavet.<sup>232</sup>

I dag er næringa nesten utdøydd, og i 2017 såg det ei stund ut til at det for fyrste gong på over 100 år ikkje vart skuter som gjekk i isen på selfangst.<sup>233</sup> Som alle bedrifter med respekt for

---

<sup>230</sup> (Nordal, 2017, "Polarstar" kjem tilbake til Brandal, artikkel i Sunnmørsposten)

<sup>231</sup> (Polargodt AS u.d. Rein og sunn mat frå Arktis)

<sup>232</sup> (Moltu 2014, Påska 1952 - ei umenneskeleg påkjenning, artikkel i Folk og Fortid 2014)

<sup>233</sup> (NPK 2017, Truleg heilt slutt for norsk selfangst)

seg sjølve nyttar også Polargodt AS verdsveven som marknadslass for produkta sine. Dei har både eigen nettstad og side på Facebook der ein kan lese seg opp på og bestille produkta deira. Bedrifta bit seg fast i ei næring som er omrent utradert, så det vert spanande å følgje med på utviklinga, om dette likevel er ei levedyktig næring, og som kanskje, i alle fall til ei viss grad, kan ta seg opp igjen. Regjeringa innførte statsstøtte igjen i 2016, etter å ha kutta den i 2015.<sup>234</sup> Dette gjorde at det vart skuter i isen likevel i 2017, og Polargodt AS var ei av to bedrifter som fekk støtte. I 2018 vart 2,5 millionar fordelt mellom reiarlaga Norse Marin AS og Selungen AS.<sup>235</sup> Næringa er altså ikkje heilt nede for teljing, og Polargodt held enno i hevd lange tradisjonar i ishavsbygda Tjørvåg.

Som i alle kystkommunar har ein i Herøy nyttat taren som båra har kasta inn på strandene. I «Gardar og Folk II» les ein om korleis tarefjøra var delt mellom dei ulike brukar, reglane for korleis innsamlinga av taren skulle gå føre seg, og kvar og kor lenge den kunne bli liggjande på annan manns grunn.<sup>236</sup> Mykje av taren vart tørka og brend, og stundom vart den også selt. I tillegg til at oska av taren kunne nyttast for å gjødsle jorda, kunne ein også dryge dyreføret med den. I «Gardar og folk I» skriv Rabben om ein mann i Goksøyra som i 1937 starta produksjon av laminariastiftar. Han starta i det små i eigen kjellar, for så å flytte produksjonen av dette farmasøyproduktet fyrst til ei kårstove, og så vidare til eit lite bygg sett opp i 1949 til dette føremålet.<sup>237</sup> Det kunne vere ei lukke å eige ein part i ei tarefjøre. Tare har igjen vorte eit samtaleemne i Herøy. Firmaet Tango Seaweed har i desse dagar byrja innhaustinga av butare frå testanlegget sitt ved Herøybrua. På eit fiskerimottak rett overfor testanlegget vert taren hengt opp og tørka. Dette er den fyrste taredyrkar-bedrifta i kommunen. Biolog og marinbiolog Lise Chapman, er ein av gründerane og dagleg leiari i firmaet. I eit intervju med lokalavisa forklarar Chapman prosessen bak tareproduksjonen. Dei hentar opp tauet som taren veks på i havet, og lar taren tørke på tauet, noko dei håpar skal gi eit betre produkt. Gründeren fortel også at firmaet ventar potensielle kundar frå Kina som kjem for å inspirere og teste produktet deira.<sup>238</sup> Taredyrking er ei forholdsvis ny næring på Norskekysten, men fleire og fleire søker konsesjon, så interessa er stigande. Taren kan brukast til så mykje anna enn

---

<sup>234</sup> (NTB/SMP 2017, Regjeringen gjenopptar statsstøtte til norsk selfangst, artikkel i Sunnmørsposten, )

<sup>235</sup> (Fiskeridirektoratet 2018, Tilskudd til selfangst i 2018)

<sup>236</sup> (Rabben 1981, Herøyboka. Gardar og Folk II. 2. opplaget. s. 409)

<sup>237</sup> (Rabben 1979, Herøyboka. Gardar og folk I (2. opplaget), s. 296)

<sup>238</sup> (Sævik 2018, – Eg blir berre meir og meir motivert, Artikkel i Vestlandsnytt frå 24. april)

gjødsel og for å dryge dyrefør. Tare vert kalla havet sine grønsaker, og det kan også nyttast til brygging av øl og akevitt, til kosttilskot, medisinar, energi, kosmetikk og til ein «sjokolade» med lakrissmak.<sup>239</sup> Kysten utanfor Møre og Romsdal viser seg å vere godt eigna til taredyrking, spesielt utanfor sokkelen. Den største utfordringa til no er å fine tekniske løysingar til dyrking, hausting og produksjon. Møre og Romsdal har lange tradisjonar både når det gjeld turking av fisk, og å utvikle tekniske løysingar.<sup>240</sup> Det er sannsynleg at vi i dei nærmaste åra vil sjå stor utvikling i denne næringa. Havrommet byr på mange mogelegeheter, og ein mykje større del av verda sin matvareproduksjon kan haustast her i frå. I følgje forskingsleiar Aleksander Handå bør ein innan 2050 ha auka tang- og tareproduksjonen 20 gongar. Det ligg også ei framtid i å kople lakseoppdrett og taredyrking. Laksegjødsel er god næring for tang og tare, og fleire store lakseprodusentar testar no ut ein slik samproduksjon, kalla integrert multitrofisk akvakultur på fagspråket.<sup>241</sup> Laks og tare er no på full fart til å verte store næringar. Produsert lokalt, av både lokal og internasjonal arbeidskraft, for så å verte salsvare både lokalt og globalt. Berre fantasien set grenser for korleis råvarene kan utnyttast.

Fortsatt må ein kunne seie at Herøy er tufta på havet. Eg har nemnt nokre av bedriftene som hentar råvarene der, og mange hentar inntekta si derifrå, nokre med jobb på, andre ved havet. Ein del av inntektene vert tilbakeførte til Herøysamfunnet, f. eks i investeringar i ulike bygg, så resultat frå havrommet, både frå kommunen og privatpersonar, viser igjen i det offentlege rom, og er slik med på å gjere kommunen til ein meir attraktiv stad å busetje seg.

### 3.5. Gamle tradisjonar på nye plattformer

#### 3.5.1 Renessanse for gamle handverkstradisjonar

Noko eg har undra meg over siste åra er alle bileta på Facebook av nyfødde, gjerne under ei veke gamle, som poserer i kle som ser ut som dei var strikka i ei husmannsstove for minst 100 år sidan. Eg har ikkje tal på kor mange grovfletta korger eg har sett med ein baby i brune

---

<sup>239</sup> (Sporsheim 2018, - Havets bacon)

<sup>240</sup> (Petersen 2016, Tare tar av i Møre og Romsdal)

<sup>241</sup> (Hanssen 2016, – Bør kunne 20-doble produksjonen av tang og tare)

grovstrikka kle oppi, liggjande anten på eit skinn eller eit strikka eller hekla teppe. Det er gjerne kongelege og kjendisar som legg føringar for kva som er in i klesvegen til ei kvar tid, men akkurat dette fenomenet har eg ikkje sett verken i den kulørte pressa eller på verdveven. Tradisjonelt sett har vel babyar vore kledde i fargar etter kjønn, og anten i chenillesparkebukser eller små kjolar og gjerne med kvite blondekragar til begge kjønn, ein stil langt i frå det brune, beige, blå og grå grovstrikka som mange kler dei nyfødde i no. Kvifor det er så populært med sånne kle til nyfødde kan det sjølvsagt vere mange grunnar til. Å legge ut biletar på Facebook har nok ei slags marknadsføringskraft i seg sjølv, når ”alle andre” babyar er kledde slik, så må vår også vere det. Gamle handverkstradisjonar har blitt meir og meir populære, og dette kan sjølvsagt også vere ein av grunnane. Med eit kjapt søk på Haugen Bok, så får eg opp 100 bøker med ulike strikkeoppskrifter, og med sökjeordet strikk på Bokklubben.no får eg 248 treff.<sup>242</sup> Strikking er definitivt i vinden. Hekling gir 46 treff på Bokklubben.no, og på Haugen Bok kan ein få kjøpt 52 bøker som omhandlar hekling.<sup>243</sup> Hekling må også seiast å vere i vinden for tida. Spørsmålet er eigentleg kvifor desse handverkstradisjonane har blitt så populære igjen. Strikking er ein gammal tradisjon som kan førast heilt tilbake til middelalderen, og mest sannsynleg har tradisjonen opphavet sitt i landa rundt Middelhavet eller i Midtausten. Då var det ikkje ein kvinnesyssel slik det gjerne blir sett på i det 20. og 21. hundreåret, opphavelig var dette eit arbeid som vart utført av profesjonelle mannlege handverkarar.<sup>244</sup> Hekling er ein tradisjon av mykje nyare dato, den kom til Europa på 1800-talet, og hakking, ei form for hekling har vi lært av arabarane.<sup>245</sup> Globale tradisjonar som vart gjort lokale, og som har fått sin renessanse i den globale tida, til meir dei globale straumane fører oss hit og dit, til meir går hekle- og strikkepinnane.

### *3.5.2. Stasplagg, utvikla lokalt – produserte globalt*

Typiske tradisjonsantrekk i Herøy, i tillegg til oljehyre og sydvest, er sjølvsagt bunad. På biletar som vert lagde ut på Facebook, gjerne før ein har forlate kyrkja, ser ein ikkje mange konfirmantane som ikkje har ei bunadsskjorte stikkande over snippen på konfirmantkappa. Det er flest jenter som har bunad, men inntrykket mitt er at det vert meir og meir vanleg blant gutane også, sjølv om dei kanskje ikkje får sine før dei har blitt eldre. Bunaden vart jo som

<sup>242</sup> (Bokklubben. Mye mer enn bøker n.d., sökord strikk)

<sup>243</sup> (Haugen Bok u.d., sökord hekling)

<sup>244</sup> (Kjellberg 2018, strikking – strikkingens historie, artikkel på snl.no)

<sup>245</sup> (Store norske leksikon 2009, artikkel om hakking)

kjent lyfta fram under nasjonsbyggingsprosessen på 1800-talet. Ikkje få skuleelvar har vel fått teikna eit bilet av den stolte norske bonde, kledd i bunad, eller folkedrakt, med drivande kvit og rein bunadsskjorte, gåande i åkeren, anten for å så korn eller å spreie møkk for hand. For så vidt kan ein fundere på kva som er så svært med eit slikt plagg, om det vert framstilt på denne måten. At Adolph Tidemann og Hulda Garborg må få noko av æra for det, er ikkje til å kome frå. Han teikna og malte folkedrakter medan ho gjorde ein formidabel jobb med å lyfte dei fram. På Sunnmøre hadde det vore tradisjon for å bruke folkedrakter før Garborg i 1914 laga ei folkedrakt med utgangspunkt i tradisjonar frå Valdres og med ei sunnmørsdrakt som mal.<sup>246</sup> Hulda var ein av trendsetjarane i si tid, og at ho byrja å bruke bunad var heilt sikker med på å sikre populariteten. Den var for så vidt ikkje populær blant alle, nokre såg på den som eit plagg for rebellar som tok avstand frå både rikspolitikarar og eliten. Bunaden kunne nok vekkje like mykje forargi som synet av ein hijab kan i dag. At bøndene skulle la sin kultur skylje over Noreg kunne skape debattar som liknar på innvandringsdebattane vi er vitne til i dag.<sup>247</sup> Hulda hadde ein visjon om at bunadane skulle vere av ull vove i Noreg og fargane skulle vere farga med planter frå den norske naturen. Godt forankra i det norske med andre ord. Ho henta element frå fleire stadar til drakta ho designa, og sette det saman slik ho fann det for godt.

Etter andre verdskrig var det slutt på fridomen med å setje saman sin eigen slik ein fann det for godt. I 1947 vart Statens bunadsnemn oppretta, og dei fungerte som eit bunadspoliti. Nemnda eksisterer fortsatt, under namnet Norsk Institutt for bunad og folkedrakt, men nemnda har gått frå å vere politi til å vere eit rådgjevande organ for korleis dette kulturminnet skal takast vare, og kva som bør og ikkje bør brukast i lag med bunaden.<sup>248</sup> Det har dukka opp stadig ny staffasje til bunad, paraply, nye typar med bunadsko, spenner og bøylar til håret, belte, bunadspose, skrin til sølvetc., det kjem stadig noko nytt som ein kan tilføre staslagget sitt. Men kva kan staslagget tilføre meg? Fyrst og fremst fortel det omverda kvar eg kjem i frå, det stadfestar identiteten min. Går eg i 17. mai tog ein eller annan stad i verda så er det få nordmenn som ikkje rimeleg kjapt har plassert røtene mine på kartet, eg er sunnmøring. Alle med sunnmørsbunad vil mest sannsynleg nikke til kvarandre når dei møtest

---

<sup>246</sup> (Jakobsen 2014, Før gikk rebellene i bunad)

<sup>247</sup> (Ibid 2014)

<sup>248</sup> (Jakobsen 2014, Før gikk rebellene i bunad)

utanfor sitt naturlege habitat, for kjensla av eit fellesskap ligg også nedfelt i bunaden, det blir vi med sunnmørsbunad mot dei andre.

Kvifor fleire og fleire vil ha denne dyre identitetsmarkøren i ei tid der vi kan kjøpe importerte kle til nesten latterlege prisar, kan botne i eit behov for at røtene må ha feste, og eit behov for å fortelje kven ein er. Globalisering gjer oss likare, meir uniformerte, då vil vi i alle fall ha den «uniforma» som kan fortelje noko om kven vi er og kvar vi varar til. Globaliseringa har også fått sitt å seie for tilverknaden av bunadar. Som nemnt er bunad eit dyrt plagg, kanskje det dyraste dei fleste har i tølene sine. Det ligg mange arbeidstimar bak, så mange at det ikkje er rare timeløna dei har dei som sit og syr rundt omkring i eigne stover, eller kanskje møtest på eit forsamlingshus slik dei gjer i mi bygd. Det er likevel ikkje slik at alle bunadane i Noreg er sydde her i landet. Omtrent kvart ein einaste år rett før 17. mai kan ein lese om striden som går føre seg mellom firma som får sydde bunadane i for eksempel Kina og det erkenorske firmaet Husfliden. Forbrukarane kan spare mange tusen på å kjøpe ein Kina-bunad, men er det lov å la denne nesten heilage handverkstradisjonen gå føre seg på andre sida av kloden? Globaliseringa har skulda, men er det ikkje nettopp globaliseringa som også har gjeve oss mange handverkstradisjonar og inspirasjon til kledesign? Bunaden, som vi så stolt nyttar til identitetsmarkørar er kanskje ikkje så norsk som vi skulle ynskje. I følgje draktforskar Magny Kalberg har bunadslivet mykje tilfelles med draktmotar frå Frankrike. Folkedraktene er utvikla lokalt, men med global påverknad.<sup>249</sup>

## 4.0 Facebook, verdsveven og kulturarv

### 4.1.1. Facebookgrupper

Som eg har vore inne på tidlegare, så finn ein omtrent ei gruppe på Facebook for det meste. Alle lag og organisasjonar med respekt for seg sjølv har sjølvsagt Facebook, noko blant anna eg har kunne nytte meg av i arbeidet med denne oppgåva, og når det gjeld element frå kulturarven så er der også eit hav av grupper å ause frå. I tillegg til dei gruppene eg har nemnt tidlegare i oppgåva har eg ved eit raskt søk funne blant anna fleire strikkegrupper der alle med interesse for gamle mønstre av kufter, genserar og jakker kan melde seg inn, og eg fann ei

---

<sup>249</sup> (Sveen 2017, Bunaden er ikke så norsk som du kanskje tror)

såkalla «retrostrikk-gruppe». Og eg kan nemne i fleng, grupper som «Hekta på strikking og hekling», «Vi som strikker og broderer bunader», «Landet rundt med kulturminne», «Mat og tradisjoner», «Tradisjonshandverk og restaurering», «Våre tradisjonar på Sunnmøre slik vi hugsar dei og elles mangt og mykje», «Sunnmørske ord og uttrykk som burde brukast oftare», «Stiftelsen Norsk Kulturarv», «Noregs Mållag», «Noregs Ungdomslag», lista er uendeleg!<sup>250</sup>

Facebook ser definitivt ut til å vere ein kulturberar av dimensjonar når ein ser på talet av grupper som kan knytast opp mot kulturarv. Men, er det globale sosiale nettverket redninga for kulturarven i framtida? Det kan sjølv sagt vere med på å bevare i den forstand at det vert dokumentert, men som eg har vore inne på, det er ikkje alltid nok at det er dokumentert, nokre tradisjonar må gjennom hendene før ein kan seie at ein kan nok til å føre dei vidare. I tillegg er det ikkje nødvendigvis ein administrator som kritisk sjekkar gyldigheita av det som vert lagt ut på sidene, så det er ei viss fare for at «alt» til slutt er kulturarv, og at det om er kulturarv forsvinn i ein straum av innlegg. Kven som helst kan vere «ekspert» på eit felt, utan at verken utdanning eller kurs innan feltet vert etterspurt. Er du teken inn som medlem av ei gruppe så har du også i dei fleste tilfelle fått rett til å publisere innlegg, eller «skrive på veggen» som det heiter på Facebook-språket.

At Facebook er ein myldreplass der innlegg som vert skrivne kan nå ut til veldig mange herskar det ingen tvil om. Mange lag og organisasjonar kallar inn medlemmane sine til både dugnad, medlemsmøte og sosiale hendingar på Facebook. For den som har interesse for eit felt innan bevaring av kulturarv, så kan Facebook vere vegen å gå for å finne eit lag ein kan vere medlem av. Facebook lagrar informasjon om kva du søker etter, noko som er både på godt og vondt, men det kan vere at du får opp informasjon om eit lag du ikkje visste eksisterte, og slik utvide eigen horisont, også innanfor emnet kulturarv.

Ut i frå det eg har funne under arbeidet med denne oppgåva så ser eg at organisasjonar som jobbar for å bevare kulturarv i stor grad har teke i bruk sosiale media, og når slik ut til fleire. Sosiale media kan fungere som ein god gammaldags kyrkjebakke eller ein allmenning, der ein kan få oppdateringar på det som skjer. Men, ikkje alle nyttar seg av desse media og dermed

---

<sup>250</sup> (Facebook u.d., diverse søk etter grupper som ivaretok kulturarv)

kan ein ekskludere mange med mykje kunnskap som kan vere relevant for det ein driv med, så sosiale media bør etter mitt skjøn vere noko som kjem i tillegg til, ikkje i staden for, andre informasjonskanalar. Å kalle inn til årsmøte berre via Facebook vil garantert gjere at mange medlemmar ikkje vil få med seg informasjonen, men som eit tillegg til dei vanlege kanalane, aviser, mail og kanskje til og med snailmail, så kan Facebook vere dugande. Ein får påminningar om arrangement ein er invitert til, eller har meldt si interesse for, og ikkje-medlemmar kan sjå dei ulike arrangementa, og dermed kan ein verve fleire til organisasjonen.

Facebook har nok blitt meir «stovereint» med åra, blant anna fordi lag og organisasjoner har trått inn i stova, men det er vel heller sjeldan det er forskingsbasert materiale ein finn der. Det er gjerne ikkje historikarane sitt handverk ein finn på Facebook, og dermed kan det vere så som så med haldet i kjelder og kjeldegransking, og også kjennskapen til blant anna opphavsrett og personvern. Feilkjelder og feiltolkingar kan førekome utan at det vert retta opp i av fagfolk, og dermed verte ståande, og i verste fall verte kjent allmenngyldig. Teori, metode, kjeldeforsking, tolking og rekonstruksjon er noko av det historikarar har nedfelt i ryggmergen, og dermed i arbeida sine, og som må og skal vere med når ein forskar innan fagfeltet historie. Som historiestudent har eg fått eit innblikk i fagfeltet, og blitt bevisst blant anna dei nemnde momenta. Eg har ikkje dekning for å seie at det finnast lite vitskapeleg basert kunnskap om kulturarv i innlegga som vert posta på Facebook. Oppgåva mi har ikkje hatt tid og rom for å gjere ei undersøking på det, det kunne vel for så vidt vore eit forskingsobjekt i seg sjølv, men inntrykket mitt etter å ha vore innom ein del grupper er at det er skralt med tilvisingar til forsking innanfor historiefaget.

#### *4.1.2 Verdsveven som bibliotek*

På verdsveven finn ein som nemnt det meste, og under arbeidet mitt har eg brukt Internett ein god del. Eg har for eksempel lese boka til Magdalene Thoresen «Billeder fra Vestkysten av Norge» på Nasjonalbiblioteket sin nettstad.<sup>251</sup> Nasjonalbiblioteket kan vere løysinga dersom det er bøker ein ikkje klarer å få tak i, og under søk på forfattar eller emne dukkar det gjerne opp fleire interessante bøker som det viser seg et ein kan nytte i eige arbeid. Det har ikkje vore noko stort problem å finne eit uttal artiklar som omhandlar det eg skriv om, alt i frå

---

<sup>251</sup> (Thoresen 1899, Billeder fra Vestkysten af Norge, henta på Nasjonalbiblioteket sin nettstad)

brannen på Flåvær til Slow Food organisasjonen i Italia. Bøker og tidsskrift gir gjerne mykje meir inngåande informasjon om ulike emne, medan ein på Internett finn kortare eller lengre artiklar om akkurat det ein skriv om. For meg som student har det vore ein fordel at eg har funne mykje informasjon på Internett, fordi det har spart meg for ein del køyring til lesesal og bibliotek. Det er krev likevel både tid og tolmod å skulle ha hele verdsveven som bibliotek. Ein skal finne det rette søkjeordet og å vere kjeldekritisk er heller ikkje alltid gjort i ei handevending. Ulike omsyn må takast stilling til før ein nyttar seg av kjeldene. Arne Skivenes problematiserer nokre sider ved digitalisering av arkivmateriale i boka «Skjermkontakt med lokalhistorien». Det fyrste har han kalla erstatningsproblemet, det oppstår når orginalkjelda vert erstatta med ein kopi. Er kjelda korrekt attgjeven og korrekt tolka? Problem nummer to gjeld mangelen på metodar og modellar for nettbasert utlegging av meir komplekst kjeldemateriale. Ein del kjeldemateriale viser til andre kjelder, og desse tilvisingane kan gå tapt ved digitalisering. Det siste momentet til Skivenes gjeld promosjon. Kva for arkivmateriale skal frigjerast og sleppast laust på verdsveven, der kven som helst nytte seg av det slik dei sjølve finn for godt?<sup>252</sup> I Stortingsmelding nr. 24 (2008-2009) vert den nasjonale strategien for digital forvaring og formidlinga av kulturarv behandla. Der kan ein lese at det er av vesentleg betydning for formainga av eit felles samfunn at kjeldene vert sikra, og at befolkninga er sikra tilgang til dei.<sup>253</sup> I følgje denne meldinga skal ein sikre at befolkninga har demokratisk tilgang til kjeldematerialet som ligg i abm-ressursane. Slik eg ser det vil rettigheter også føre med seg plikter, så når ein har fått retten til tilgang til kjeldene, pliktar ein også til å bruke dei på ein god måte. Verdsveven er som sagt eit hav av informasjon, men dersom ein ikkje er kritisk nok, skal det lite til at arbeidet anten kollsiglar eller i verste fall druknar, og tek noko av arvegodset ein prøvde å forvalte med seg i dragsuget.

## 5.0 Konklusjon

### 5.1.1 Kulturarven på nett

I problemstillinga mi stilte eg spørsmål ved om det er mogeleg å ta vare på kulturarven i globaliseringa sin tidsalder, og med underspørsmålet om sosiale media, og då fyrst og fremst Facebook, kunne bevare kulturarven. Eg startar med det siste fyrst. I perioden der eg las meg

---

<sup>252</sup> (Skivenes 2001, Spotlight eller god allmennbelysning? Arkivmateriale på nettet – tanker ved en korsvei)

<sup>253</sup> (Regjeringen, St.meld. nr. 24 (2008-2009).)

opp til oppgåva, og søkte etter spor av kulturarven på Facebook, så såg eg rimeleg lyst på at Facebook kunne vere eit medium for bevaring, blant anna fordi det fantes grupper for dei fleste elementa innanfor kulturarv. Lyset har ikkje slokna, men etter kvart som eg sjølv har blitt meir opplyst innanfor fagfeltet historie, så har det nok blitt dimma ein del ned. Analysen viser at Facebook kan nyttast til å dokumentere, ved hjelp av tekst, bilete og video. Ein kan nå ut til mange på kort tid, det igjen kan skape blest om sjølve arven, om arbeidet/vernet av den, og vekkje interesse, anten ein oppdagar det for fyrste gong, eller om invitasjonen via Facebook var det som skulle til før ein kasta seg med ei eller anna gruppe som arbeider for bevaring av kulturarv. Sånn sett kan Facebook nyttast til føremålet. Men, både bevaring av, og historie i seg sjølv, er fagfelt. Det igjen tyder at ein må arbeide med det, det må gjennom fingrane gjerne, og ein må i tillegg til å kjenne til terminologiar også ha jobba aktivt med det. Dette kan ein ikkje lære på Facebook. Eg meiner ikkje at alle som tek del i dugnadsarbeid for å bevare, eller interesserer seg for og har lyst å gjere eigne undersøkingar innanfor felt som hører til historie, nødvendigvis må ha skaffa seg studiepoeng i faget for å kunne gjere jobben. Det finst nok mange flinke autodidakte på feltet, men som eg har påpekt i analysen så slepp «alle» til på Facebook, og faren ved det er at rammer som teori og metode ikkje er til stades, og dersom ikkje kjeldekritikken er god nok, så vil det ubetydelege kunne få betydning, og det meiningsfylte kan forsvinne i ein malstraum av postar på Facebook.

### *5.1.2 Eldsjelene i Kongens Ring*

I analysen gjorde eg intervju med ni personar som har bakgrunn i kulturdugnad. Dei fire informantane frå Herøyspelet underbygde mange av dei førestillingane eg hadde før eg begynte på oppgåva. Under Herøyspelet er alle herøyværingar, splittinga indre/ytre kjem ikkje til syne blant spelfolket. At styret hadde protokollført dette som eit eige mål då dei tok til å arbeide med spelet var nytt for meg. Det har ikkje vore uttalt som eg har hørt, men det viser seg at dette punktet i stor grad har vore sjølvoppfyllande. Vidare viser analysen at informantane kopla Herøyspelet til kulturarv. Ein av informantane svarte at på grunn av at spelet vidarefører historia så er det kulturarv. Det var det som var mitt utgangspunkt, at kulturarven ligg i forteljinga, men tre av informantane kopla det til at spelet er kulturarv i kraft av seg sjølv og levetida si, ikkje til arven frå Snorre.

Alle informantane sette kulturarv og identitet i samanheng. Som Isene påpeikar så handlar gjerne identitet forankra i historie om å sjå samanhengane i livet, om å ha forståing for både fortid og notid, og det igjen kan gi retning for framtida.<sup>254</sup> Losnedahl nyttar omgrepet «identitetsprosjekt» om sogespel. Målet med spel er å attskape den lokale identiteten, og gjennom å rekonstruere den historiske forteljinga vil ein på same tid konstruere den samtidige identiteten. Vidare påpeikar Losnedahl at staden er viktig, historia må kunne knytast til «der det skjedde». <sup>255</sup> Herøyspelet oppfyller kriteriet om stad, og denne staden er også utgangspunktet for mange andre forteljingar og mytar knytte til kulturarven. På spørsmålet om kva Herøyspelet kan tilføre kommunen kom det fram element som tilhørsle, identitet, kulturarv, respekt, kameratskap, kunst og kultur som lim for eit kvart samfunn, tanken om at det er viktig å kjenne fortida for å forstå notida, tradisjonar, eigedomstilhøve til ei fellessatsing, det blir ei rikare kulturkommune og det fører til reklame. Analysen viser altså at alle informantane koplar spelet til både kulturarv og identitet, og identiteten er felles under kulturduganden, ein er ikkje «indring» eller «ytring» når ein møtest på spel.

### *5.1.3. Eldsjelene og «Anna Olava»*

Analysen viste at heller ikkje dagnadsgjengen som har restaurert sunnmørsjekta «Anna Olava» merkar noko under dagnadane når det gjeld inndelinga indre/ytre. Det viste seg å vere litt ulikt kor mykje informantane visste om historiene bak sunnmørsjektene og husfrua på Herøy som har gitt den namn. Nokre visste mest om jektene, andre om husfrua, og analysen viser at dei informantane som har vore mest engasjerte i å få i gong restaureringa, og har vore med på flest dagnadar, visste mest om jektene og «Anna Olava» frå før. Alle informantane har kopla jekta opp til kulturarv. I motsetnad til Herøyspelet, der dei fleste kopla kulturarven til spelet i seg sjølv, er det historiene til sunnmørsjektene, Herøy som fiskerikommune og tilknytinga den har til Herøy Gard det vert vist til blant desse eldsjelene. Analysen min har ikkje avdekt at informantane har hatt ein skjult og/eller økonomisk agenda. Når det gjeld kva «Anna Olava» kan tilføre kommunen avdekkjer svara at informantane ser føre seg jekta som ambassadør for kommunen, den kan verte brukt av turistnæringa, og til å formidle kunnskap om bruk og kor viktig jektene har vore for den utviklinga vi kjenner i dag.

---

<sup>254</sup> (Isene 2009, Historiske spel formidlar også lokalhistorie)

<sup>255</sup> (Losnedahl 2006, s. 401)

I følgje Sigurd Ohrem er det eit paradoks at ein ser eit stort oppsving av dugnadsarbeid og eldsjeler i ei tid der nye former for egoisme og sterkt vilje til å slå seg fram økonomiske er i sterkt vekst. Han stiller spørsmål ved om det ikkje lenger finnast ekte eldsjeler, om dei lokale kulturarenaene vert erostra av aktørar med ein skjult agenda?<sup>256</sup> Eldsjelene her svarar at grunnen til at dei er med på dugnadsarbeid er fordi det er ein måte å bidra inn i fellesskapet, at det hadde vore synd om denne flotte båten skulle verte øydelagt, at dugnadsarbeid er ein faktor for levande miljø i ein kommune, at jekta skal få fortsetje å gi flotte opplevingar og fordi det er kjekt å ta vare på gamle ting og historia.

#### *5.1.4 Globalisering og glokalisering*

I oppgåva har eg peikt på at havnæringsane i kommunen viser igjen i ei global verd og ein global marknad. Til dels er det element som kan knytast til kulturarven som er eksportvare, til dels er det produkt som gjennom ein glokaliseringsprosess har blitt tilpassa marknadene i utlandet. Å nyte fisken til fish and chips har ikkje vore tradisjon for i Herøy, heller ikkje laks og tare, men i dag er dette produkt som vert eksporterte i stor stil. Tradisjonelle næringar som sild og sel har hatt ein tilbakegang, men dei finnast fortsatt i Herøy, og dei nyttar verdsveven til marknadsføring av produkta. Som analysen viser har også småskalaprodusentane fått sitt eige verkty for å bli ein del av både den lokale og globale marknaden. Gjennom matappen til Bazeat kan produsent og konsument ha direkte kontakt, og slike skape både tryggleik rundt produkt og produksjon og høgare inntening på produkta. Ein tanke som har sett seg under arbeidet med oppgåva er om ikkje dei tradisjonelle næringane og småskalaprodusentane hadde kunne nytt godt av å kople produkta sine opp mot historiene/mytane, og bruk det aktivt i marknadsføringa si. I ei verd som snurrar og tek med seg både mangt og mykje kan kanskje lokal forankring kjennast tryggare, og også meir attraktivt.

Ingen av dei andre øyane i kommunen kan nok skryte på seg å ha eit så internasjonalt miljø som Runde. Takka vere turismen og Runde Miljøsenter kan ein høyre mange ulike tungemål på den vesle øya. I analysen har eg via ein del plass til Miljøsenteret. Dei kan vise til prosjekt som går på å bevare natur, kulturarv, dei driv med mykje forsking innanfor det grøne skiftet,

---

<sup>256</sup> (Ohrem 2005, s. 13)

og dei er i aller høgste grad eit knytepunkt mellom det lokale, det regionale og ikkje minst det globale.

### *5.1.5 Kulturarven i globaliseringa si tid*

Mykje godt arbeid vert gjort for å ta vare på både båtar og bygningar, og som vist er ein del av dette dokumentert på sosiale media. Å bli råka av brann er ein katastrofe. Eldsjeler legg ned mange dugnadstimar for å ta vare på kulturminne, og teknologien og utstyret til å sikre dei mot brann har ein i dag, men likevel ser ein at verdifulle kulturminne vert flammane sitt rov. Eg har ikkje hatt tid og rom for å sette meg inn i om det er mogeleg å få tilskot til brannsikring av kulturminne, og kor stort eit eventuelt tilskot er, men ei ordning med tilskot og innspel frå riksantikvaren kunne vore ein veg å gå for å sikre fleire kulturminne.

Å møte folk der folket er, før på kyrkjebakkar og allmenningar, i dag på verdsveven, er etter mitt syn grunnleggjande for å bevare kulturarven. Det vere seg digitaliserte element frå abm-samlingar, eller nettstadar der ein finn meir enn berre opningstidene til institusjonane som forvaltar kulturarv, og der historiene og mytane vert lyfta fram og slik skapar større medvit om utviklinga som har gått føre seg, og som samtidig kan vere identitetsskapande. Å vise fram og fortelje er viktig, og i dag kan nye virtuelle teknologiar også vere nyttige reiskapar både for forteljingane og for å fange interessa, men som eg har nemnt, det auditive bør vere i eit samspel med det kinetiske og taktile. Eg trur ikkje verken øyrer eller auge kan kompensere for ganen når det gjeld matkulturen, og heller ikkje for kjenslene det gir å kunne røre ved kulturminna, eller enno betre, få prøve korleis det har vore brukt. Å la barn og unge få del i kulturarven ser eg også som noko av det viktigaste vi kan gjere for å bevare den. Som eg har sitert Sylfest Lomheim på «Det me ikkje får til gjennom utdanning, hos våre barn og unge, det kan me gløyma»<sup>257</sup> Skal den oppveksande slekt kunne feste røtene sin må dei kjenne til jordsmonnet, og historiene og kulturminna må leggjast fram på ein slik måte at identiteten vert forankra i dei. Den gode forteljaren vil etter mitt skjøn aldri gå av moten, og vil heller aldri kunne verte erstatta med teknologi.

---

<sup>257</sup> (Lomheim 2001, s. 226)

Den gode forteljinga finst blant anna i sogespela. Både som aktør og publikum får unge og gamle innsikt i ein del av kulturarven, og som eg har påpeika i analysen, det kan på fleire måtar vere identitetsdannande. I tillegg vil spel kunne ha innverknad på turismen, og indirekte då også for andre næringar i kommunen. Spel med godt omdøme, og ikkje minst god marknadsføring, kan trekke til seg folk som elles ikkje hadde hatt staden på feriekartet sitt, og om dei finn historia, og opplevinga rundt den, god, så kan det igjen få fleire til å ta turen. Gode kulturopplevingar som vert fortalte ansikt til ansikt vil etter mitt syn ofte ha større marknadsføringsevne eller anna reklamemateriell. Analysen viser altså at kulturarven både blir bevart og formidla gjennom historiske spel.

Kulturarven har forankring både lokalt og regionalt, Herøy og Sunnmøre er vevd tett saman. Det har sine utfordringar å skulle bevare den. Det krev sine eldsjeler, men gjennom å få lyfta den fram og i nokre høve aktivt ta den i bruk, gjennom å lyfte fram historiene og mytane, på dei arenaene der ein møter dei fleste i dag, kan arven nå ut til mange fleire. Men, nokon må legge rammene, nokon må ha kunnskapen om korleis arven skal forvaltast, nokon må ha ansvaret for jordsmonnet der røtene skal finne sitt feste.

#### *5.1.6. Vidare forsking*

Ved eit anna høve kunne det vere interessant å studere om, og eventuelt korleis, turistnæringa gjer seg nytte av historiene og mytane om Herøy i si marknadsføring. Det er ei næring i rask vekst, og slik eg ser det byd den også inn til samarbeid med lokalhistorie. Den lokale kulturarven og turistnæringa kan saman gjere mykje for å bevare arven i frå mange tradisjonar. Både mattradisjonar, handverkstradisjonar, båtar, bygningar, museum og ikkje minst sogespela kan vere element i pakkar som reiselivsnæringa på Sunnmøre set saman og tilbyr turistar frå inn- og utland. Då vert historiene tekne vare på for ettertida, og det vil gi klingande mynt i kassa som igjen kan nyttast til bevaring.

I oppgåva hadde eg ikkje rom for å ha fleire informantar i kvar gruppe, men det kunne ved eit anna høve vere interessant å gjere ei større kvantitativ undersøking blant aktørane i Herøyspelet, både dei som er på og dei som er bak scenen. Då hadde eg fått eit større bilet med mange fleire nyansar, og det kunne gjeve fleire svar på kva for sider det er ved spelet som gjer at ein vel å vere med år etter år, og i tillegg hadde eg fanga opp nokre av grunnane til

at ein del er med berre éin eller nokre få gongar. Då hadde både eldsjelene og dei som ikkje fekk tent gnisten fått kome til ordet.

## Kjeldeliste

- Aandahl, Trine Jørgensen, og Tore Ellingseter. 2017. «Ønsker mer fiskeforedling i Norge.» *NRK Møre og Romsdal*. 12. juli. Funnen mai 1., 2018. <https://www.nrk.no/mr/onsker-mer-fiskeforedling-i-norge-1.13599527>.
- Anderson, Benedict. 1996. *Forestilte fellesskap. Refleksjoner omkring nasjonalismens opprinnelse og spredning*. Oslo: Spartacus Forlag AS.
- Aasen , Guri. u.d. «Vestafor måne.» *Om meg*. Funnen mai 6., 2018. <http://www.vestaformaane.no/framside/>.
- . u.d. ««Anna Olava» - den gløymde husfrua på Herøy Gard .» *Vestafor måne*. Funnen mai 3., 2018. <http://www.vestaformaane.no/wordpress/wp-content/uploads/2015/09/Anna-Olava-produktark.pdf>.
- . 2012. «Herøy Gard, sentral møtestad i 1000 år.» *Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag*. 2012, 44-55.
- Bakken, Anders, og Viggo Jan Vestel. 2016. *Holdninger til ekstremisme, Resultater fra Ung i Oslo 2015*. Oslo: NOVA Velferdsforskning. Høgskolen i Oslo og Akershus. Funnen april 20., 2018. <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2016/Holdninger-til-ekstremisme>.
- Bø, Ole Arild. 2017. «Alders- og sjukeheim i Myrvåg – ein vellukka lokal kamp.» *Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag*. 2017, 24-47.
- Bøe , Jan Bjarne. 2002. *Bildene av fortiden. Historiedidaktikk og historiebevissthet*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Bøe, Jan Bjarne, og Ketil Knutsen . 2012. *Innføring i historiebruk*. Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.
- Bergh, Richard. 2009. «Kristine Tonning.» *Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag*. 2009, 63-67.

Birgisson, Bergsveinn (red.), Elisabeth Ashman Rowe, og Torgrim Titlestad. 2016. *Flatøybok Bind 3*. Stavanger: Saga Bok AS.

Bjerknes, Silje Steinnes, og Gunhild Sætre. 2018. «Fuglefjellet på Runde er fullt av plast: – Det er fryktelig trist.» *NRK Møre og Romsdal*. 18. april. Funnen april 23., 2018.  
<https://www.nrk.no/mr/fuglefjellet-pa-runde-er-fullt-av-plast-1.14010434>.

Bokklubben. Mye mer enn bøker. u.d. «Søk på strikk.» *Bokklubben. Mye mer enn bøker*. Funnen mai 6. , 2018.  
<https://www.bokklubben.no/enkeltSok.do?enkeltsok=strikk&search=&rom=AK>.

Brøgger, Jan. 2005. *Kulturforståelse. En nøkkel til vår internasjonale samtid*. Oslo : N.W. Damm & Søn AS.

Bukve, Oddbjørn, Hallgeir Gammelsæter, og Arnljot Løseth. 2004. *Nord-Vestlandet – liv laga?* Sunnmørsposten Forlag.

Dalen, Astrid. 2017. «Går trolig mot rekordsommer for norsk turistnæring.» *E24*. 2. september. Funnen april 23. , 2018. <https://e24.no/naeringsliv/reiseliv/gaar-trolig-mot-rekordsommer-for-norsk-turistnaering/24131465>.

Daugstad, Gunnlaug, og Lars Østby. 2009. «Et mangfold av tro og livssyn.» *Statistisk sentralbyrå*. 15. juni. Funnen april 20., 2018. <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/et-mangfold-av-tro-og-livssyn>.

Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. u.d. «Runde Fyr - overnatting.» *Ålesund. Sunnmøre*. Funnen april 23., 2018. <https://no.visitalesund.com/overnattning/runde-fyr-overnattning-p916913>.

DigitaltMuseum. 2014. «Anna med barnet.» *DigitaltMuseum*. 17. november. Funnen april 25., 2018. <https://digitaltmuseum.no/011085439620/anna-med-barnet>.  
—. 2014. «Godt vern-prisen på Sunnmøre.» *DigitaltMuseum*. 15. oktober. Funnen mai 5. , 2018. <https://digitaltmuseum.no/011085442758/godt-vernpisen-pa-sunnmore>.

Eikeseth, Unni, og Elling Finnanger Snøfugl . 2011. «Skattene vi ennå ikke har funnet.» *NRK Viten*. 27. september. Funnen april 23. , 2018. <https://www.nrk.no/viten/skattene-vi-enna-ikke-har-funnet-1.7810505>.

- Eilertsen , Anne Gry . 2016. «Vikebladet.no.» *Har passert 100 000 badande*. 23. mars . Funnen april 22. , 2018. <http://www.vikebladet.no/nyhende/2016/03/23/Har-passert-100-000-badande-12489680.ece>.
- Eriksen, Thomas Hylland, og Torunn Arntsen Sajjad. 2015. *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Akademia.
- Eriksen, Thomas Hylland, og Iver B. Neumann . 2011. «Fra slektsgård til oljeplattform: Norsk identitet og Europa.» *Internasjonal politikk*. Mars. Funnen mars 30., 2018. <https://www.idunn.no/ip/2011/03/art11>.
- Fiskeridirektoratet. 2018. *Fiskere, antall på kommunenivå 1983-2017. Hovedyrke, antall, kommunenivå*. Excelark. Fiskere fra fiskermanntallet. , Bergen : Fiskeridirektoratet. .
- . 2018. «Tilskudd til selfangst i 2018.» *Fiskeridirektoratet. Yrkesfiske*. 19. mars. Funnen mai 1. , 2018. <https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Nyheter/2018/0318/Tilskudd-til-selfangst-i-2018>.
- Flatin, Arne. 2014. «100 år og turistvert i over 50.» *NRK Møre og Romsdal*. 6. mai. Funnen april 23. , 2018. <https://www.nrk.no/mr/100-ar-og-turistvert-i-over-50-1.11701842>.
- Flatin, Arne, Lena Stette Høyberg, og Torild Øvrelid. 2014. «– Det største verditapet er historia.» *NRK Møre og Romsdal*. 21. august. Funnen mai 5., 2018. [https://www.nrk.no/mr/\\_-trist-a-sja-flavaer-i-ruinar-1.11888625](https://www.nrk.no/mr/_-trist-a-sja-flavaer-i-ruinar-1.11888625).
- Flatval , Jann. 2018. «Folk slår ring om brannbilen i Myrvåg.» *Vestlandsnytt* . Fosnavåg: Polaris Media, 20 april. 2-3.
- . 2018. «Moltu i faresona?» *Vestlandsnytt* . Fosnavåg : Polaris Media , 13. april .
- Fosnavåg konserthus. u.d. «Fosnavåg konserthus.» *Historia* . Funnen april 22. , 2018. <https://fosnavagkonserthus.no/om-konserthuset/historia/>.
- Fosshagen, Kjetil. 2017. «Globalisering.» *Store norske leksikon*. 17. oktober. Funnen mars 30., 2018. <https://snl.no/globalisering>.
- u.d. *Fuglefjellet Runde*. Funnen april 22. , 2018. <https://fuglefjelletrunde.wordpress.com>.
- Giskespelet. u.d. *Giskespelet.no*. Funnen april 21. , 2018. <http://giskespelet.no/about/>.
- Gjengedal, Mari. 2016. «Gode nyheter for norsk tradisjonsmat!» *Bygdekvinnelaget*. 29. september. Funnen april 27. , 2018. <http://bygdekvinnelaget.no/gode-nyheter-for-norsk-tradisjonsmat>.

u.d. «Glokalisering.» *Den Danske Ordbog*. Funnen mars 30., 2018.

<http://ordnet.dk/ddo/ordbog?query=glokalisering&tab=for>.

Gode greier. 2018. «Gode greier.» *Facebook*. 16. april. Funnen mai 1. , 2018.

[https://www.facebook.com/gjerdsbakkane/?hc\\_ref=ARRBlniMd0Ie\\_wSdxW1gxypCNVSFNISOTiGK7fb8Koy7T0\\_i1T7VRwcdG-Yk9qys1rI&fref=nf](https://www.facebook.com/gjerdsbakkane/?hc_ref=ARRBlniMd0Ie_wSdxW1gxypCNVSFNISOTiGK7fb8Koy7T0_i1T7VRwcdG-Yk9qys1rI&fref=nf).

Grøtan , Terese. 2009. *Globaliseringsboka*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Grimeland, Per Kristian. 2017. «Fleire stadar i Norge er så populære som reisemål at det snart er fullt.» *NRK.no*. 15. mai. Funnen april 22., 2018.

<https://www.nrk.no/sognogfjordane/fleire-stader-i-norge-er-sa-populaere-som-reisemal-at-det-snart-er-fullt-1.13514298>.

Hanssen, Torkil Marsdal. 2016. «– Bør kunne 20-doble produksjonen av tang og tare.»

*Forskning.no*. 25. april. Funnen mai 1. , 2018. <https://forskning.no/hav-og-fiske-oppdrett/2016/04/bor-kunne-20-doble-produksjonen-av-tang-og-tare>.

Hatløy, Olaug Myrholt, og Ingebjørg Lyster . 2012. *Go bitar frå besta si kokebok – tradisjonsmat frå Sunnmøre*. Gurskøy: Sanseleg Forlag DA.

Haugen Bok. u.d. «Hekling.» *Haugen Bok*. Funnen mai 6. , 2018.

<https://www.haugenbok.no/sok/?q=hekling>.

Haugen, Marit S. , og Marit Villa. 2016. *Lokalsamfunn*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Havopplevelse.no. u.d. *Havopplevelse.no*. Funnen april 23., 2018.

<http://www.havopplevelse.no>.

Hødnebø, Finn, og Hallvard Magerøy. 2000. *Snorres Kongesagaer*. Oslo: Den norske Bokklubben.

Hellevik, Ottar. 2001. «Nynorskbrukaren – kven er han?» I *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*, av Elisabeth Bakke og Håvard Teigen, redigert av Elisabeth og Teigen, Håvard Bakke, 117-139. Det Norske Samlaget.

Herøy kommune. u.d. «Herøy si politiske historie – kortversjon.» *Herøy kommune*. Funnen mai 5. , 2018. <https://www.heroy.kommune.no/mobil/politikk/heroy-si-politiske-historie-kortversjon.9841.aspx>.

—. u.d. «Kommunevåpen Herøy kommune.» *Herøy kommune*. Funnen mai 3. , 2018.

<https://www.heroy.kommune.no/artikkel.aspx?MId1=56&AId=417>.

Hovde , Kjell-Olav. 2017. «Hurtigruta.» *Store norske leksikon*. 4. oktober. Funnen april 22. , 2018. <https://snl.no/Hurtigruta>.

Hundstad , Dag. 2012. «Historikeren som regionbygger? - et fagkritisk perspektiv på fire landsdelshistoriske verk.» *Historisk tidsskrift. Bind 91 nr. 1-2012*, 37-63.

Isene, Oddvar. 2009. «Historiske spel formidlar også lokalhistorie.» *Lokalhistorisk magasin 03/2009*. Funnen mai 18., 2018.  
<http://lokalhistoriskmagasin.no/utgivelser/pdf/lokalhistorisk-magasin-2009-03>.

Jakobsen, Siw Ellen. 2014. «Før gikk rebellene i bunad.» *Forskning.no*. 16. mai. Funnen mai 6. , 2018. <https://forskning.no/historie-kulturhistorie-kulturpolitikk/2014/05/gikk-rebellene-i-bunad>.

Karlsen, Marius. 2017. «Nye, norske tall for sosiale medier.» *Heltdigital*. 17. september.  
Funnen mars 30., 2018. <https://heltdigital/some-tracker-q3-2017/>.

Karlsen, Sunniva. 2018. «Ei raud stove og ei lang historie.» *Bygg og bevar*. 8. januar. Funnen mai 5. , 2018. <https://www.bryggogbevar.no/pusse-opp/inspirasjon/ei-raud-stove-og-ei-lang-historie>.

Kinnaspelet. u.d. «Kinnaspelet 2018. Songen ved det store djup.» *Kinnaspelet.no*. Funnen april 17. , 2018. <http://www.kinnaspelet.no>.

Kjeldstadli, Knut. 2003. *Fortida er ikke hva den en gang var. En innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kjellberg , Anne. 2018. «strikking – strikkingens historie.» *Store norske leksikon*. 12. mars.  
Funnen mai 6. , 2018. [https://snl.no/strikking\\_-\\_strikkingens\\_historie](https://snl.no/strikking_-_strikkingens_historie).

Kolberg, Marit, og Sidsel Wold. 2015. «– Folkevandring er en del av jordens "blodomløp".» *NRK Urix*. 19. september. Funnen mars 30., 2018. [https://www.nrk.no/urix/\\_-folkevandring-er-en-del-av-jordens-\\_blodomlop\\_-1.12561302](https://www.nrk.no/urix/_-folkevandring-er-en-del-av-jordens-_blodomlop_-1.12561302).

Kongsberg, Freddy. u.d. «Besøker Runde fra hele verden: Vil se gull og lundefugl.» *Ta deg tid. Opplev mer*. Funnen april 23., 2018. <http://www.visitmr.com/besoeker-runde-fra-hele-verden-vil-se-gull-og-lun>.

Krogseth, Otto. 2009. «Danning, identitet og dialog.» *Kompendium KUM301-1: Nasjon, kultur og religion*. Volda: Høgskulen i Volda.

Kvittingen , Ida. 2017. «Ensomme og mye på sosiale medier.» *Forskning.no*. 9. mars. Funnen april 21., 2018. <https://forskning.no/kultur-media-samfunn-barn-og-ungdom-internett-sosiale-relasjoner/2017/03/unge-voksne-ensomme-mye-sosiale-medier>.

KYSTOGFJORD. 2015. «Ny «Leinebris» » klar for norske farvann.» *Kyst og fjord*. 27. august. Funnen april 28., 2018. <https://www.kystogfjord.no/nyheter/forsiden/Ny-»Leinebris» -klar-for-norske-farvann>.

Langåker, Svein Olav B . 2015. «Her aukar talet på nynorskelevar.» *Framtida.no*. 15. desember. Funnen mars 30., 2018. <https://framtida.no/2015/12/11/her-aukar-talet-pa-nynorskelevar>.

Langset, Kristine Grue. 2013. «Aftenposten.no.» *Norsk ungdom er mer hjemmekjær enn noen gang*. 17. oktober. Funnen april 21. , 2018.  
<https://www.aftenposten.no/norge/i/7IX04/Norsk-ungdom-mer-hjemmekjar-enn-noen-gang>.

Larsen , Ann Kristin. 2012. *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Oslo: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Løseth, Arnljot. 2001. «Det lokale og det globale. Lokalsamfunn, lokal historie og identitet i globaliseringas tidsalder.» I *Tidsskrift for Sunnmøre Historielag 2001*, av Jarle Sulebust, Ivar Gunnar Braaten og Edvard Molvær, 9-27. Ålesund: Sunnmøre Historielag, Sunnmøre Museum og Aalesund Museum. Funnen mars 30., 2018.  
<http://sedak.ikamr.no/2012/sed0014-shl/shl19782010/01/#/3300/>.

Lomheim, Sylfest. 2001. «Kamp i all æve.» I *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale*, av Elisabeth Bakke og Håvard Teigen, 216-235. Oslo: Det Norske Samlaget.

Losnedahl, Kari Gaarder. 2006. «... i begynnelsen var Holberg.» I *Vestlandets historie* , av Knut. Medredaktørar Grepstad, Ottar, Lillehammer, Arnvid og Tryti, Anna Elisa Helle, 377-405. Bergen : Vigmostad & Bjørke.

Meland, Svein Inge. 2014. «Farvel til nynorsk i Trøndelag.» *Adressavisen*. 25. november. Funnen mars 30. , 2018.  
<https://www.adressa.no/nyheter/sortrondelag/article10383316.ece>.

Mellingsæter, Hanne, og Nicoline Haugsvær. 2016. «Aftenposten.no.» *6 av 10 Osloungdommer mener det er krig mellom islam og Vesten*. 15. juni. Funnen april 20. ,

2018. <https://www.aftenposten.no/osloby/i/9EB0E/6-av-10-Oslo-ungdommer-mener-det-er-krig-mellom-islam-og-Vesten>.

Millers fish & chips. 2018. «It's official: we're now the best fish and chip shop in the UK!»

*Millers fish & chips.* 28. februar. Funnen april 28., 2018.

<http://www.millersfish.co.uk/new-blog/2018/2/28/its-official-were-now-the-best-fish-and-chip-shop-in-the-uk>.

Moltu, Per. 2014. «Påska 1952 - ei umenneskeleg påkjenning.» *Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag 2014*, 16-19.

Moltu, Per-Ståle, Arnljot Grimstad, Kjartan Rabben , Annfrid Aurvåg, Richard Bergh, Jarl Chr. Grimstad, og Kirsten Leinebø Storøy. 2010. *Herøyboka Heimar og Folk. Band 2: Indre Herøy*. Lesja: Herøy Sogelag.

Moltu, Per-Ståle, Roger Sindre Kvalsund, Kåre K. Kvalsvik, og Guri Aasen . 2012.

*Herøyboka. Heimar og folk. Band 3: Skorpa, Nerlandsøya og Fosnavåg (utafor Skaret)*. Dombås: Herøy Sogelag.

Moltu, Wenche. 2017. «Språk.» *Herøy kommune.no*. 5. juli. Funnen april 22., 2018.

<https://www.heroy.kommune.no/tenester/individ-og-samfunn/sprak/>.

Mortensson-Egnund, Ivar. 2016. «Heimskringla.» *Håvamål*. 7. mai. Funnen april 21. , 2018.

<http://www.heimskringla.no/wiki/Håvamål>.

MS «Leinebris» . 2018. «Facebook.» *MS «Leinebris»* . 25. januar. Funnen april 28. , 2018.

<https://www.facebook.com/MS->Leinebris/-1497993497137184/>.

Myklebust, Roger. 1999. *Brannmannen*. 6. januar. Funnen april 25. , 2018.

<http://brannmannen.no/brann/brannen-heroy-kyrkje/>.

Myren , Torill. 2014. «Her starta det heile.» *Sunnmørsposten*. 28. august. Funnen mai 5. ,

2018. <http://www.smp.no/nyheter/soere/article10063859.ece>.

Nilsen , Svein Erik. 2014. *Hva skal til for å styre en fullautomatisert produksjon?* Foredrag fra Marin Samhandlingsarena 3. desember 2014, Møreforsking .

Nordal, Hild. 2017. «"Polarstar" kjem tilbake til Brandal.» *Sunnmørsposten*. 23. august.

Funnen mai 21., 2018. <https://www.smp.no/nyheter/2017/08/23/<Polarstar>-kjem-heim-til-Brandal-15197887.ece>.

- . 2015. «Sju nye utebibliotek i sommar.» *Sunnmørsposten*. 7. juli. Funnen mai 20., 2018.  
<https://www.smp.no/nyheter/soere/article11290383.ece>.
- Norsk Kulturarv. 2007. *Veiviseren. Kulturhistorisk håndbok for Norge*. Oslo: Tun Forlag.
- NPK. 2017. «Truleg heilt slutt for norsk selfangst.» *Vikebladet*. 14. februar. Funnen mai 1., 2018. <http://www.vikebladet.no/naeringsliv/2017/01/21/Truleg-heilt-slutt-for-norsk-selfangst-14095438.ece>.
- NTB/SMP. 2017. «Regjeringen gjenopptar statsstøtte til norsk selfangst.» *Sunnmørsposten*. 27 januar. Funnen mai 1., 2018. <http://www.smp.no/nyheter/2017/01/27/Regjeringen-gjenopptar-statsstøtte-til-norsk-selfangst-14123522.ece>.
- NTNU. u.d. «Virtuell og utvidet virkelighet (VR/AR) for læring og trening.» *NTNU*. Funnen mai 13., 2018. <https://www.ntnu.no/eit/ped3801>.
- Nyborg, Chris. 2017. «Bjarne Rabben.» *Lokalhistoriewiki*. 4. juli. Funnen mai 12., 2018.  
[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Bjarne\\_Rabben](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Bjarne_Rabben).
- . 2016. «Christopher Tjærandson Rønneberg.» *Lokalhistoriewiki*. 21. oktober. Funnen mai 5., 2018. [https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Christopher\\_Tjærandson\\_Rønneberg](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Christopher_Tjærandson_Rønneberg).
- Nygaard, Jon. u.d. «Spelhandboka.no.» *Hvilken rolle spiller spel*. Funnen april 22., 2018.  
<http://www.spelhandboka.no/hvilken-rolle-spiller-spel/>.
- Ohrem, Sigurd. 2005. *Spillet om stedet. Historiske spel i Norge*. Sandefjord: Purgatorio Forlag as.
- Petersen, Magnus. 2016. «Tare tar av i Møre og Romsdal.» *Kyst.no. Forskning*. 24. oktober. Funnen mai 1., 2018. Tare tar av i Møre og Romsdal Del via e-post Del på LinkedIn Del på Twitter Del på Facebook.
- Polargodt AS. u.d. «Rein og sunn mat frå Arktis.» *Polargodt AS*. Funnen mai 1., 2018.  
<http://www.polargodt.no>.
- Rabben , Bjarne. 1973. *Herøyboka. Bygdesoga* 2. Førde: Herøy Sogelag.
- . 1979. *Herøyboka. Gardar og folk I* (2. opplaget). Volda: Herøy Sogelag.
- . 1981. *Herøyboka. Gardar og Folk II*. 2. opplaget. Volda: Herøy Sogelag.
- . 1983. *Herøyboka. Gardar og Folk III*. 2. opplaget. Volda: Herøy Sogelag.

Regjeringa. u.d. «St.meld. nr. 22 (2004-2005) Kultur og næring.» *Regjeringa.no*. Funnen mai 23., 2018. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-22-2004-2005-id407136/?q=Melding%202022%20kultur>.

Regjeringen. u.d. «St.meld. nr. 24 (2008-2009) Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv.» *Regjeringen.no*. Funnen mai 23. , 2018. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-24-2008-2009-/id555254/sec1>.

Riise, Ivar Lid, og Gunnar Sandvik. 2013. «Skal utbedre stiane på Runde.» *NRK. Møre og Romsdal*. 21. mai. Funnen april 23. , 2018. <https://www.nrk.no/mr/skal-utbedre-stiane-pa-runde-1.11035244>.

Roaldseth, Sara Lovise. 2016. «Nytt liv til gammelt handelssted.» *NRK Møre og Romsdal*. 17. juli. Funnen april 23., 2018. <https://www.nrk.no/mr/xl/nytt-liv-til-gammelt-handelssted-1.13041537>.

Rosbach, Marius. 2018. «No kan du kjøpe mat på nett frå lokale produsentar.» *Sunnmørsposten*. 17. april. Funnen mai 18., 2018. <https://www.smp.no/naeringsliv/2018/04/17/No-kan-du-kjøpe-mat-pånett-frå-lokale-produsentar-16500453.ece>.

Runde Miljøsenter. u.d. «Om Runde Miljøsenter.» *Runde Miljøsenter*. Funnen april 22. , 2018. <http://rundecentre.no/om-rms/>.

—. u.d. «Runde Miljøsenter.» *Kompetansesenter for havenergi*. Funnen april 22. , 2018. <http://rundecentre.no/forsking/kompetansesenter-for-havenergi/>.

Sandøy, Helge. 2003. «Nynorskfolket – kvar, kven og kor mange?» *Heimeside Helge Sandøy*. Funnen mars 30. , 2018. <https://folk.uib.no/hnohs/Publikasjonar/Sandoy,%20890,%20Nynorskfolket%20-%20%20kvar,%20kven%20og%20kor%20mange.pdf>.

Sandnes , Jørn. 1994. *Handbok i lokalhistorie. Faget og metodene*. Oslo: Universitetsforlaget.

Sævik , Bjørnar. 2018. «– Eg blir berre meir og meir motivert.» *Vestlandsnytt*. Fosnavåg: Polaris Media, 24. april.

Sjømannskirken. Norsk kirke i utlandet. u.d. «Sjømannskirkens første kvinneforening.» *Sjømannskirken. Norsk kirke i utlandet*. Funnen mai 5. , 2018. <https://www.sjomannskirken.no/tidslinje/1875/sjoemannskirkens-foerste-kvinneforening/>.

—. u.d. «Våre kirker i utlandet.» *Sjømannskirken.no*. Funnen april 20. , 2018.

<https://www.sjomannskirken.no/her-finner-du-kirkene/>.

SjømatNorge. 2016. «– Sjømat del av det grøne skiftet.» *SjømatNorge*. 6. oktober. Funnen april 28., 2018. <https://sjomatnorge.no/sjomat-del-av-det-gronne-skiftet/>.

Skirbekk, Sigurd. 2008. *Nasjonalstaten. Velferdstatens grunnlag*. Oslo: Kolofon Forlag AS.

Skivenes , Arne. 2001. «Spotlight eller god allmennbelysning? Arkivmateriale på nettet – tanker ved en korsvei.» I *Skjermkontakt med lokalhistorien*, av Sissel (Red.) Hindal , 27-31. Oslo: Statens bibliotektilsyn.

Skog, Berit. 2010. «Berit Skogs blogg. Språket i sosiale medier.» *Forskning.no*. 26. november. Funnen mars 30. , 2018. <https://forskning.no/content/spraket-i-sosiale-medier>.

Slow Fish. u.d. «Oddbjørn Bøe An occupation to be recommended Norway .» *Slow Fish*. Funnen april 28. , 2018.

<http://slowfood.com/slowfish/pagine/eng/resistenza/dettaglio.lasso?-ida=21>.

Slow Food. u.d. «About us.» *Slow Food*. Funnen april 28., 2018.

<https://www.slowfood.com/about-us/>.

Smp.no. 2018. «Herøy kommune vil bygge ut for Marine Harvest.» *Sunnmørsposten*. 16. april. Funnen mai 1. , 2018. <http://www.smp.no/naeringsliv/2018/04/16/Herøy-kommune-vil-bygge-ut-for-Marine-Harvest-16492139.ece>.

—. 2018. «Marine Harvest bemannar ned i Herøy .» *Sunnmørsposten*. 26. mars. Funnen mai 1. , 2018. <http://www.smp.no/naeringsliv/2018/03/26/Marine-Harvest-bemannar-ned-i-Herøy-16362227.ece>.

Spelhandboka.no. u.d. «Spel - hva er det?» *Spelhandboka*. Funnen mai 18. , 2018.

Spiro, Josefina. 2018. «Historia bak Nesgjerdstova.» *Vestlandsnytt* . Fosnavåg : Polarismedia, 27. april.

Sporsheim, Thomas Teige. 2018. «- Havets bacon.» *Herøy kommune*. april 6. Funnen mai 1., 2018. <https://www.heroy.kommune.no/nyhende/havets-bacon.22434.aspx>.

Stang, Leif. 2011. «Rundeskatten tilbake til Runde.» *Dagbladet.no*. 6. januar. Funnen april 22., 2018. <https://www.dagbladet.no/nyheter/rundeskatten-tilbake-til-runde/64387009>.

- Starheim, Ottar. 2012. «Rolf Losnegård.» *Allkunne- levande leksikon*. 28. august. Funnen april 17., 2018. <https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/kommunar-i-sogn-og-fjordane/askvoll/rolf-losnegard/1894/81177/>.
- Statistisk sentralbyrå. 2018. «14 prosent av befolkningen er innvandrere.» *Statistisk sentralbyrå*. 5. mars. Funnen mars 30., 2018. <https://www.ssb.no/befolking/artikler-og-publikasjoner/14-prosent-av-befolkningen-er-innvandrere>.
- Stensvold , Tore. 2017. «Norge har fått sitt første bølgekraftverk som leverer strøm til kraftnettet. Slik virker det.» *Teknisk Ukeblad*. 13. juni. Funnen april 22. , 2018. <https://www.tu.no/artikler/norge-har-fatt-sitt-forste-bolgekraftverk-som-leverer-strom-til-kraftnettet-slik-virker-det/395569>.
- Stevik, Tor Kristian, intervju av Kathrine Bøe Hungnes. 2018. *Bazeat* (18. mai).
- Stifitnga Herøyspelet . 2014. «Herøyspelet Kongen Ring .» *Herøyspelet.no*. Funnen april 17. , 2018. <http://www.heroyspelet.no>.
- Stiftinga Herøyspelet. 2018. «Førehandssal av biletta.» *Herøyspelet Kongens ring*. 4. mars. Funnen mai 20. , 2018. <http://www.heroyspelet.no/?m=201803>.
- Stiftinga Sunnmøre Museum . u.d. «Kvalsundskipet.» *Stiftinga Sunnmøre Museum* . Funnen mai 3. , 2018. <http://www.sunnmore.museum.no/musea/sunnmoere-museum/baatar/kvalsundskipet/>.
- Store norske leksikon. 2009. «Hakking.» *Store norske leksikon*. 14. februar. Funnen mai 6. , 2018. <https://snl.no/hakking>.
- Strand, Sverdrup Sindre. 2014. «Hotell, konserthus og simulatorsenter i Fosnavåg.» *Byggeindustrien. Bygg.no*. 16. oktober. Funnen april 22., 2018. <http://www.bygg.no/article/1211712>.
- Stranden, Anne Lise. 2016. «Norge bør tilby flere og bedre pakkereiser.» *Forskning.no*. 5. april. Funnen april 22. , 2018. <https://forskning.no/turisme-forbruk-naeringsliv-bedriftsokonomi/2016/03/dette-kan-fa-flere-utenlandske-turister-til>.
- Strøm, Hans. 1957. *Beskrivelse over Søndmør II*. Oslo: Børjums Forlag.
- Stugu, Ola Svein . 2013. *Historie i bruk*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Stugu, Ola Svein. u.d. «Lokalhistoria og den nasjonale identiteten.» *academia.edu*. Funnen mai 12., 2018.

[http://www.academia.edu/6293595/Lokalhistoria\\_og\\_den\\_nasjonale\\_identiteten](http://www.academia.edu/6293595/Lokalhistoria_og_den_nasjonale_identiteten).

Sunnmørsbadet. u.d. «Sunnmørsbadet.» *Sunnmørsbadet Fosnavåg*. Funnen april 22. , 2018.  
<http://www.sunnmorsbadet.no/sunnmorsbadet-fosnavag/>.

Sunnmørsjekta «Anna Olava». 2016. *Facebook*. 14. september. Funnen mai 1., 2018.  
<https://www.facebook.com/sunnmorsjektaannaolava/>.

Sunnmørsposten. 2013. «Aasen-feiring i Herøy.» *Sunnmørsposten* . 7. september. Funnen april 25., 2018. <http://www.smp.no/nyheter/ytre/article8237561.ece>.

Sunnmørsposten/NTB. 2018. «Havila får kontrakt på kystruta Bergen-Kirkenes.»

*Sunnmørsposten.no*. 23. mars. Funnen april 22. , 2018.

<http://www.smp.no/nyheter/2018/03/23/Havila-får-kontrakt-på-kystruta-Bergen-Kirkenes-16343977.ece>.

Sveen , Karen Brodshaug. 2017. «Bunaden er ikke så norsk som du kanskje tror.» *NRK*. 17. mai. Funnen mai 6. , 2018. <https://www.nrk.no/kultur/xl/bunaden-er-ikke-sa-norsk-som-du-kanskje-tror-1.13519267>.

Talos, Peter, NTB. 2016. «Norske pensjonister i utlandet fikk milliarder fra Nav.»  
*Adressa.no*. 19. oktober. Funnen april 20. , 2018.

<https://www.adressa.no/nyheter/okonomi/2016/04/14/Norske-pensjonister-i-utlandet-fikk-milliarder-fra-Nav-12599482.ece>.

Teige, Alette , og Svein Olav Hatlen. 2013. «Ida Johanne Teige – 106 år og eldst i Herøy.»  
*Folk og Fortid. Tidsskrift for Herøy Sogelag 2013*, 14-21.

Thoresen, Magdalene. 1899. *Billeder fra Vestkysten af Norge*. København: Gyldendalske Boghandels Forlag (F. Hegel & Søn).

Thorsnæs, Geir. 2018. «Norges befolkning.» *Store norske leksikon*. 12. mars. Funnen mars 30., 2018. [https://snl.no/Norges\\_befolkning](https://snl.no/Norges_befolkning).

Tomasgard, Anne-Mari. 2017. «God start for Skotholmen.» *Sunnmørsposten.no*. 25. januar.  
Funnen april 23. , 2018. <http://www.smp.no/nyheter/soere/2017/01/25/God-start-for-Skotholmen-14110685.ece>.

Ulstein. u.d. «Innovations.» *Ulstein*. Funnen mai 3., 2018. <https://ulstein.com/innovations/x-bow>.

Utdanningsdirektoratet. u.d. «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02) Formål.» *Utdanningsdirektoratet. Læreplanar*. Funnen mai 13., 2018. <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Formaal>.

—. u.d. «Læreplan i norsk (NOR1-05) Formål .» *Utdanningsdirektoratet. Læreplanar*. Funnen mai 13., 2018. <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05/Hele/Formaal>.

—. u.d. «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03) Føremål.» *Utdanningsdirektoratet. Læreplanar*. Funnen mai 13., 2018. <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Formaal>.

Utlendingsdirektoratet. u.d. «Tvangsekteskap og barneekteskap.» *UDI*. Funnen april 20. , 2018. <https://www.udi.no/ord-og-begreper/tvangsekteskap/#link-10294>.

Utne, Olve. 2018. «Kleppfisk.» *Lokalhistoriewiki*. 8. mars. Funnen mai 13. , 2018. <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Kleppfisk>.

VG/NTB. 1998. «Herøy kirke brant ned til grunnen.» *vg.no*. 26. desember. Funnen april 25., 2018. <https://www.vg.no/nyheter/innenriks/i/WLO5z2/heroey-kirke-brant-ned-til-grunnen>.

u.d. *Vogelinsel Runde*. Funnen april 22., 2018. [http://www.insel-runde.de/hp\\_runde/index1.htm](http://www.insel-runde.de/hp_runde/index1.htm).

Øvrelid, Iselin. 2017. «Anna Olava» vart flytta.» *Herøy kommune*. 1. februar. Funnen mai 1., 2018. <https://www.hroy.kommune.no/nyhende/anna-olava-vart-flytta.19997.aspx>.

## Vedlegg

### Vedlegg 1.

Her er oversikta i vedlegg.

2012 var første året med B-turar, ser at Herøy Gard ikkje var med første året. Frå og med 2013 har Herøy Gard vore med som turmål.

Lykke til med oppgåva!

Helsing

**Lene Utseth**

Servicevert/konsulent

Servicetorget

Tlf. 70081300 Mob. 46812890

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)



### HERØY 10 PÅ TOPP 2017

Gratulerer med vel gjennomført "Herøy 10 på topp" i 2017. Du er ein av 442 deltagarar som fullførte i år. Flott innsats!

Her er oversikta over prosjektet gjennom 16 år:

ÅR	SAL KORT	FULL- FØRT	BRONSE 1-3 ÅR	SØLV 4-6 ÅR	GULL 7-9 ÅR	POKAL	BRONSE NY 11-13	SØLV NY 14-16	BORN
2002	344	186	186						
2003	453	259	259						
2004	464	284	284						51
2005	581	318	204	114					87
2006	512	304	169	138					84
2007	739	372	176	198					115
2008	605	350	152	113	82				94
2009	653	356	152	96	108				106
2010	713	357	136	95	126				98
2011	800	405	172	85	80	68			110
2012	768	380	155	78	75	24	43		100
2013	766	397	177	69	66	27	57		105
2014	708	380	157	75	62	18	68		106
2015	752	436	185	87	64	19	50	31	94
2016	932	505	256	90	48	21	41	49	134
2017	770	442	214	65	45	19	41	58	119

## Vedlegg 2.

Hei,

Då var eg på plass igjen.

Vi starta med lesestundene på Herøy Gard sommaren 2015 i samband med at Barneboktua, utandørs sommarbibliotek, blei etablert. Sidan det har vi hatt lesestunder der kvar veke frå slutten av juni til starten av august i 2016 og 2017, ca 6-8 lesestunder kvart år. Frammøtet har vore variabelt, alt etter ver og vind, men aukande. Grunna ferieavvikling er dette med statistikk blitt slurva med. Basert på tilbakemeldingar har frammøtet variert frå 5-6 born til 35. Vi har nyttat leseombod og oss sjølve. Veit ikkje om du kan nytte denne informasjonen, men ta kontakt om du vil vite meir.

Lukke til!

Helsing

Kristin F. Husøy

Bibliotekleiar

Herøy folkebibliotek

Tlf. 70081300 Mob. 94885672

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

## Vedlegg 3.

### Mail fra Stiftinga Sunnmøre museum

Hei,

Her er besøkstala for i fjor:

Antall enkeltbesøk voksne	2833
Enkeltbesøk barn og unge	890
<b>Totalt</b>	<b>3723</b>
Antall besøk av personer i grupper, voksne	181
Besøk i grupper, barn og unge	1105
<b>Totalt</b>	<b>1286</b>
<b>Besøk totalt</b>	<b>5009</b>
Av disse antall betalende	2968

Venleg helsing

Cecilie Rørstad

Tlf. 70 07 78 54

Stiftinga Sunnmøre Museum

[www.sunnmore.museum.no](http://www.sunnmore.museum.no)

Stiftinga Sunnmøre Museum er den største kulturbedrifta mellom Bergen og Trondheim. Stiftinga omfattar Sunnmøre Museum, Aalesunds Museum, Godøy Kystmuseum, Herøy Kystmuseum, Volda Bygdetun, Sivert Aarflot-museet, Brudavolltunet, Norsk Møbelfaglig Senter, Sykkylven Naturhistoriske Museum, Ytste Skotet, Dalsfjord Fyrmuseum og Landbruksmuseet for Møre og Romsdal.

## **Vedlegg 4.**

### **Mail fra kommunikasjonrådgjevar ved Runde Miljøsenter.**

Hei Kathrine!

Takk for sist!

Eg kan seie med ein gang at tala for senteret ligg på om lag 3500 betalte billetter per år. Men talet besökande som er innom er mykje høgare. Ikkje alle kjøper billett til utstillingane, men tek seg ein kaffi/middag her hjå oss i sommarsesongen.

For forskingsstasjonen er tala meir usikre. Vi talfestar ikkje besök som er innom forskarane våre. Men ein kan tru at det ligg på over 200 menneske frå heile verda som er innom ila eitt år. Berre i år har vi hatt besök frå Tyskland, Belgia, Nederland, Frankrike, Danmark, Skottland, England og frå heile Noreg. Mykje frå Europa som du kan sjå. Dette er menneske som er med på EU-prosjekt eller som studerer eit fagfelt innanfor hav eller fugl.

Men eg vil nok tru at vi er ein av dei som treffer både dei som kjem hit som vanlege turistar og dei med høg utdanning som kjem hit for å dele kunnskap.

Helsing/ Best regards

**Charlotte Hauge**

Kommunikasjonsrådgivar / Communication advisor

Tel: +47 98107206 | E-post: [charlotte@rundecentre.no](mailto:charlotte@rundecentre.no)

Runde Miljøsenter AS

Rundavegen 237

6096 Runde

[www.rundecentre.no](http://www.rundecentre.no)